

# **Årsrapport 2012**

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 11
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 17
Kongehuset	Side 17
Miljøverndepartementet	Side 17
Landbruks- og matdepartementet	Side 25
Kunnskapsdepartementet	Side 35
Statens Helsetilsyn	Side 56
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 60
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 65
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 70
Arbeidsdepartementet	Side 73
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 76
Samferdselsdepartementet	Side 91
Utenriksdepartementet	Side 92
Kulturdepartementet	Side 92
Fomyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 92
Andre	Side 98
Endringer i årsrapporten	Side 99

Embete:

## Sektortenkning utfordrar samhandlinga

Samvirke skal vere eit styrande prinsipp for alt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, seier den siste stortingsmeldinga om samfunnstryggleik. Samvirkeprinsippet stiller krav til god samhandling og samordning mellom ulike verksemdar, både når det gjeld førebygging og krisehandtering.

Difor er det med undring og uro vi no registrerer at det går føre seg sektorvise prosessar som kan gje ei bit-for-bit-sentralisering av beredskapen i Noreg. DSB har gjort vedtak om å flytte alarmsentralen i Sogn og Fjordane frå Florø til Bergen. Varselet vart sendt med kortast mogleg høyringsfrist til eigarkommunane. Samstundes arbeider eit regjeringsoppnemnt utval fram mot juni med å vurdere organiseringa av politiet. I media vert det frå Politidirektoratet og DSB halde fram at denne prosessen kan gje færre politidistrikt. Frå begge hald vert 22. juli-kommisjonen si påpeiking av dårleg bemanna operasjonssentralar nytta som grunngeving for dei varsla endringane.

Ifølgje 22. juli-kommisjonen var manglande koordinering og samhandling ei av årsakene til at mykje svikta.: «Etter kommisjonens mening handler disse lærdommene i større grad om ledelse, samhandling, kultur og holdninger – enn mangel på ressurser, behov for ny lovgivning, organisering eller store verdivalg» (NOU 2012:14, kap 1).

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er ein av dei få sentralane i landet som er samlokalisert med politiet, noko som gir gode føresetnader for informasjonsflyt og samarbeid på tvers. Denne samhandlinga synte seg å vere svært viktig under Dagmar sine herjingar i romjula 2011. Tverrgående samhandling og handlekraft prega òg samarbeidet i fylkesberedskapsrådet og i kommunane desse dagane. God samhandling føreset nær kontakt, kjennskap til kvarandre og tillit. Tillit tek tid å byggje, og må haldast ved like over tid.

Det Sogn og Fjordane manglar av store fagmiljø i den enkelte verksemda, tek vi att ved å utvikle robuste kompetansemiljø på tvers. Vi kan t.d. nemne IT-forum Sogn og Fjordane, Forum for skule- og barnehageutvikling, samarbeidet mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen og KS om fornying i kommunesektoren, og læringsnettverket for helseberedskap mellom Helse Førde, fleire avdelingar hjå Fylkesmannen og ei rekkje kommunar.

Ei sektorstyrt sentralisering vil gjere det vanskelegare å samhandle på tvers i fylket. Eg trur ikkje større einingar nødvendigvis gir meir handlekraft eller betre tenester og meir tryggleik for innbyggjarane. Kvardagsberedskapen vert utført der folk er, ikkje i sentrale styringsorgan. Oppdragsgjevarane våre har dei siste åra gitt fylkesmennene stadig fleire oppgåver på beredskaps- og samfunnstryggleiksområdet. Det er òg store forventningar til at kommunane skal styrke beredskapsarbeidet sitt. DSB fekk ei styrking på 45 mill. kroner i årets statsbudsjett, og opprettar no rekkje nye stillingar. Fylkesmenn og kommunar må handtere nye beredskapskrav og -forventningar utan at det følgjer ressursar med.

Rapporten frå 22. juli-kommisjon har utløyst ein debatt om forvaltningspolitikken. Er vi vortne for opptekne av å måle det som kan kvantifiserast? Er resultat- og rapporteringskrava for omfattande, evnar vi å skilje mellom stort og smått? Fører mykje kontroll til frykt for å gjere feil, og dermed til handlingslamming? Det er positivt at FAD og KRD saman vil sjå på statleg styring, kommunal handlefridom og direktorata si rolle. Det er viktig at ei slik utgreiing munnar ut i endringar. Eg meiner det er behov for meir tillit, ressursar og handlefridom for dei som gjer jobben der folk er.

Leikanger, 27.02.2013

Anne Karin Hamre

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

### Heilskapleg og strategisk leiing

Vi har i 2012 lagt vekt på å auke kunnskap om roller og ansvar i heile organisasjonen, og å bruke risikovurderingar som eit styringsverktøy.

Mellom anna har vi i alle avdelingar drøfta rapporten «Fylkesmannsrollen – utvikling og utfordringar», først og fremst for å bli meir medvitne om dei ulike rollene til fylkesmennene.

Vidare nytta vi personalsamling og fellesmøte våren 2012 til å drøfte og endre visjonen og verdiane våre.

Visjonen vår er at Fylkesmannen er ein ressurs til beste for folk, samfunn og livsgrunnlag.

Verdiane er:

- Ansvar – vi er alle fylkesmenn og har eit ansvar for heile embetet
- Likeverd – vi møter alle med respekt
- Lojalitet – vi står saman om å realisere fastsette mål. Vi argumenterer tydeleg før avgjerd og støttar opp om vedtak
- Openheit - vi kommuniserer aktivt mot omverda og er tilgjengelege
- Samhandling – vi lærer av erfaring og er opne for å arbeide på nye måtar

I tillegg har i sterkare grad teke i bruk verktøy for risikostyring. Vi har grundig risikovurdert strategiplanen vår, og fann ut at vi jamt over har liten risiko for at vi ikkje når måla våre.

### Kommunikasjon, rettleiing og folkeopplysing

Ei av dei viktigaste oppgåvene til Fylkesmannen er å formidle styringssignal frå staten til kommunane, og å drive folkeopplysning. Vi held mellom anna fagsamlingar for kommunetilsette med opplæring innanfor til dømes plan og bygg, helse og sosial, utdanning og beredskap.

Ei ny satsing er at vi etter mønster frå Rogaland har innført «læringstilsyn» med kommunar på utdannings- og helse- og sosialområdet. Det medfører at medan vi utfører systemrevisjon med den utvalde tilsynskommunen, utfører nabokommunane «eigentilsyn». Til slutt går vi gjennom erfaringane saman med alle kommunane og peikar på kva som må forbetrast. På denne måten klarar vi å femne om fleire kommunar, samstundes som kommunane betre forstår målsetjingane for tilsynet når dei sjølve set seg i rolla som tilsynsorgan. Målet er å få meir varig læring ut av tilsyna. Så langt har vi fått svært god respons frå kommunane på metoden.

I tillegg har vi som ledd i satsinga vår på samhandling og læring, teke initiativ til å opprette nettverk på område vi meiner det er særleg viktig med erfaringsutveksling, til dømes helseberedskap, helse, folkehelse og omsorg, kommunal planlegging, landbruk- og miljøforvaltning og økonomi.

Ved jamlege kommunemøte har vi teke eit anna grep, som går ut på at vi møter tre til fire kommunar saman. Slik kan vi møte kommunane oftare, og samstundes får både Fylkesmannen og kommunane høve til å sjå utfordringar i eit større perspektiv. Så langt har vi gode erfaringar frå møta med fleire kommunar saman, særleg der både formannskapsmedlemmer og tenesteleiarar deltek saman med rådmann og ordførar. Ved særskilte behov møter vi sjølvstøtt kommunane kvar for seg.

Sidan 2009 har vi publisert fylkesmannsbloggen der vi tek opp aktuelle tema. I 2012 har vi skrive om beredskap, folkehelse, nytt miljødirektorat, nynorsk, økologisk frukt og bær, dataangrep, lokalisering av statlege arbeidsplassar, natur, i tillegg til at vi har omtala spesielle satsingar som Sjumilssteget, stat og næring og læringstilsyn. I oktober, då kommunane jobba med å vedta økonomiplanar, sette ein blogg om kommuneøkonomi verkeleg dagsorden for mediebialet i fylket. I 2012 hadde bloggen i gjennomsnitt 3500 treff kvar månad, og talet på treff har vore aukande.

350-årsjubileet til fylkesmennene vart markert med ein kronikkserie. Vi fekk inn åtte kronikkar i avisene i fylket. Kronikkane fekk gode tilbakemeldingar, og vi ønskjer å halde fram med fleire kronikkar i 2013.

Alle tilsette har i 2012 gjennomført eit todagarskurs i kommunikasjon og rettleiing.

## Beredskap og Dagmar

Mange husstandar i fylket gjekk inn i 2012 utan straum etter at ekstremvêret Dagmar herja andre og tredje juledag 2011. Mykje av året vart prega av Dagmar, mellom anna på grunn av ein omfattande evalueringsprosess. I januar var vi vertskap då representantar for dei mest råka kommunane i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane orienterte statsministeren om følgjene. Dagen etter samla vi kommunane i fylket, saman med mellom anna Vegvesenet, NVE, politiet, Sogn og Fjordane Energi, Helse Førde, Sivilforsvaret, NRK og Telenor, for å dele erfaringar og identifisere svake punkt. Vi skreiv ein nokså omfattande evalueringsrapport, og følgde opp med evaluering i fylkesberedskapsrådet seinare på våren. Vi har tildelt kommunane skjønsmidlar øyremerkte til samfunnstryggleikstiltak, og peikte på at til dømes kjøp av satellittelefon var eit aktuelt tiltak.

Både fylkesmannen og beredskapssjefen har delt erfaringar frå Dagmar på ei rekkje landsfemnande møte, seminar og samlingar. Den aktive bruken av fylkesberedskapsrådet har vore eit viktig tema. Alt i alt meiner vi at krisehandteringa fungerte godt under Dagmar, både hjå kommunar, statlege etatar og private aktørar. Likevel viste hendinga at mykje kan verte betre.

Nokre av områda som vi meiner bør få særskilt merksemd framover, er krav til naudstraum for basestasjonar og sentralar, både for det kommersielle telenettet og for naudnett. På same måte meiner vi at det må stillast tydelege krav til rydding av skog rundt leidningar for straum og ekom. Elles synte Dagmar at det på nokre område var trong for avklaringar, til dømes ansvar for evakuering, krav til forsyningsberedskap for drivstoff, og ansvar for å rydde opp stormskadd skog som kan vere til fare. Berre det første er langt på veg avklara.

## Oppgåver innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har nasjonale oppgåver innanfor IKT. I IKT-seksjonen arbeider det 15 personar, med oppgåver innan drift, forvaltning og utvikling av nasjonale IKT-løysingar for fylkesmennene.

I 2012 har vi på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet laga ein portal for digitalisering av arkiva frå kommunane i pågåande verjemålssaker, slik at fylkesmennene er rusta for å ta over ansvaret når verjemålsreforma trer i kraft 1. juli 2013. Samstundes har vi på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet utvikla nye internettsider for fylkesmennene, og vi har oppgradert søknadsløysinga for fritt rettsråd. Dessutan har vi arbeidd for auka bruk av elektronisk dokumentutveksling (edu) i det offentlege, mellom anna ved dialog med fleire sentrale styresmakter. Vi meiner det er uheldig at Direktoratet for forvaltning og IKT har teke ut edu frå prioritert liste for nasjonale standardar. Vi håpar at Fornyings- og administrasjonsdepartementet går føre og tek i bruk edu.

I tråd med digitaliseringsprogrammet til regjeringa ønskjer vi å vere med på å identifisere og utvikle offentlege tenester som eignar seg for digitalisering. Målet vårt er å vere ein ressurs til beste for både sentralforvaltninga og andre fylkesmannsembete.

## Stat - næring

Etter initiativ frå Fylkesmannen vart samarbeidsprosjektet stat – næringsliv Sogn og Fjordane etablert i juni 2012. Prosjektet har som hovudmål at statlege verksemdar gjennom samhandling og raske og tilpassa tenester legg til rette for å utvikle næringslivet i fylket, til dømes å fange forskings- og utviklingsbehov frå næringslivet i fylket, eller å leggje betre til rette for arbeidsinnvandring og integrering. I første omgang deltek fem statlege etatar i prosjektet: Fylkesmannen, Nav, Høgskulen, Innovasjon Noreg og Skatt Vest, i tillegg til NHO og LO. Regionsleiarane utgjer styringsgruppa for samarbeidsprosjektet. Ein prosjektleiar i halv stilling står for den daglege drifta.

## Sakshandsaming og innsyn

I 2012 registrerte vi 13 623 inngåande journalpostar, ein svak auke frå året før. Talet på utgåande journalpostar var 9 457, ein auke på 400 frå året før.

I 2012 fekk vi dessutan 3 577 innsynskrav, ein auke på 410 frå 2012. Den store auken som kom då offentleg elektronisk postjournal vart innført i 2010, held altså fram. Ein oversikt DIFI har laga viser at vi ligg på 16. plass av totalt 105 statlege verksemdar for innsynskrav i 2012. Berre tre fylkesmenn har fleire innsynskrav enn Sogn og Fjordane. Eit overslag syner at om lag 60 prosent av innsynskrava kjem frå media, resten frå privatpersonar.

Vi merkar også at langt fleire krev innsyn i dokument som er underlagde teieplikt, slik at talet på heile eller delvise avslag på innsynskrav gjekk opp frå fire i 2010 til 100 i 2011 og 235 i 2012. Vi har fått om lag 40 klager på avslaga.

Samla medfører den store auken på innsynskrav at vi brukar meir ressursar på området utan at dette blir lagt vekt på i tildelingane.

## Sjumilssteget

Etter mønster frå Fylkesmannen i Troms starta vi i 2012 satsinga Sjumilssteget, til beste for born og unge. Sjumilssteget handlar om konkretisere artiklane i FN's barnekonvensjon, slik at dei kan brukast til å kvalitetssikre tenestene for born og unge.

## Planløftet

Satsinga *Planløftet* vart sett i gang i 2011, og vidareført i 2012. Prosjektet var ei oppfølging av ein intern gjennomgang av planfeltet, som la opp til at Fylkesmannen skal arbeide meir strategisk og førebyggjande på planfeltet, og utvikle gode samhandlingsformer med fylkeskommunen, regional stat og kommunane. Målet har vore å styrke plankompetansen og få til betre kvalitet på kommunale planar.

Prosjektet vart i 2012 avslutta som særskilt satsing. Både Fylkesmannen og kommunane har løfta plankompetansen sin slik at vi vil dra god nytte av arbeidet framover.

## Prioriteringar

Ressurstilgangen for fylkesmennene gjer, saman med kampen for å halde på kompetente medarbeidarar, at vi må prioritere strengare mellom arbeidsoppgåvene våre. Arbeidsoppgåver vi har prioritert ned dei siste åra er til dømes:

Miljøvern:

- Oppgåver som fylkeskommunen har fått eit hovudansvar for, til dømes friluftsliv, tettstadsproblematikk, kommunal planstrategi, samfunnsdelen til kommuneplanen.
- Klima. Vi opplever at oppdraga våre er uklare, samstundes som fylkeskommunen har teke tak i regional planlegging og oppfølginga av den regionale planen.
- Oppfølging av den nye forvaltningsordninga for større verneområde. Når ordninga er vel etablert, har vi berre ein minimumsinnsats på dette punktet.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Omfanget av oppgåver har auka siste åra. Til dømes har desse oppgåvene kome til eller er lagt større vekt på siste åra:

- Innføringa av kommunal beredskapsplikt. Oppgåva inneber at Fylkesmannen lærer opp og rettleiar, og driv tilsyn med oppfølging av avvik.
- Strengare krav frå DSB til oppfølging av fylkesrisikoanalyse. Oppdatert analyse vart ferdig i 2012. Det skal lagast ein strategi for oppfølging, der kvar aktør skal involverast for sitt område, med krav til årlege tilbakemeldingar til DSB.
- Det er større forventningar til at Fylkesmannen skal ha ei aktiv rolle under handteringa av uønskte hendingar og kriser. Fylkesmannen skal samordne krisehandteringa, og t.d. syte for samordna rapportering, og vidareformidling til nasjonale styresmakter. Terskelen for at nasjonale styresmakter ber om rapportar frå Fylkesmannen er senka, til dømes skal det kvar veke rapporterast til DSB om spesielle hendingar, uavhengig av om det faktisk har skjedd noko. Innføringa av CIM i embeta og kommunane har vore eit viktig framsteg, men kommunane er avhengige av at Fylkesmannen lærer opp og rettleiar.
- Justis- og beredskapsdepartementet har lagt vekt på Fylkesmannen si rolle knytt til industriverksemder med stort potensiale for risiko (særleg storulykkeverksemder).
- I tillegg har Helsedirektoratet stilt strengare krav til aktivitet på beredskapsområdet, til dømes ved svineinfluensapandemien, oskeskya, fare for streik og oppfølging etter 22. juli.

Vi trur at dette er både nødvendige og rette satsingar, men det er vanskeleg når det ikkje følgjer med ressursar.

Landbruk:

- Kontrollar på gardsbruk er prioriterte ned, og ikkje gjennomført i samsvar med plan sendt SLF.

Utdanning:

- BLD har gjeve oppdrag om å føre tilsyn med introduksjonsordninga, og forventar omdisponering av ressursar frå tilskotsforvaltning som er overført til IMDI. Vi meiner at tilsyn krev meir ressursar enn tilskotsforvaltning. Dessutan er det vanskeleg å overføre kompetanse frå tilskotsforvaltning til tilsyn.

Helse og sosial:

- Helse- og omsorgsdepartementet ber Fylkesmannen prioritere innanfor oppgåvene frå departementet slik at lovpålagde oppgåver, særleg rettane til enkeltpersonar, har førsteprioritet. I 2013 vil vi i tråd med dette ikkje drive læringsnettverk anna enn på beredskapområdet, og ikkje ha dialogmøte med kommunane om forbetningsarbeid. Helsetilsynet har også gitt klarare prioriteringsinstruks for 2013.
- Vi har av ressursomsyn ikkje gjennomført planlagt systemrevisjon ved ein privat og tre statlege barnevernsinstitusjonar, og heller ikkje tilsyn ved tre familiekontor.

### Setjefylkesmann i plan- og bygningsaker

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fast setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland i saker etter plan- og bygningslova. Dei fleste setjesakene gjeld klage over dispensasjonsvedtak. Vi fekk inn 71 setjesaker på rettsområdet i 2012, mot 152 året før. Den kraftige reduksjonen har gjort at vi har lågare restansar på området. Likevel er talet på setjesaker framleis høgt, og vi strevar med å halde fristen på tre månader for handsaming av klagesaker. Til samanlikning fekk vi inn 66 klager i byggesaker frå kommunane i vårt eige fylke, i tillegg til 17 klager på reguleringsplan.

### Videomøte

Fylkesmannen deltok i 2011 i prosjektet [Kunnskap kryssar grenser](#). Føremålet med prosjektet var å redusere CO2-utslepp gjennom auka bruk av videomøte og nettoverføringar. I 2011 gav bruk av video i 172 møte ei innsparing på 1 118 reisetimar, 340.000 kr i reisekostnader og utslepp på 16 tonn CO2.

I 2012 har vi ikkje ført like nøyaktige registreringar. Likevel veit vi at ny programvare har gjort det enklare å bruke eiga datamaskin PC til videomøte. Vi reknar difor med at bruken er minst like stor, og at vi har minst like store innsparingar. Vi har med godt utbyte brukt video til dømes ved intervju til stillingar, møte med kommunar og for å følgje konferansar.

Av omsyn til ressursbruken og miljøet håpar vi at det kan bli lettare å nytte video i eigna møte og konferansar med departement og direktorat.

### Folketalet veks, men mindre enn elles i landet

I 2012 hadde Sogn og Fjordane folkeauke for sjetten året på rad. Auken var på 499 personar, til 108 700 innbyggjarar. Den prosentvise auken var på 0,46 %, medan auken på landsbasis var 1,31 %. Målt mot andre fylke hadde Sogn og Fjordane den prosentvis nest lågaste auken. Innvandring frå utlandet (1253 personar) og fødselsoverskot (156 personar) er hovudårsakene til auken. Innanlands var det ei netto utflytting frå fylket med 917 personar.

Av dei 26 kommunane var det 16 som hadde vekst i folketalet i 2012. Gaular (+75 innbyggjarar, 2,63 %), Førde (+252, 2,05 %) og Sogndal (+129, 1,76 %) hadde prosentvis høgast vekst, og Selje (-42, -1,48 %), Lærdal (-29, -1,32 %) og Solund (-9, -1,06 %) hadde størst nedgang.

### Syssetting og næringsliv

Sogn og Fjordane hadde, saman med Rogaland, lågast arbeidsløyse i landet i 2012. Fylket hadde i gjennomsnitt 1,8 prosent av arbeidsstyrken registrert som heilt utan arbeid, mot 2,5 prosent på landsbasis. I tillegg var 0,3 prosent av arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane på arbeidsmarknadstiltak, mot 0,6 prosent på landsnivå.

Talet på sysselsette i Sogn og Fjordane har i 2012 gått ned frå om lag 57 000 personar til 55 000 personar. Fylket hadde ved årsskiftet ein sysselsettingsprosent på 69,7 i aldersgruppa 15 til 74 år, ein nedgang frå 73,1 ved førre årsskifte.

Verksemdene i Sogn og Fjordane har von om vekst i sysselsettinga for 2012, men den økonomiske uroa i Europa gjer at forventningane er dempa. Mange verksemdar har vanskar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. Mangelen er størst på fagarbeidarar og høgt utdanna teknisk personell.

### Kommuneøkonomi

Ved utgangen av 2012 var framleis tre av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret, Flora, Vik og Bremanger.

I statsbudsjettet for 2012 vart det i gjennomsnitt for kommunane lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på 1,0 %, likt med landsgjennomsnittet. Kommunane fekk meir skatteinntekter enn budsjettet, men utviklinga for fylket var noko lågare enn for landet. I sum får kommunane i fylket meir i frie inntekter enn det som opphavg var budsjettet. Førebelse tal for utgiftsveksten ligg på nivå med det som var lagt til grunn i statsbudsjettet. Langsiktig gjeld målt mot inntektene ligg over landsgjennomsnittet. Lågt rentenivå har bidrege positivt til kommuneøkonomien. Kommunane som har plasseringar i verdipapirmarknaden, kan bokføre ein verdiauke i drifta for 2012.

## Utdanningssektoren

Elevane i Sogn og Fjordane ligg også i år i landstoppen målt ut frå nasjonale prøvar, standpunkt- og eksamenskarakterar og grunnskulepoeng. Berre Oslo og Akershus ligg jamt over høgare. Vanlegvis vert gode resultat hjå elevar forklart med høgt utdanningsnivå hjå foreldra. For Sogn og Fjordane slår ikkje dette til.

For å finne ut kvifor elevane frå fylket gjer det så godt har Høgskulen i Sogn og Fjordane fått tildelt midlar frå Forskringsrådet til eit omfattande forskingsprosjekt der tilhøva skal samanliknast med tre andre fylke, Nord-Trøndelag, Oppland og Aust-Agder. Forskringsprosjektet skal gå over tre-fire år.

Eit anna spanande forskingsprosjekt er at Høgskulen i Sogn og Fjordane, saman med nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar, skal undersøkje kva verknad fysisk aktivitet i skulen har på læringa til elevane. Så langt gjev erfaringane frå Trudvang skule i Sogndal indikasjonar på at 60 minutt dagleg fysisk aktivitet fører til auka læringsutbyte, betre trivsel og sosiale relasjonar mellom elevane, og høgare aktivitetsnivå på fritida. Forskringsprosjektet skal halde fram til 2015 med om lag 60 skular i alle dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane.

Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane var det per 1. oktober 2012 i alt 3 831 studentar, ein auke på fem prosent frå året før. Høgskulen tilbyr undervisning i Sogndal, i Førde og på Sandane. I Sogndal er området rundt Fosshaugane Campus bygd ut for i alt 1,2 mrd kroner dei siste ti åra, til føremål høgskule, vidaregåande skule, fotballstadion og kontorplassar for mellom anna Vestlandsforskning, Distriktssenteret, NRK og ymse næringsverksemd. Tilstrøyminga av studentar tyder på at dei gode fasilitetane gjer det attraktivt å studere der.

## 1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

### Økonomiske forhold i 2012

Embetet har eit underskot på kr 261.320. Samtidig har vi fakturert andre verksemdar for om lag same summen, slik at økonomien i embetet i praksis balanserte ved nyttår. På kap.post 1510.01 ser det ut som at det er eit større overskot, men dette kjem av overskotet på Portalprosjektet som også har vorte tildelt på denne kap.post. Midlane til Portalprosjektet vert disponerte av FAD.

Vi har også ein del IKT-prosjekt for andre statlege verksemdar som går over fleire år. Pr. 31.12.12 var saldoen på desse prosjekta kr 2.367.444. Dette er ein nedgang frå 2011 på kr 936.555.

Vi gjennomførte ein gjennomgang av tilskotsforvaltninga vår i 2012 og fann at reglane i stor grad vert følgde. Likevel kan vi arbeide meir med rapportering på bruken av midlar.

Vi er positive til rammeoverføring av midlar frå fagdepartementa på faste oppgåver. Det er viktig at overføringa er i tråd med finansieringsordninga for Fylkesmannen med tilhøyrande retningslinjer.

Økonomien i embetet har vorte strammare, og vi må i 2013 setje i verk innsparingstiltak og ha endå betre budsjettstyring.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Miljøverndepartementet	kr 7 759 891,46	kr 3 769 423,37
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 863 580,85	kr 16 590,00
Kunnskapsdepartementet	kr 5 008 211,20	kr 1 089 133,02
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 1 716 619,80	kr 0,00
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 2 320 568,33	kr 1 248 342,86
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 2 846 443,51	kr 0,00



Arbeidsdepartementet	kr 388 943,11	kr 894 984,98
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 6 535 113,52	kr 3 151 144,11
Andre	kr 36 157 776,34	kr 0,00
Sum:	kr 73 597 148,00	kr 10 169 618,00

## 1.3 Andre forhold

### Informasjonstryggleik

Embetet sin strategi for informasjonstryggleik vart revidert i august 2012. I tillegg gjennomfører vi årlege risikovurderingar på IKT-området med konkrete oppfølgingstiltak. Vi meiner at vi har god informasjonstryggleik, og meiner at brukarane representerer den største risikoen. Vi legg vekt på å informere brukarane godt og har i år markert den internasjonale tryggleiksmånaden mellom anna med eit foredrag for alle tilsette om IT-tryggleik. Alle tilsette deltok og i eit e-læringsprogram som la vekt på vanlege tryggleiksrisikoar og moglege tiltak. Sjølv om vi legg vekt på god informasjon til brukarane, kan det likevel oppstå uønskte hendingar. Vi viser og til rapport sendt FAD i oktober 2012 om IKT-tryggleik.

### Rekruttering og kritisk kompetanse

Vi har framleis nokre rekrutteringsutfordringar og har i 2013 hatt problem med å rekruttere innan ureining og IKT.

Totalt arbeider det i overkant av 120 tilsette hos oss. I 2012 slutta 14 personar og dette fører sjølvsagt til ein del kostnader og meirarbeid med utlysing og tilsetjingar, og ikkje minst opplæring.

### Innkjøp og miljøeiing

Vi har eigen innkjøpskoordinator i embetet og er framleis medlem av innkjøpssamarbeidet til Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFI). I 2012 gjennomførte vi fleire anbuds konkurransar der vi hadde god nytte av innkjøpskompetansen hos SFFI. Kjøpa våre vert dokumenterte på med innkjøpsprotokollar som vert journalførte.

Prosjektet "Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp" vart avslutta i 2011 og vert difor ikkje rapportert særskilt på i 2012.

### Miljøtiltak

Vi vart resertifisert som Miljøfyrtårnverksemd i 2012. Pendlarbussen mellom Luster, Sogndal og Leikanger som vart starta 1. mai 2012, er framleis i drift og får stadig fleire brukarar.

### Lærlingar

Vi har frå hausten 2012 hatt ein læring på IKT-drift. Vi vurderer ikkje andre lærefag som aktuelle.

### Inkluderande arbeidsliv

Sjukefråværet ved embetet var 4,91 % i 2012. Dette var ein nedgang frå 6,1 % i 2011. Vi har avtale om bedriftshelseteneste og brukar denne aktivt, både ved forebygging og i oppfølging av sjukemelde.

Vi har mål om å opne for arbeidspraksis og utprøving av arbeidsevne for to til tre personar kvart år. I 2012 nådde vi dette målet.

Vi har i 2012 gjennomført samlingar med tema som trivsel og meistring for å forebyggje typiske kontorplager som muskel- og skjelettproblem.

Vi har delteke på ulike samlingar der delmål 2 i IA-avtalen vart vektlagd. Hovudforemålet med samlingane var å auke kompetansen vår innan dette temaet.

Vi viser elles til rapportering på punkt 98.1 og 98.4.

### Klarspråk

Som ein del av støtteordninga til prosjektet "Klart språk i staten" fekk vi tildelt fem dagsverk med rådgjeving frå

Språkrådet. Dagsverka vart nytta til gjennomgang av fråsegner til kommunale planar. Språkrådet melder tilbake at standarden på språket er godt over det ein elles ser i statleg forvaltning. Vi fekk likevel mange gode innspel som vi tek til oss. Vi fekk også fått støtte frå Difi til å arrangere språkkurs. NTB heldt eit godt kurs for oss.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Vi har i 2012 lagt vekt på å samordne fagområde og oppgaver der dette har vore naudsynt. Vi har følgd opp embetsprosjektet *Samhandling og læring – Fylkesmannen og kommunane* frå 2011 gjennom opplæring av folkevalde og omlegging av kommunemøta til samtidig møte med fleire kommunar. Det vart gjennomført tre slike møte i 2012. Planen er at det i løpet av ein valperiode skal vere to møte for kvar kommunegruppe. Embetsprosjektet *Planløftet* som starta opp i 2011 vart fullført i 2012. I oppfølginga av prosjektet skal embetet halde fram med satsinga med å gjere kommunane betre på overordna planlegging. Av positive resultat kan vi trekkje fram vellukka plansamlingar for kommunane og tett samarbeid med fylkeskommunen. Vi er også på god veg til å inkludere helse- og oppvekstområdet i planarbeidet hjå oss. I 2012 oppretta vi ei tverrfagleg intern gruppe for samordning av informasjon og felles tiltak i samhandlinga med kommunane.

I tillegg til felles kommunemøte har vi også andre møte der målet er å samordne innsatsen mellom ulike fagområde:

- seks felles leiarmøte med fylkesordførar og fylkesrådmann
- to kontaktmøte med leiinga og sekretariatet i KS
- møte med leiinga i Nav om planlegging av kompetansetiltak og leiarsamlingar for Nav-kontora
- deltaking på leiarsamlingane i Nav
- årleg møte med UDI, IMDI, Nav og KS for å drøfte arbeid knytt til innvandrarak, flyktingar og asylsøkjarak.

Fornyning og omstilling er eit prioritert område. Det vart løyvd skjønnsmidlar til 16 fornyingsprosjekt i 2012. Dei fleste prosjekta er samarbeid mellom fleire kommunar eller prosjekt der alle kommunane i fylket deltek. Vi har informert om prosjekt som er finansierte med skjønnsmidlar, i møteplassar med kommunane og på nettsida vår.

Arbeidet med revisjonen av risiko- og sårbarheitsanalysen for Sogn og Fjordane (fylkesROS) vart slutført i 2012. Hovudmålet for arbeidet har vore å etablere eit felles, tverretatleg bilde av utfordringane i fylket. Mange av fagetatane i fylkesberedskapsrådet har bidrege med innspel til analysen. Analysen og oppfølginga av den har vore drøfta i rådet ved fleire høve. I oktober deltok vi på ei større regional øving i regi av NVE. Scenarioet la vekt på svikt i kritisk infrastruktur. Dei fleste etatane i fylkesberedskapsrådet deltok, og rådet vart brukt fleire gonger under øvinga. Dette bidrog til å vedlikehalde og utvikle evna til å samhandle i krisesituasjonar. Erfaringar frå øvinga vart sett på saklista for fylkesberedskapsrådet sitt møte i januar 2013. I arealplansaker har Fylkesmannen ei brei grenseflate mot NVE i spørsmål om utbygging i fareområde (skred og flaum). Vi har god dialog med NVE, og har jamleg kontakt for å avklare korleis vi kvar for oss og i fellesskap arbeider med denne problemstillinga.

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representerte. Føremålet med gruppa er å samordne tilsyna våre, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane, og å samordne tilsyn frå andre etatar med tilsyn frå Fylkesmannen. Vi har nytte av å utveksle erfaringar mellom avdelingar i embetet og mellom Fylkesmannen og andre tilsynsetatar utover det å samordne tilsynsaktivitet.

Kvart andre år i januar månad legg vi opp til utvida koordineringsmøte, der vi inviterer dei eksterne tilsynsetatane Mattilsynet og Arbeidstilsynet. I tillegg deltek sekretariata for kontrollutvala i kommunane. Desse har vi møte med kvart år. Tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar vert lagt ut på nettsida vår. Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunane med oversyn over tilsyn, forvaltningskontrollar, rettleiingsmøte og andre møte med kommunane. Mattilsynet og Arbeidstilsynet får kopi av brevet.

Vi har eit godt samarbeid med dei andre tilsynsetatane, men det er ei utfordrande oppgave å få til god koordinering og samordning av all tilsynsverksemd retta mot kommunane.

### 2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Vi har ambisjon om at tilsynsmetodane våre innan helse- og sosialområdet skal bidra til læring både i

kommunane og i eigen organisasjon. Målet er å få betre tenesteyting. Vi introduserte dette som læringstilsyn i 2012 og vi vil halde fram med å utprøve og evaluere denne metoden i 2013. Tema for tilsynet i 2013 blir rehabilitering i kommunane og Kvalifiseringsprogrammet.

Samhandlingsreforma vart sett i verk frå 2012. Dette er like mykje ei retningsreform for samfunnet som ei helsetenestereform, og ho skal difor femne om førebyggjande og kurativ helse, omsorg, sosiale tenester og utdanning. Ei folkehelsesatsing skal danne grunnlaget for reforma.

Dei sosiale tenestene går inn i folkehelsesatsinga mot sosial ulikskap. Vi har gitt råd og følgd opp Nav-kontor, i samsvar med nytt rundskriv om sosiale tenester i Nav.

Siste året har kommunane vist at dei er i stand til å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Dei fleste kommunane er godt i gang med å planleggje akuttplassar i lokalmedisinske senter, og to kommunar har alt etablert eit tilbod. Kommunane står fritt til å etablere løysingar som dei meiner er tenlege. Fylkesmannen har av faglege grunnar tilrådd at etableringa skjer i samarbeid med andre kommunar der det ligg til rette for det.

Vi har starta prosjektet Sjumilssteget, eit samarbeidsprosjekt med kommunane om kartlegging og forbetring av tenester for barn og unge. Vi deltek aktivt med kompetanse innan helse- og sosialområdet i prosjektgruppa.

Verjemålsreforma er organisert som prosjekt fram til 1.7.2013, deretter er reforma integrert i Fylkesmannen sitt ordinære arbeid.

Døme på sentrale oppgåver for Fylkesmannen er elles Omsorgsplan 2015, psykisk helse, innsats på rusfeltet og nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering.

Helse- og omsorgsdepartementet er kjent med at fylkesmannsembeta har hatt stor oppgåveauke innan helseområdet utan å ha fått tilført meir ressursar. Departementet ber Fylkesmannen prioritere innanfor oppgåvene, slik at lovpålagde oppgåver, særleg dei som gjeld rettane til enkeltpersonar, har førsteprioritet. Fylkesmannen skal ikkje finansiere slike oppgåver ved å overføre midlar frå ansvarsområda til andre departement. I 2013 vil vi i tråd med dette ikkje drive læringsnettverk (anna enn på beredskap), og ikkje ha dialogmøte med kommunane om forbetningsarbeid. Helsetilsynet har også gitt klarare prioriteringsinstruks for 2013.

## 2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling

Vi meiner vi i stor grad lukkast med å oppfylle sentrale politiske føringar på området. Ein av grunnane til dette er at vi har eit tett og forpliktande samarbeid med andre sentrale aktørar i fylket som har oppgåver som handlar om oppvekst og levekår for barn og unge. Vi har mange faste møtepunkt med kommunane og har lagt vekt på ein god dialog med desse og med KS. Vi har også samarbeidsorgan som inkluderer Høgskulen i fylket, NAV, fylkeskommunen, helseføretaket, fagforeiningar og frivillige organisasjonar.

I strategiplanen vår seier vi at «vi skal arbeide for at utsette barn og unge får rett til hjelp til rett tid, og særleg rette innsatsen mot ei betra samhandling mellom barnevernet og andre etatar som har ansvar for barn og unge». For å lukkast med dette har vi lansert Sjumilssteget som embetsprosjekt etter modell frå og i samarbeid med Fylkesmannen i Troms. Arbeidet vårt involverer alle avdelingane i embetet. 25 av 26 kommunar i fylket har kartlagt tenestene sine for barn og unge, og resultatet av kartlegginga vil bli presentert på ein sjumilsstegskonferanse i mars. Gjennom prosjektet som skal vare ut 2014 er målet å motivere kommunane til samarbeid mellom tenester og ulike institusjonar som arbeider med barn og unge og deira familiar. Dette vil vi gjere gjennom å tilby både faglege og økonomiske ressursar til kommunane. Vi vil lyse ut skjønnsmidlar som gir høve til å realisere forbetningsprosjekt i eit samarbeid i og mellom kommunar, og også i samarbeid med frivillige organisasjonar. Vi har ingen eigne midlar til dette prosjektet, noko som gjer at vi må nytte oss av små ressursar frå ulike prosjekt som dei ulike avdelingane har til disposisjon. Det ville vore ein styrke for eit slikt prosjekt at det var mogleg å søkje om midlar til dette frå dei ulike oppdragsdepartementa til Fylkesmannen.

I 2012 gjennomførte vi 20 individtilsyn på barnevernsinstitusjonane i fylket. Det tilsvarar 100% av det som er lovpålagd. Halvparten av tilsyna var umelde. Tilsyna vart gjennomførte på ettermiddags- og kveldstid, slik at flest mogeleg av barna og ungdomane var tilstades. Det vart i 2012 ikkje gjennomført systemrevisjonar i barnevernsinstitusjonane i vårt fylke.

Det har vore gjennomført tilsyn med tre kommunale barneverntenester i 2012. Dette er i tråd med lovkravet for landsomfattande tilsyn med kommunalt barnevern og med temaet som var initiert av Statens helsetilsyn. Resultatet av tilsyna er nærare omtala under Statens helsetilsyn i denne rapporten. Vi har og gjennomført systemrevisjon med eit senter for foreldre og barn.

Kommunane i fylket kan tilby barnehageplass til alle barn som oppfyller retten til plass, og Fylkesmannen er i dialog med kommunane om kravet til å oppretthalde tilbodet om full barnehagedekning. Fylkesmannen har ført tilsyn etter barnehageleva § 9 andre ledd med åtte kommunar. Tema for tilsynet var kommunane sitt tilsyn med barnehagane, kommunen som godkjenningsmyndigheit, kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar, organisering av styrarressursen og politiattest. Vi har faste møte med kommunane tre gonger i året der vi informerer og rettleier om regelverket. I tillegg har vi hatt konferansar for offentlege og private barnehageeigarar der vi særleg har vore opptekne av å informere om forskrifta om likeverdig behandling ved tildeling av tilskot til ikkje-offentlege barnehagar.

På utdanningsområdet er det gjennomført tilsyn i tråd med planane frå Utdanningsdirektoratet. Vi har gjennomført tilsyn på prioriterte område i tillegg til eigeninitierte tilsyn. Vi har og lagt vekt på at lovbrøt blir retta. For å styrke effekten av tilsyna og etterleving av regelverket har vi og lagt opp til ulike informasjonstiltak og opplæring. Vi har vidareført felles nasjonalt tilsyn med elevane sitt psykososiale miljø og hatt oppfølgingstilsyn.

Fylkesmannen arrangerer, saman med KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet, tre årlege møte i samarbeidsorganet "Forum for skule og barnehageutvikling" og saman med KS tre samlingar for kommuneansvarlege på skule- og barnehageområdet. Partnerskapet i forumet (KS, kommunane, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen) arrangerer fire årleg konferansar for skuleeigarar, skuleleiarar, barnehagestyrarar og for barnehageutsette med mål om auka kvalitet i barnehage og grunnopplæring.

Fylkesmannen har i ulike møte med kommunane i Sogn og Fjordane teke opp rask busetjing av flyktningar. Vi har også innleidd eit forpliktande samarbeid med KS, Fylkeskommunen og NAV for å styrke integreringa gjennom tiltak for språkopplæring, arbeid og busetjing. Fylkesmannen har gitt rettleiing til kommunane om introduksjonslova. Det har berre vore ei klagesak etter introduksjonslova i 2012. Vi har ikkje ført tilsyn med lova fordi vi ikkje var av dei embeta som deltok i pilotering av tilsynet. Fylkesmannen gjennomførte statsborgarseremoni i Førde 28.04. Invitasjon gjekk til 139 nye statsborgarar, og 54 deltok. Fylkesmannen har i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og VOX gjennomført fire to-dagarssamlingar i fylket for lærarar. Dette er ein del av eit etter- og vidareutdanningstilbod som har stor oppslutnad blant lærarar som underviser vaksne innvandrarar.

Fylkesmannen har fått eit godt oversyn over oppgåvefeltet som gjeld likestilling, kva oppgåvene fører med seg internt og eksternt, og dessutan sikra god ansvars plassering og forankring på leiarnivå i organisasjonen.

Planstrategiar og samfunnsdelen av kommuneplanar er vurderte og det er gjeve fråsegn i fleire av sakene. Vi prøver i dette arbeidet å sjå kommunane sine årsmeldingar i samanheng med planlagde tiltak på feltet.

Vi har informert om Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet sitt kommuneprogram Likestilte kommunar, og [Høyanger kommune vart plukka ut](#) til å delta som pilot i programmet.

Når det gjeld utfordringar for vårt fylke registrerer vi at 15 % av gardbrukarane som søker produksjonstilskot er kvinner, [og om lag 30 % av sysselsette i landbruket er kvinner](#). Dette er noko vi er opptekne av i eit likestillingsperspektiv. Vidare har ein stor del av arbeidskrafta i landbruket utanlandsk bakgrunn, og her ligg ei utfordring i å få fleire av desse til å slå seg ned meir permanent. Dette handlar m.a. om språk, innføring i norsk arbeidsliv og bustad.

Det er ei stor utfordring å rekruttere og halde på dei mannlege tilsette i barnehagane. Det er også ei generell utfordring å få synleggjort det pedagogiske likestillingsarbeidet i barnehagane sine planar og praksis. Fylkesmannen arbeider systematisk med dette.

Sjå elles omtale av Fylkesmannen sitt arbeid på området under resultatområde nr. 48.

## 2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Totalt gav vi i 2012 fråsegn til 641 plan- og dispensasjonssaker, mot 630 i 2011. Talet på saker ligg såleis på same høge nivået som dei siste åra. I 2012 har det spesielt vore mykje innsats med innspel til kommunale planstrategiar, arbeid med regional planstrategi og generell dialog med kommunane og fylkeskommunen. Det har

vore mindre aktivitet på kommuneplanar, men mange kommunar har ved årsskiftet 2012/2013 meldt oppstart av revisjon av arealdel og samfunnsdel til kommuneplanen.

I 2012 fremja vi motsegn mot totalt 22 planar. Motsegnene har i hovudsak hatt bakgrunn i arealbruk i konflikt med strandvern, vassdrag, biologisk mangfald og/eller manglande risiko- og sårbarheitsvurderingar (inkludert manglande vurdering av konsekvensar ved endring av klima). Ti av motsegnene vart fremja av beredskapseininga. Det var ingen plansaker som måtte sendast vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet (MD) i 2012. Ved årsskiftet 2012/2013 ligg det to motsegn saker frå Sogn og Fjordane til slutthandsaming i MD. Dette er reguleringsplanen for utvinning av rutil i Engebøfjellet der Fiskeridirektoratet har fremja motsegn, og kommunedelplan for E16 Tønjum-Ljøsne i Lærdal der Statens vegvesen har fremja motsegn.

Miljøvernavingdelinga har totalt klaga på ti dispensasjonsvedtak i 2012. Bakgrunn for klagene er konflikt med strandsonevernet, vassdragsnatur og viktige naturtypar.

Vi fekk medhald i alle sakene som vart ferdighandsama av setjefylkesmann i 2012.

Vi har slutført prosjektet "Planløftet" der vi spesielt har hatt merksemd på rettleiing og kursing av kommunane. Samarbeidet med fylkeskommunen er også vidareutvikla. Vi har i 2012 vore sekretariat for Kystsonenettverket på Vestlandet.

Dei største utfordringane innan planområdet har vore å få kommunane til å prioritere overordna planlegging framfor enkeltsaker og dispensasjonar. Vidare er det mange kommunar som slit med rekruttering og plankompetanse.

## **2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

Vi gir ei kort overordna vurdering av oppgåveutføringa, og viser elles til kapittel 3 der det står meir detaljert om alle desse tema.

Næringsutvikling og innovasjon: Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunane og ulike næringsorganisasjonar om dette arbeidet. Vårt forslag til nytt regionalt bygdeutviklingsprogram vart sendt på høyring hausten 2012 og skal etter planen vere ferdig før 1. april i år. Det regionale bygdeutviklingsprogrammet blir samtidig eit grunnlagsdokument for den nye regionale planen for verdiskaping som fylkeskommunen har starta opp.

Regional matkultur: Vi har prioritert dette området i 2012 og bygger vidare på det som er gjort tidlegare med å fremje lokal foredling og omsetnad av mat. Store arrangement som matfestivalen i Bergen og mange lokale matmarknadar har ført til auka interesse for lokal mat. Vi ser også at større matbutikkar set av eigne diskar til lokale produkt. Vi vil komande år sjå meir på samspelet mellom lokal mat og reiseliv.

Tilskotsforvaltning: Vårt generelle inntrykk er at kommunane har ei forsvarleg tilskotsforvaltning i landbruket. Men vi har hatt nokre krevjande saker, særleg om vurdering av uformelle driftsfellesskap. Vi synest også at regelverket på nokre punkt bør bli klarare slik at det blir lettare å forstå og praktisere. Dette har vi teke opp med Statens landbruksforvaltning.

Miljøprogram i landbruket: Det regionale miljøprogrammet (RMP) blir revidert som ein del av det nye bygdeutviklingsprogrammet, og blir ferdig våren 2013. Det er vårt inntrykk at RMP har bidrege til å nå hovudmålsettinga om å ta vare på det som er særmerkt ved kulturlandskapet her i fylket.

Økologisk mat: Saman med Hordaland har vi ein felles handlingsplan for økologisk landbruk. I tillegg har dei to fylka fått eit særleg ansvar for å fremje økologisk frukt og bær. Det økologiske hagebruksarealet aukar.

Skogbruk: Orkanen Dagmar i desember 2011 førte til skade på over 300 000 m<sup>3</sup> granskog, og vår innsats på skogområdet i 2012 har vore prega av dette. Vi fekk tildelt ekstra midlar til skogsvegar og driftstøtte for å kunne rydde opp og berge mest mogeleg av skogen. Så langt vi kjenner til har det vore teke ut omlag ein tredjedel av den stormskadde skogen i 2012, og noko vil også kunne bergast ut i første halvdel av 2013. Stormen har aktualisert behovet for fleire skogsvegar for å kunne drive ut skogen, og synte også at mange kommunar manglar skogfagleg kompetanse.

Inn på tunet: Det er samarbeid internt i embetet om ein handlingsplan for Inn på tunet som blir ferdig første

kvartal 2013. Embetet har også i prosjektet Sjumilssteget ei eiga satsing for barn og unge sine rettar og livsvilkår, og her deltek alle avdelingane.

Rovviltforliket: I 2012 vart det for første gong på ti år ikkje dokumentert tap av beitedyr på grunn av jerv. Erstatningsutbetalinga var såleis den lågaste på mange år: 325 000 kr. Hovudårsaka til dette er god oppfølging frå Statens naturoppsyn og det er også generelt godt samarbeid mellom beitenæringa og Fylkesmannen på området. Vi får ein del meldingar om tap av beitedyr til ørn og gaupe, og vi bør skaffe oss meir kunnskap om kor stor bestanden er av desse dyra og omfanget av beitetap.

Klimautfordringane i landbruket: I 2012 laga vi ei utgreiing om aktuelle klimatiltak i landbruket her i fylket. Det er teknisk mogeleg å etablere biogassanlegg for minst 30 % av husdyrgjødsel, men pr. i dag er ikkje dette økonomisk forsvarleg. Det kan derimot sparast ein del på rett bruk av mineralgjødsel, og veksande skog har eit stort potensial for CO<sub>2</sub>-binding. Vi har ikkje hatt kapasitet til å følgje dette opp vidare.

Naturmangfald: Vi har også i 2012 gjort ein ekstra innsats for å ivareta naturmangfaldet i fylket. Vi har gjennomført kurs i naturmangfaldlova for kommunane og andre etatar og organisasjonar.

Verneområde: Vi har arbeidd med fleire forvaltningsplanar for mindre verneområde. I 2012 vedtok vi totalt åtte forvaltningsplanar, og fleire andre er under arbeid. Vi har eit godt samarbeid med Statens naturoppsyn. Vidare følgjer vi opp den nye forvaltningsordninga for dei store verneområde. I samarbeid med verneområdeforvaltarane gjennomførte vi kompetanseprogram for dei seks nye styra der vi har vertsskapsfunksjon.

Framande artar: Vi har gjennomført høyring av eit framlegg til handlingsplan for framande artar, og vi har spesielt konsentrert innsatsen i 2012 for å ta ut gran i Åsane naturreservat (edellauvskog).

Ureiningstilsyn: Innan miljøvernområdet fører vi tilsyn med ureiningsfare, kjemikaliebruk og avfallshandtering. I 2012 deltok vi i tre kontrollaksjonar og ein felles risikoaksjon. Vi nytta nær tre årsverk til samla gebyrbelagt ureiningsarbeid. I 2012 nytta vi ca 1,8 årsverk direkte til tilsyn.

Miljøstatus: Vi oppdaterte Miljøstatus gjennom året med ei hovudoppdatering i april/mai. På slutten av året hadde vi mindre aktivitet, m.a. som følgje av overgangen til ny plattform i 2013.

## 2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Oppfølginga av erfaringane etter ekstremvêret Dagmar prega på mange måtar arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i 2012. Til dømes har vi under tilsyn og rettleiingsmøte med kommunane lagt stor vekt på sårbarheit for bortfall av kritisk infrastruktur. Vi seier at svikt i forsyninga av straum og ekom er pårekelege hendingar, som kommunane må analysere verknaden av. Dette må vere grunnlag for planlegging av beredskap.

På hausten starta vi opp med tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Hovudinstrykket etter tilsyna er at kommunane godt forstår kva ansvar dei har, og kva utfordringar dei står overfor. Det er likevel stort behov for få på plass heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar. Nokre av kommunane har meint at beredskapsplikta er så ny at Fylkesmannen burde venta med å drive tilsyn.

Vi har delteke i éi større øving i løpet av året, og har arrangert øvingar for åtte kommunar og fylkeskommunen. Vi har hatt ei øving i bruk av satellittelefon.

Vi har hatt fleire møte og anna kontakt med Direktoratet for nødkommunikasjon, om utbygginga av naudnett i fylket. Dei låge trafikkntala gjer at det vil verte mange lange vegtunnelar som ikkje får dekning. Vi meiner at dette er svært uheldig, og vi har teke opp saka med Justis- og beredskapsdepartementet.

Omfanget av oppgåver knytt til Justis- og beredskapsdepartementet sitt ansvarsområde har auka dei siste åra, særleg på beredskaps- og samfunnstryggleiksfeltet. Vi trur at det er både nødvendig og rett at dette fagfeltet har fått auka merksemd, men det er eit problem at det ikkje følgjer med tilsvarande auke i ressursar.

Innføringa av kommunal beredskapsplikt, med tilsynsansvar for fylkesmennene, er ei viktig endring. Det har vore nødvendig med opplæring og rettleiing for kommunane, og vi har brukt tid på å utvikle intern metodikk og arbeidsmåte. Tilsynsrapportar med avvik krev ei meir omfattande og strukturert oppfølging enn vi tidlegare har hatt etter rettleiingsmøte med kommunane. Resultata frå tilsyna skal òg meldast inn i DSB sitt registreringssystem SAMBAS.

Vi laga den første versjonen av fylkes-ROS i 2007, og har i løpet av 2012 ferdigstilt ein ny versjon. Gjennom

tilsyn og embetsoppdrag set DSB strengare krav til oppfølging av funna i analysen. Det skal lagast plan for oppfølging, og ansvarlege aktørar skal involverast i oppfølginga av tiltaksdelen for det enkelte analyseområdet. I DSB sin tilsynsrapport frå 2011 står det t.d. at det skal gjennomførast dialog- og arbeidsmøte, og det skal lagast årlege skildringar av status for oppfølging av tiltaka. Fylkesmannen skal òg leggje til rette for samordna, regional beredskapsplanlegging (etablere heilskapleg planlegging for handtering av større hendingar).

Det er større forventningar til at Fylkesmannen skal ha ei aktiv rolle under handteringa av uønskte hendingar og kriser. Vi skal samordne krisehandteringa, og t.d. syte for samordna rapportering, og vidareformidling til nasjonale styresmakter. Terskelen for at nasjonale styresmakter ber om rapportar frå Fylkesmannen er seinka. Fylkesmennene har dei siste par åra òg vore pålagt å sende fast aktivitetsrapport til DSB éin gong i veka, uavhengig av om det er noko å rapportere.

Innføringa av CIM i embeta og kommunane har vore eit viktig framsteg. Vi har brukt mykje tid på å drive opplæring, både for kommunane og interne brukarar. Det viser seg at kommunane er avhengige av støtte frå Fylkesmannen til opplæring, rettleiing m.v., og dette er ei oppgåve som krev ressursar.

I embetsoppdraget frå Justis- og beredskapsdepartementet har det dei siste par åra vorte stilt forventningar til Fylkesmannen si rolle knytt til industriverksemder med stort potensiale for risiko (særleg storulykkeverksemder). Vi trur at dette òg er ei rett vektlegging, men det krev ressursar.

Dei siste åra har òg Helsedirektoratet hatt tydelegare forventningar og krav til fylkesmennene sin aktivitet på beredskapsområdet. Terskelen for å be om rapportering under kriser og uønskte hendingar er vorte lågare, som t.d. under svineinfluensapandemien, ved fare for problem i flytrafikken, og fare for omfattande streik som kan ha helsemessige konsekvensar. Helsedirektoratet er òg aktivt på andre måtar under hendingar, t.d. ved å arrangere telefonmøte med embeta. Helsevesenet si oppfølging av rapporten frå 22. juli-kommisjonen vil òg gi nye oppgåver på beredskapsområdet for fylkesmennene.



## **Kapittel 3 - Resultatområder**

**nytt punkt 10:23:57**

### **Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

Fylket hadde eitt besøk frå Kongehuset i 2012. Kronprins Haakon besøkte Sogndal 20. september i samband med Global Dignity Day.

#### **00.2 Tildeling av ordener og medaljer**

Vi har vidareformidla ni søknader om Kongens fortjenestmedalje i 2012.

### **Miljøverndepartementet**

#### **Resultatområde 01 - 06 Naturmangfold, vannforvaltning og forurensning**

##### **Generelt**

Embetet har ein stram budsjett- og ressursituasjon. I 2012 har vi, pga. vakansar på økonomiområdet, i tillegg hatt utfordringar med å få oversikt over status gjennom året. Vi har også til no i 2012 – på same måte som i 2011 – hatt nokre skifte av medarbeidarar. Spesielt innan planområdet og ureiningsområdet har vi hatt få kvalifiserte søkjarar. Vi lukkast likevel etter andre gongs utlysing. Etter at vi prioriterte ei ny stilling på planområdet i 2011, har vi hatt tre ulike personar i denne stillinga. Planområdet har såleis ikkje hatt så mykje personalressursar som vi hadde lagt opp til. Dette har vore uheldig sidan vi hadde lagt spesielt vekt på planområdet i 2011 og 2012. No har vi stor tru på stabilitet på personalsida. Vi har søkt Miljøverndepartementet (MD) om ei auke på kap. 1510 for å kunne handtere auka behov for kapasitet på plan- og bygningslova.

Vi har i 2012 hatt god hjelp av ekstratildelingar frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) for å gjennomføre prioriterte satsingar innan naturmangfold, ny forvaltningsordning for nasjonalparker og forvaltningsplanar for mindre verneområde. Samstundes ser vi at vi har fått monaleg mindre midlar, spesielt til å utarbeide forvaltningsplanar, enn det vi har fått tildelt tidlegare år. Når vi i tillegg, pga. tilsetjing i mellombels stilling, har mista fagpersonar i løpet av året, seier det seg sjølv at vi ikkje får gjennomført alle tiltak som planlagt.

Dei siste åra har ein aukande del av fagpersonane på miljøvernavdelinga vorte finansierte ved hjelp av ekstratildelingar og andre eksterne midlar.

**Spesielt om oppfølging av vassforskrifta.** Tilskot til å kunne gjennomføre ansvaret vårt innan vassforskrifta er viktig for å kunne oppretthalde dagens ressursituasjon. Vi har ikkje fått tilstrekkeleg med ekstra midlar til å kunne gjennomføre forventa auka innsats innan området. Vi ser ikkje at vi kan møte behov for større innsats enn i dag utan større, varig tildeling.

##### **Naturmangfold, vassforvaltning og vassureining**

Jf. også merknadene under det generelle.

For fjerde året på rad har vi hatt ekstramidlar innan naturmangfald, verneområde og vassforskriftsarbeidet. Nivået på ekstramidlane er redusert frå 2011 til 2012, og vi har fått signal om ytterlegare reduksjonar for 2013. Det er krevjande å halde på dyktige prosjektilsette når vi ikkje kan tilsetje dei i faste stillingar. Det er krevjande at vi ofte må vente langt inn i budsjettåret før vi har oversikt over omfanget av ekstramidlar.

## Skogvern

**01-06 SO1 og 01-06 RA1:** Vern av Yttrismorki ventar på lagmannsrettsavgjerd i jordskiftesak i 2013. Tilbod om Fimreiteåsen har nettopp kome, og vi har sendt eit positivt svar til Skogeigarforbundet og grunneigarane.

**01-06 SO2 og 01-06 RA1:** Det mest aktuelle området er Hellebust-Fuglevatnet i Fjaler. Vi har intensjon om å utarbeide verneframlegg (og vurdere eventuelle kvalitetar på tilstøytande privat grunn) når DN sitt kjøp frå Statskog er formelt slutført (femner også om potensielt makebyteareal) .

**Bekkekløfter.** Vi har ikkje fått prioritert oppfølging av bekkekløfter for vern. Vi har kome med innspel til nyregistrering av edellauvskog, og avventar resultat.

**Nasjonal marin verneplan.** Arbeidet er utsett medan vi ventar på avklaringar på departementsnivå og vidare framdrift. Fylkesmannen har kome langt med adresselistene (eit omfattande arbeid) og er i rute på det vi kan gjere no.

## Forvaltning og naturoppsyn i verneområde

**Merking av «små» verneområde.** Her er vi noko forseinka. Mellom anna manglar heile «edellauvskogplanen» og mange barskogreservat. Det same gjeld skilting og informasjon.

**Forvaltingsplanar** er i 2012 vedtekne for Brandatjørna naturreservat (NR), Sandvikbotn NR, Kvalsteinane NR, Ytterøyane NR, Utvær NR, Indrevær NR, Sætremyrane NR og Kvitingsmorki NR (og for Grønøyra på slutten av 2011). Sakrisøy og Gåsvær var sterkt forseinka frå konsulenten, slik at vi kan rekne med vedtak i 2013. For Gåsøy og Nærøyane har vi no fått fagleg underlag frå konsulent, og arbeidet med utkast til forvaltningsplan vil ta til på nyåret 2013. Arbeidet med Bukta fuglefredingsområde har stoppa opp pga. jordskiftesak. I naturreservata Lindvik, Åsane og Sørværet har arbeidet med forvaltningsplanane meir eller mindre stoppa opp som følgje av manglande kapasitet hjå oss, fordi personar i engasjement har slutta. For verneområda i Luster (Hafslovatnet, Bargarden, Luster Allmenning, Ytamo og Loi) er prosessen styrt av Luster kommune.

**01-06 SO11.** Luster kommune er einaste kommunen som forvaltar verneområde. Vi har ikkje prioritert å hente inn rapporteringsskjema derifrå i og med at det har vore vanskeleg å få inn skjema, og Fylkesmannen får godt innsyn i forvaltninga gjennom både kopi av avgjerder, rådføring og annan løpande kommunikasjon.

**01-06 SO12.** Fylkesmannen har leiinga av delprosjektet "Kunnskap om kystarven", der prosjektarbeidet nyt godt av arbeid vi gjer med både verneområde og utvalde naturtypar. Knappe sakshandsamingsressursar har gjort at framdrifta ikkje har vore så god som ønskjeleg. Vi er elles med i styringsgruppene for alle dei tre naturarvprosjekta i fylket.

**01-06 SO13.** Opplæring i naturmangfaldlova. Vi gjennomførde vellukka samling med opplæring for kommunane kombinert med samling om plan- og bygningslova. Deltakarane gav svært gode tilbakemeldingar på opplæringa. Vi formidlar også resultatene frå kommuneundersøkinga når vi har kontaktmøte med kommunar.

**01-06 RA3.** DN og lokalt Statens naturoppsyn (SNO) får løpande kopi av alle dispensasjonsavgjerder.

## Nasjonalparker og andre større verneområde

**01-06 SO8, 01-06 SO17 01-06 RA7.** Alle dei åtte nasjonalpark- og verneområdestyra i fylket er konstituerte på nytt etter kommunevalet, og har vore gjennom opplæringsdagar og kompetanseprogram.

Det er gjort avtale med jordskifteverket om grensemerking av landskapsvernområda Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal, og arbeidet er slutført.

Fylkesmannen følgjer aktivt opp ny forvaltningsordning for store verneområde gjennom å bistå nasjonalpark- og verneområdestyre ved fagleg rettleiing av forvaltarar. Vi har vore sekretær fram til tilsetting av forvaltarar. Forvaltarane fungerer godt. Vi ser likevel at det til dels er store utfordringar i bruk av IKT. Dette gjeld særleg for forvaltarar som jobbar på tvers av fylkesgrenser (spesielt Breheimen).

Vi følgjer opp verdiskapingsprogrammet «Naturarven som verdiskapar» gjennom styringsgrupper og kontakt elles ved behov

**Motorferdsel i utmark.** Innsatsen er i hovudsak avgrensa til å rettleie kommunar og andre som tek kontakt.

### Arbeid med og forvaltning av utvalde naturtypar (UN), prioriterte artar (PA) og trua artar

**Faggrunnlag for oseanisk nedbørsmyr:** Det var lite framdrift i 2012 pga. ein kombinasjon av faglege utfordringar (avgrensings spørsmål og kartleggingsmetodikk) og at fagmiljøet i NTNU (som sit på viktig registreringsmateriale og fagleg røynsle) ikkje har ledig kapasitet før i 2013.

**Faggrunnlag for fossesprøytoner:** Denne blir oversendt til DN i nær framtid, med våre utfyllande konklusjonar til konsulentrapport. Det er trong for forskning for å definere fossesprøytoner i fastmarksog, og vi vurderer å engasjere eigna institusjon til dette.

Faggrunnlag for **purpurmariland** er utarbeidd og oversendt DN. Supplerande feltarbeid er gjennomført for å få kunnskap om tilstand i kjente utbreiingsområde.

### Kulturlandskap

**01-06 SO23.** Vi har inngått skjøtselsavtalar i nye slåttemarklokalitetar i 2012: Ormelid (tidlegare dekt via andre støtteordningar), Vidme og Sandøy. For andre er det gjort visse skjøtselstiltak (Molde i Lærdal), eller vi ventar vi på underskrift og tilbakemeldingar (Grotle i Bremanger). For Indre Frønningen ventar vi på skjøtselsplankonsulenten, og er noko forseinka.

**01-06 SO24.** Når det gjeld kystlynghei, er skjøtselsplan ferdig for éin lokalitet (Hille i Gulen), og arbeid igangsett for fleire andre (Værlandet og lokalitetar på Stadt). Det er inngått skjøtselsavtalar for fleire område. For oppfølging av Stadlandet (prioritert i handlingsplanen) er det søkt om midlar frå DN til stillingsressursar i Selje kommune.

**01-06 SO25.** Det er inngått skjøtselsavtale i éin haustingsskog-lokalitet: Kusslid. (Klassifiseringa av lokaliteten er rett nok førebels, og skal evaluerast).

**Viltforvaltning.** Viltforvaltninga fungerer godt.

**Forvaltning av villrein. 01-06 SO28, SO29.** Dei to villreinnemndene vi har ansvaret for arbeider i hovudsak godt. Det kan tidvis vere vanskeleg å samle medlemene, spesielt til samlingar utanfor fylket. Sekretariatet ved Aurland Naturverkstad har fungert tilfredsstillande. Fylkesmannen har frå og med 2013 etter utlysing gjort avtale med Siri Bøthun Naturforvaltning. Arbeidet med dei to regionale villreinplanane (Ottadalen og Nordfjella) går framover. Vi har lagt mest vekt på Nordfjella der vi er fagansvarlege.

**Rovviltforvaltning.** I 2012 var det færrest rovdyrskader på lang tid. Det var ikkje dokumentert jervskader, og berre ein dokumenter gaupeskade. Det vart utbetalt kr. 325.000 i erstatning. Det gode resultatet for sauene eringa skuldast uttak av jerv som SNO/DN har utført. Det vart ikkje gjeve skadefellingsløyve i 2012. Samarbeidet internt i fylket mellom næring og forvaltning er godt.

### Framande organismar

Det vart i 2012 påvist **ørekyte** i eit nytt vatn sør for Smedalsvatna i Lærdal. Her bør det gjennomførast ei synfaring for å vurdere fare for vidare spreiding. Det vart også påvist karpe, Japansk Koi, i eit tjern (Sæbøtjørna) i Høyanger sentrum.

Arbeidet med **fjerning av framande artar** frå verneområde, i første rekke vanleg gran, held fram.

**01-06 SO33:** Det er ikkje sett i verk spesielle tiltak mot mink i fylket, ettersom bestanden ser ut til å ha gått mykje tilbake. Arten blir ikkje vurdert som eit trugsmål mot verneområda i fylket.

Fjerning av vanleg gran frå verneområda har i år blitt gjennomført i edellauvskogsreservatet Åsane.

Grunneigaren i eit stort skogområde (Frønningen) søkte i 2009 om økonomisk støtte til fjerning av vanleg gran. Ut frå førebelse signal frå DN på slutten av 2012, vurderer vi oppfølging av dette i 2013.

Arbeidet med å fjerne sitkagran frå det nasjonalt prioriterte kulturlandskapsområdet Hoddevik-Liset som blei

starta i 2011, har halde fram i 2012.

Utkast til handlingsplan mot framande artar i Sogn og Fjordane er utarbeidd og har vore på høyring. Sjølv om prosjektmedarbeidaren slutta midt i året, har vi arbeidd vidare med planen slik at den snart vert ferdigstilt.

### Heilskapleg vassforvaltning

**01-06 SO32:** (Regional overvakingsplan) Gjennomført.

**01-06 SO33:** Karakterisering, påverknadar og risikovurdering vart gjennomført innan fristen 1. juli. Dersom vi hadde hatt meir ressursar til disposisjon, kunne arbeidet vorte gjennomført betre.

**01-06 SO34:** Vi har starta opp tiltaksgjennomføringa innan våre ansvarsområde.

**01-06 SO35:** Vi har gjennomført klassifisering på bakgrunn av karakteriseringa.

**01-06 SO36:** Regulerte vassdrag: Tilbakemelding er sendt DN i brev datert 12.07.2012. I tillegg er arbeidet med gjennomgang og prioritering av komande revisjonssakar starta opp, og vi vil svare innan tidsfristen. Vi vil også bistå fylkeskommunen i dette arbeidet.

**01-06 SO37:** Vi har rapportert til DN i brev datert 12.07.12. Det er relativt få kraftverk med inntak på lakseførande strekning i Sogn og Fjordane, og tap av nedvandrande fisk er difor ikkje eit stort problem på anadrome strekningar. Det kan vere eit lite smolttap i Gloppenelva. For å har vi ikkje like god kunnskap.

**01-06 RA12** (framdrift). Framdrift etter plan. Sjå punkta over.

**Vannportalen** er drifta som vanleg.

Vi har delteke i redaksjonsgruppa for **Vannmiljø**.

### Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

**01-06 SO40:** Fiskereguleringar: Gjennomført fortløpande.

**01-06 SO41:** NIVA har pågåande overvaking av sjøaure i Sognefjorden. Det er førebels inga eiga overvaking av ål.

**01-06 SO44:** Vi arbeider med å lage ein oppdatert oversikt over fisketrapper, men har førebels ikkje oversikt over eigartilhøva.

**01-06 RA13.** Frårådingar akvakultur: Vi gav ingen frårådingar i 2012, men vi har gitt fem frårådingar på vilkår for søknader i ytre Sognefjorden der vi har tilrådd at fylkeskommunen set «vilkår som i tilstrekkeleg grad ivaretek omsynet til vill anadrom fisk». Fylkeskommunen har i alle sakene sett vilkår om at oppdrettarane i området skal bidra til auka overvaking av lakselus, og vist til tolegrense på ti lus per fisk, jf. Vitenskapelig råd for lakseforvaltning. For to saker med slike vilkår frå 2010, har Fiskeridirektoratet i 2012 på eige initiativ gått inn og kutta ut vilkåret eller endra løyvet. Dei andre løyva er ikkje endra. Det er uavklart kva som skjer vidare, men hittil har fylkeskommunen sin praksis med å gje særskilt vilkår som skal ivareta vill anadrom fisk, halde fram. Detaljutforminga av vilkåret kan truleg bli endra for å bli meir juridisk haldbart. Alle dokumenta blir sendt til DN på e-post.

**Kalking:** Vi har innhenta pris på undersøkingar av ungfisk og botndyr for å følgje opp NIVA sin rapport om framtidig behov for kalking i fylket.

**01-06 RA14.** Vi har førebels ikkje rapportert kva for fisketrapper som er eigde av staten.

**01-06 RA15.** Fjorårets tildelingar er rapportert. Årets tildelingar vart rapporterte ved årsskiftet.

Arbeid for å utrydde **G. salaris** i **Lærdalselva** er gjennomført som planlagt.

**Sjøfangstregisteret** er drifta som vanleg.

### Akvakultur

Vi har handsama ni løyvesaker hittil i år, i tillegg like mange saker om arealjusteringar eller andre endringar av

anlegg. Tidlegare etterslep av saker er redusert, og vi er no tilnærma ajour.

Fem av løyvesakene gjaldt nyetableringar (tre) eller utvidingar (to) i ytre del av Sognefjorden. For alle søknadene i dette området har vi sidan 2010 gjeve frårådingar på vilkår i fråsegna til fylkeskommunen pga. faren for negativ påverknad på vill anadrom fisk. I alle sakene har fylkeskommunen kome oss i møte ved å setje særskilte vilkår i løyvet etter akvakulturlova om bidrag til utvida samordna overvaking av lakseluspåverknad på vill laks og sjøaure. Utvida overvakingssopplegg er per i dag ikkje sett i gang, men er under planlegging. Vi har ikkje gjeve frårådingar til andre oppdrettssøknader i 2012.

FHL har ikkje tatt kontakt om uttak av rømt oppdrettslaks i vassdrag.

### **Avløp**

Florø by manglar framleis utsleppsløyve/unntak for sitt kap 14-avløpsanlegg - søknad er sendt inn, og vi er i dialog med kommunen.

Avløp frå Øvre Årdal er enno ikkje formelt overført frå kap 14 til kap 13. Vi ventar på søknad om dette frå kommunen.

Det har vore driftsutfordringar over lang tid for dei andre to kap 14-anlegga våre pga at utslepp frå industri (slakteri og meieri) går til kommunalt nett. Begge dei aktuelle kommunane (Stryn og Gloppen) er i dialog med industriverksemdene om dette.

**01-06SO48:** Vi har ikkje vurdert at nokon av anlegga våre treng endra løyve, sjølv om to av desse har utfordringar med industripåslepp.

### **Vassureining og vasskvalitet**

**01-06 SO49:** Vi har sendt over liste med Klif-bedrifter med utslepp til risiko-vassførekomstar.

**Oljeureining.** Vi er relativt godt oppdaterte når det gjeld MOB-sjø, men har ikkje gjennomført kartlegging etter MOB-land-modellen. Samarbeidet med lokale oljevernutval (IUA) går godt, noko som vart tydeleg ved grunnstøytinga av "Celina" ved Rugsundet i vår.

## **Resultatområde 07 Godt bymiljø**

Innsats frå Fylkesmannen skjer vesentleg gjennom innspel i plan- og bygningslovsaker.

I eigen avtale med fylkeskommunen ligg hovudansvaret for by- og tettstadutforming til fylkeskommunen. Vi har elles ingen større byar i fylket.

## **Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv**

Etter forvaltningsreforma (som vart iverksett frå 1.1.2010) har vi bevisst prioritert ned dette resultatområdet (utanom innsats i plansaker og i verneområde). Frå 1.1.2010 er det fylkeskommunen som har ansvar for tilrettelegging og rettleiing på regionalt nivå.

**Tilrettelegging for jakt og fiske.** Vi følgjer opp arbeidet med jegerprøven og kommunane sine refusjonskrav i samband med dette. Jegerprøvesystemet ser ut til å fungere godt. Anna tilrettelegging for jakt er ikkje prioritert etter at fylkeskommunen overtok dette ansvaret.

## **Resultatområde 09 Giftfritt miljø**

### **Sediment**

**09SO1P Skipsverftprosjektet:** Solund verft har fått pålegg om tiltak. Stad Yard er nye eigarar av Randeberg Mekaniske AS og Blaalid Slip og Mek, og der har vi starta prosessen heilt på nytt med å varsle pålegg om

undersøkingar. Ankerløkken Eigedom har hatt tiltaksplan ute på høyring og seinare fått pålegg. STX Norway Florø AS har levert inn rapport og tiltaksplan for marine sediment i hovudbassenget.

**Mudring og dumping:** Vi har handsama alle søknadene om mudring og dumping. Sakene vert lagt inn i databasen Forurensning.

## Grunnureining

**09SO2P/09SO3:** Asplan Viak har kvalitetssikra lokalitetane i grunnureiningsdatabasen. Vi mottok sluttrapport 24.05.12. Det står att å korrigere ti lokalitetar i basen, og sende brev til nokre grunneigarar om endra status.

## Avfall og gjenvinning

**Faste oppgåver: Avfallsløyve.** Det er gitt to endra løyve til handtering av næringsavfall og farleg avfall. Fylkesmannen har dei siste åra endra praksis, slik at gjenvinningsverksemdar o.l. no får eitt samla løyvedokument for avfallsaktiviteten sin.

**Deponering:** Det er ein del spørsmål om mottak av avfall til deponi, og nokre meldingar om avvist avfall.

**Forsøpling:** Kommunane er framleis lite aktive med å oppdage eller følgje opp forsøplingssaker. Nokre få kommunar har ein viss aktivitet.

**09SO4** Det er truleg ingen fast aktivitet i fylket. Nedknusing av betong har vorte vanlegare dei siste åra, vi har inntrykk av at dette for det meste gjeld aktivitet på den enkelte rive-/byggestad.

**09RA4** Det er berre eitt aktivt avfallsforbrenningsanlegg i fylket; Geithus. Dei har ikkje fått unntak etter avfallsforskrifta § 10-8. Vi har rapportert til Klif 22.05.2012.

## Resultatområde 10 Rein luft

Støy er del av tema ved gjennomgang av kommunale planar.

### Støy

**07SO2** Det er lite omfang og støy i Sogn og Fjordane. Støy vert følgt opp ved gjennomgang av den enkelte kommunale planen. Statens vegvesen har gjennomført strategisk kartlegging av støy frå vegar, og kartlegging av innandørs støy.

## Resultatområde 11 Stabilt klima

Vi er med i styringsgruppe for oppfølging av regional plan for klima. Vi har eit godt samarbeid internt mellom miljøvern, beredskap og landbruk, men opplever noko uklare signal frå departement og direktorat. Ved handsaminga av kommunale planar sjekkar vi at kommunane ivaretar klimaomsyn. Elles ventar vi på klarare oppdrag frå DN og Klif.

## Resultatområde 12 Resultatkrav knyttet til Tverrgående virkemidler

Vi har generelt stor aktivitet innan desse høgt prioriterte områda (plan og tilsyn og løyvehandsaming etter ureiningslova).

### 12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling

Totalt gav vi i 2012 fråsegn til 641 plan- og dispensasjonssaker, mot 630 i 2011. Talet på saker ligg på same høge nivået som dei siste åra. I 2012 har det spesielt vore mykje innsats med innspel til kommunale planstrategiar, arbeid med regional planstrategi og generell dialog med kommunane og fylkeskommunen. Det har vore mindre aktivitet med kommuneplanar, men mange kommunar har ved årsskiftet 2012/2013 meldt oppstart av revisjon av arealdel og samfunnsdel til kommuneplanen.

I 2012 fremja vi motsegn mot totalt 22 planar. Motsegnene har i hovudsak hatt bakgrunn i arealbruk i konflikt med strandvern, vassdrag, biologisk mangfald og/eller manglande risiko- og sårbarheitsvurderingar (inkludert manglande vurdering av konsekvensar ved endring av klima). Ti av motsegnene er fremja av beredskapseininga aleine. Det var ingen plansaker som måtte sendast vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet (MD) i 2012. Ved årsskiftet 2012/2013 ligg det to motsegn saker frå Sogn og Fjordane til slutthandsaming i MD. Dette er: 1) Reguleringsplanen for utvinning av rutil i Engebøfjellet der Fiskeridirektoratet har fremja motsegn. Saka vart sendt over til departementet sommaren 2011. 2) Kommunedelplan for E16 Tønjum-Ljøsne i Lærdal der Statens vegvesen har fremja motsegn. Saka vart sendt over til departementet våren 2012.

Miljøvern avdelinga har totalt klaga på ti dispensasjonsvedtak i 2012. Bakgrunn for klagen er konflikt med strandsonevernet, vassdragsnatur og viktige naturtypar.

Vi fekk medhald i alle sakene som vart ferdighandsama av setjefylkesmann i 2012.

Vi har slutført prosjektet "Planløftet" der vi spesielt har hatt merksemd på rettleiing og kursing av kommunane. Samarbeidet med fylkeskommunen er også vidareutvikla. Vi har i 2012 vore sekretariat for Kystsonenettverket på Vestlandet.

Dei største utfordringane innan planområdet har vore å få kommunane til å prioritere overordna planlegging framfor enkeltsaker og dispensasjonar. Vidare er det mange kommunar som slit med rekruttering og plankompetanse.

## **Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist**

### **Klagesaker som gjeld dispensasjon**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fast setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland i saker etter plan- og bygningslova. Dei fleste setjesakene gjeld klage over dispensasjonsvedtak. Talet på setjesaker har blitt kraftig redusert samanlikna med tidlegare år. Vi fekk inn 72 setjesaker i 2012, mot 152 i 2011. Til samanlikning fekk vi inn 67 klagesaker etter plan- og bygningslova frå kommunane i vårt eige fylke. I Syssam-rapporteringa har vi rapportert setjesaker og byggjesaker frå eige fylke samla.

Vi hadde 81 saker som gjekk over fristen på tre månader i 2012. Ein del av dette skuldast restansar frå tidlegare år og endringar i personalsituasjonen. Vi hadde færre saker over fristen i fjerde kvartal samanlikna med resten av året. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 31 saker, fordelt på setjesaker og saker frå eige fylke.

### **Klagesaker som gjeld reguleringsplan**

Ved årsskiftet 2011/2012 hadde vi ein restanse på fire saker som gjaldt klage over reguleringsplan. I 2012 fekk vi inn 17 slike saker. Det er ofte fleire klager i kvar sak, men dei vert til vanleg handsama under eitt. I 2012 har vi handsama 15 saker, medrekna restansane frå 2011. Vi hadde såleis ein restanse på seks saker ved årsskiftet 2012/2013. For sakene vi har avslutta i 2012 var sakshandsamingstida i snitt 86 dagar. Dette er ein framgang frå 125 dagar i 2011. Seks av sakene vart ikkje handsama innan fristen på tre månader, mot 15 i 2011.

### **Kart og geodata**

Fylkesmannen er representert i Geodatautvalet for Sogn og Fjordane med tilsette frå miljøvern-, administrasjons- og landbruksavdelinga. Fylkesmiljøvern sjefen er leiar av utvalet. Vi har og i 2012 delteke i referansegruppa i Norge digitalt.

## **12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling**

### **Løyvebehandling og annan oppfølging av landbasert industri:**

**12.2SO1:** Vi har framleis nokre verksemder som er påverka av dei nye forskriftskapitla (kap 24 og 26-30) der vi ikkje har vurdert å oppheve løyva. Kap 24 (asfalt): To løyve skal vurderast. Kap 25 (oppdrettsnøter): Ingen løyve. Kap 26 (fiskeforedling): Sjå nedanfor. Kap 27 (reine brensler): Ingen løyve. Kap 28 (kjemisk overflatebehandling): Ingen løyve. Kap. 29 (mekanisk overflatebehandling): Truleg ingen løyve. Kap. 30 (pukk og grus): Fem til seks store steinbrot må ha løyve.

For fiskeforedlingsindustrien har vi vurdert løyve/forskrift for ein del verksemder i samband med kontrollaksjonen. Fleire andre verksemder i denne bransjen omstrukturerer og/eller må ha nye IPPC-løyve, og er i

søknadsfasen for dette. Opprydding når det gjeld rett registrering og oppretting/nedlegging av anlegg i databasen Forurensning, er ferdig.

**12.2RA1:** Eit setjefiskanlegg eigd av Marine Harvest er politimeldt. Vi nyttar varsel om tvangsmulkt aktivt i oppfølging av kontrollar. Ingen varsel om tvangsmulkt er gått vidare til inndraging.

**12RA2:** Talet på årsverk på konsesjonsbehandling var 0,9 i 2012.

**Kontrollplanlegging:** Fylkesmannen gjennomfører overordna planlegging ved starten av året. Vi har brukt Forurensning meir enn tidlegare. Vidare gjennomfører vi også kontroll av bransjar og aksjonar der enkeltobjekt ikkje er plukka ut på planleggingstidspunktet.

**Eigeninitierte tilsyn utanom aksjonar:** Fylkesmannen har opparbeidd eit godt samarbeid med dei andre tilsynsetatane. Vi har gjennomført samtidige tilsyn med brann-, el- og arbeidstilsynet (åtte), m.a. aksjon på FjordBase i Florø. Elles gjennomfører vi risikobasert tilsyn mot små verkstader, mekanisk industri m.v. Totalt har vi hatt 22 inspeksjonar i 2012.

#### **Tilsynsaksjonar:**

**12.2SO2P:** Pukkverk. Vi gjennomførte tilsyn på 12 pukkverk, sandtak eller steinbrot. Forurensningsdatabasen er oppdatert. Vi har sett fristar for oppfølging i august/september.

Fiskeforedling: Fem anlegg fekk tilsyn. Vi avslutta oppfølging for eitt anlegg, nye oppfølgingsfristar i september for dei andre. Funn m.v. er registrert i Forurensning.

Hamner og avfall: Det var fem hamner, av desse var det to cruiseskipkaier, som fekk tilsyn. Forurensning er oppdatert. Oppfølgingsfristar er sett til september.

**12.2SO3P:** Vi gjennomførte risikoaksjon hausten 2012.

**12.2SO5P:** Fylkesmannen har inntil fem tilsette å nytte på alt arbeid innan industri, avløp, akvakultur og avfall. Berre tre personar får løn direkte over kap.1510, og om lag 1,6 årsverk (to personar) vart i 2012 dekt av eksterne inntekter. Inntektsramma er ikkje tilstrekkeleg til å dekkje to årsverk, medan vi nyttar nær tre årsverk til samla gebyrbelagt ureiningsarbeid. I 2012 nytta vi ca 1,8 årsverk direkte til tilsyn.

**12.2RA3:** Vi rapporterer fortløpande resultat frå landsdekkande aksjonar.

**12.2SO6:** Vi gjennomførte kommuneundersøkinga i tre kommunar (Høyanger, Flora og Årdal) i mai 2012. Vi sendte samlerapportar til Klif og DN i juli 2012.

**12.2SO7:** Miljøkommune.no: Vi har informert kommunane om nettstaden ved kommuneundersøkinga i mai, ved fleire kommunebesøk, på plan- og naturmangfaldsamling for kommunane, og på ei samling for sakshandsamarar innan landbruk og miljøvernområdet. Vi har vidare informert om nettstaden på heimesida vår.

### **12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon**

**Naturbasen.** Vi er framleis på etterskot med kvalitetssikring av kartdata til Naturbasen pga. manglande kapasitet, men kartleggingsarbeid (oppdatering av tidlegare naturtypekartleggingar i kommunane) blir gjennomført.

**12.3SO3.** Vi har inngått kontrakt om naturtypekartlegging i tre nye kommunar (oppdatering av eldre kartlegging), og feltarbeidet er gjennomført etter planen.

**12.SO7.** På grunn av manglande kapasitet er ikkje kvalitetssikring av naturtypedata frå skogvernregistreringar gjennomført. Vi vurderte å setje bort delar av arbeidet, men vi må heller ta ei ny vurdering i 2013 dersom vi får ekstra midlar til dette.

**12.SO8.** Innanfor dei relativt snevre rammene vi har, prioriterer vi oppdatering av stadfesta informasjon som gir størst vinst i planprosessar, dvs. prioriterte og utvalde naturtypar og førekomstar av raudlista artar og prioriterte artar.

**Miljøstatus:** Vi har hatt eigen miljøstatusdag med representant frå Klif. Dette var svært nyttig. Vi har vurdert ein del endringar, men ventar med å leggje dei inn til ny plattform er på plass. Pga den vanskelege personalsituasjonen



har vi tilsett ein person i eit kortvarig engasjement frå årsskiftet.

**Databasen Forurensning:** Jf. omtale ovanfor. Etter vår meining er det eit noko uryddig oppdrag som er delt på resultatområde 12.2. og 12.3.

**12.3SO12.** Vi har oppdatert dette.

**12.3SO13.** Akvakultur: Siste tre års løyve er lagde inn, utanom for anlegg som ikkje finst i Forurensning enno (t.d. nye lokalitetar som ikkje har fått løyve etter akvakulturlova). Nokre mellombelse løyve som ikkje gjeld lenger, er ikkje lagde inn.

**12.3SO14.** Deponi. Dette er utført.

### Formidling

**12.3SO16.** Vi assisterer fylkeskommunen gjennom jamleg dialog og møte.

**12.3SO17.** Fylkesmannen har tildelt noko skjønsmidlar til vassområda for delfinansiering av arbeidet.

**12.3SO18.** Vi har førebels ingen formell rutine, men har etablert god dialog med fylkeskommunen.

## 12.4 Internasjonalt samarbeid

Ein tilsett deltok på Conference on Industrial and Hazardous Waste Management på Kreta 12. – 14.9 med fagleg innlegg. Vi har årleg besøk av internasjonale grupper (i hovudsak offentlege myndigheiter) som ønskjer informasjon om regional forvaltning.

Vi er medlem av Europarc Federation.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 4 185 604,73	kr 2 911 256,59
09 Giftfritt miljø	kr 324 388,66	kr 0,00
Andre oppgaver under MD	kr 1 185,00	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 150 211,29	kr 0,00
12.1 Planlegging for bærekraftig utvikling	kr 1 967 381,51	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 971 375,81	kr 858 166,78
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 147 391,43	kr 0,00
12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark)	kr 12 353,03	kr 0,00
Sum:	kr 7 759 891,00	kr 3 769 423,00

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

#### 21.1 Jordbruk

##### Jordbruket i Sogn og Fjordane

Produksjonen pr. føretak i Sogn og Fjordane aukar mindre enn elles i landet, og det gjev seg utslag i svakare driftsøkonomi i vårt fylke samanlikna med resten av landet. Landbruksnæringa er under kontinuerleg endring der

leigejord, nye driftsbygningar, teknologi og innleigd sesonghjelp gjer til at vi i stor grad held oppe produksjonen i fylket. Det er ei utfordring å ta vare på dei små bruka når svak driftsøkonomi ikkje gjev rom for større investeringar. Fem prosent av sysselsettinga er knytt til jord- og skogbruk, noko som er to og ein halv gongar meir enn gjennomsnittet for landet.

- Jordbruksareal: Det er ein nedgang på 9000 dekar jordbruksareal siste år. Det er også ein nedgang i areal som vert brukt til frukt og bær
- Volum av mjølk: Produksjonen av kumjølkk auka med 5 mill liter siste året. Etter fleire år med nedgang er vi no tilbake på same volum som for ti år sidan
- Volum av storfekjøtt: Årleg produksjon på 5000 tonn. På ti år er det ein nedgang på 7 %, noko som i hovudsak skuldast reduserte tal på kyr.
- Volum av frukt og bær: I 2012 vart det produsert 1400 tonn bringebær og 180 tonn morellar. Dette utgjorde 75 % av bringebæra og 45 % av morellane nasjonalt. Verdien av frukt og bær ut frå mottaka var 117 mill kroner som er ein auke på 35 mill sidan 2011. Marknaden spør etter meir frukt og bær, og det skjer eit aktivt utviklingsarbeid mellom anna ved Arena frukt og bær
- Geitehaldet: Arbeidet mot sjukdommar ved hjelp av sanering har gitt eit løft for næringa. I alt 11 av 56 bruk har fornya eller utvida driftsbygningen siste året.
- Sauehaldet: På ti år har produksjonen av sauekjøtt gått ned med 14 % og talet på sauer er redusert med 20 %.
- Tal gardsbruk: Sogn og Fjordane hadde 3112 føretak som søkte om produksjonstilskot. Dette er ein nedgang på ein tredjedel på ti år.
- Landbruk i endra klima: 2012 var eit svært godt år med god overvintring, gode vekstforhold og godt ver for innhausting. Det er store årlege variasjonar på vinterklima og ver i vekstsesongen, på nedbør, temperatur og solforhold. Dette gjev utfordringar for overvintring, avlingsnivå og avlingskvalitet.

#### Mangfald av produksjonar og bruksstorleik gjennom forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel

Fylkesmannen følgjer opp utmålingsreglane i dei sentrale tilskotsordningane som både tek omsyn til produksjon, distrikt og bruksstorleik. Vi forvaltar også regionale verkemiddel der vi legg vekt på å fange opp særlege utfordringar for Sogn og Fjordane. Gjennom det regionale bygdeutviklingsprogrammet vert handlingsrommet konkretisert, og det er peika på mål for å utvikle næringa og ta vare på mangfaldet av produksjonar og bruksstorleik. Vi har forvalta dei ulike ordningane i samsvar med føringane, og nemner her berre eit par punkt:

- Frukt og bær rundt neste sving: Femårig program som vart initiert gjennom Jordbruksavtalen i 2008. Programmet har løfta fram mange gode bedrifter. Når det vert avslutta vil arbeidet bli vidareført gjennom dei ordinære verkemidla
- Driftsfellesskap: Vi har brukt mykje tid på nokre enkeltsaker om uformelt driftsfellesskap. Slike saker er ofte så omfattande at det bør vurderast om dei som hovudregel bør løftast opp til Fylkesmannen som førsteinstans

#### Konflikt mellom beitenæringa og rovvilt

Rovviltsituasjonen i Sogn og Fjordane er avhengig av aktiv bestandsregulering av jerv i regi av Statens Naturoppsyn (SNO) kvar vår. Sogn og Fjordane grensar til yngleområde for jerv, og vi får årleg inn streifande hanndyr og tisper frå nabofylka. Våren 2012 tok SNO ut seks jervar, fire vaksne og to ungar. Sauebønder gjer ein viktig jobb med sporobservasjonar, og det er i dag ein god dialog mellom beitenæringa og SNO og Fylkesmannen der SNO raskt er ute og dokumenterer spor på vårsnøen og gjennomfører uttak av jerv. Fredinga av kongeørn har medført at bestanden har auka noko, og saman med ein stor bestand av havørn gjer dette at det ofte blir sett ørn i beiteområda og på kadaver. Både for kongeørn og gaupe burde vi hatt sikrare kunnskap om bestand og skade på beitedyr.

#### Beiteprosjektet

Sogn og Fjordane har fått midlar frå det nasjonale prosjektet. Saman med faglaga, Sau og geit og Mattilsynet, har vi utarbeidd ein strategi der målet er å få lammetapet under 5 % innan 2015. I oppfølginga av strategien er det brukt midlar frå det sentrale prosjektet, midlar frå Organisert beitebruk og midlar til førebyggjande og konfliktdepande tiltak mot rovviltskade (FKT). Fylkesmannen har ansvar for oppfølging av beitelaga medan Mattilsynet tek oppfølging på enkeltbruk. Totaltapet i 2012 var 4,2 %. Dette er det lågaste tapet på over 10 år, noko som både kan forklarast med godt arbeid frå sauehaldarane og gode beite i utmarka.

#### Husdyrkonsesjon og oppfølging av tilskotsordningar kommunane administrerer

Det er berre to bruk som ligg over grensa for konsesjon for høns eller gris i Sogn og Fjordane. Etter oppdrag frå SLF kontrollerer vi kvart år at leveransane ikkje overstig grensa for konsesjon. I 2012 vart det registrert eitt mindre avvik som vart følgd opp med pålegg.

I samband med søknad om produksjonstilskot gjennomførte vi samling for kommunane i august 2012. Her var

tema m.a. nytt om produksjonstilskot, ferie og fritid, kontroll, regionalt miljøprogram og naturmangfaldlova. I tillegg hadde vi ei større samling for alle som arbeider med landbruk og miljø i kommunane i oktober. Det er trong for ein tett dialog med kommunane for å sikre at fristar vert haldne og at sakshandsaminga vert gjort på ein god måte. Låg bemanning og nye sakshandsamarar i kommunane gjer at nokre kommunar treng tettare oppfølging enn andre.

#### Dialog med Mattilsynet - radioaktivitet og autorisasjonsordninga

Fylkesmannen har ein god dialog med Mattilsynet innan område som radioaktivitet, autorisasjonsordninga for plantevern, plantehelse og dyrehelse. Vi er no samde om meir samarbeid kring dyrevelferd og kontroll.

#### Tilskot til veterinærteneste

Vakt- og administrasjonstilskotet: Sogn og Fjordane fekk tildelt kr 8 175 748,- som vart fordelt på elleve kommunar som har ansvar for å drive veterinærtenestene for sitt område. Det er kome spørsmål om mogleg omorganisering av vaktområde grunna nye samferdselslinjer, og vi har sagt at slike spørsmål først må takast opp mellom dei aktuelle kommunane og KS.

Stimuleringstilskot: Sogn og Fjordane fekk tildelt kr 800 000,- til veterinærtenesta som er tildelt kommunane Flora, Gulen, Hyllestad, Vik, Luster, Lærdal, Askvoll og Eid. Vi har prioritert dei distrikta som har store avstandar, fjordkryssingar og kor det er langt mellom gardsbruka. Mesteparten av midlane vert brukte til drift. I Eid vert ein del av midlane brukte til ei campingvogn veterinærane brukar når dei må ut i felten. I Lærdal vert midlane investerte i røntgenutstyr. Dette styrkjer grunnlaget for å ha eigne veterinærar i Aurland, Lærdal og Årdal.

#### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2011	2010
FMSF	65624	99598	92	2,4	5,4	6,4	5,1
<b>Sum</b>	<b>65624</b>	<b>99598</b>	<b>92</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 21.2 Skogbruk

Fylket vart hardt råka av orkanen Dagmar 2. juledag 2011, med øydelagde vegar, nedblåste kraftliner og telefonsamband og truleg 400 000 m<sup>3</sup> vindfelt og avbrote tømmer. Nordfjordkommunane og Indre Sogn vart hardast råka. Medan både orkanopprydding og evalueringsfase for lengst er avslutta for dei fleste andre samfunnsfunksjonar, har skogoppryddinga gått for fullt i heile 2012 og vil også halde fram store delar av 2013. Sjølv om orkanen var negativ har det også ført til stor vekt på skogbruk og ei tredobling av hogstaktiviteten i fylket. Dette har faktisk har vore positivt og utviklande for skogbruket i fylket. Totalt sett utgjør nedblåsen skog likevel under eit års tilvekst. Dessverre var ein stor del av den nedblåsnen skogen ikkje fullt hogstmoden, med små dimensjonar og høge framdriftskostnader. Likevel har driftsnettoen vore overraskande bra med høg prosent sagtømmer på nesten alle drifter. Totalt vart det avverka 20 000 m<sup>3</sup> furu og vel 110 000 m<sup>3</sup> gran i 2012.

Tidleg på året arrangerte vi i samarbeid med Sogn og Fjordane Skogeigarlag og kommunane ein kursserie med tema sikker vindfallopprydding. Vi arrangerte 15 møte og kurs med meir enn 600 deltakarar. I tillegg har det vore stor interesse for ordinære hogstteknikkurs gjennom heile året, med 64 kurs og 340 deltakarar.

Det har vist seg at forsikringsdekninga av skogen i fylket er svært låg, og vi har eit forsterka inntrykk av at eit stort fleirtal av skogeigarane har for lite kunnskap og interesse for skogen sin. Samstundes har skogbrukskompetansen i kommunane nesten muldra bort. Med gjennomsnittleg berre 250 daa skog pr. eigeendom, ser vi store utfordringar i å få til aktivitet i skogen i åra framover. Det er ofte vanskeleg å få til felles vegprosjekt, sjølv om det er ein god måte å formalisere samarbeid mellom skogeigarar på. Slike prosjekt treng god oppfølging og det er nær sagt umogleg utan lokale pådrivarar i tillegg til engasjerte skogeigarar.

I 2010 og 2011 gjorde vi ein stor jobb saman med skogbrukssjefane i kommunane med utarbeiding av forslag til hovudplanar for skogsvegar. Meininga var at kommunane deretter skulle gjere dette ferdig, gjennom lokale prosessar. Vi har ikkje hatt kapasitet til å følgje dette opp i 2012, men skal ta det att i 2013.

Fylket fikk tildelt mykje midlar til skogsvegar og drift i vanskeleg terreng etter omfordeling i mai og revidert nasjonalbudsjett. Mangel på anleggsentreprenørar og mange større offentlege prosjekt i området har ført til at kostnaden med å byggje skogbilvegar har vore svært høg, særleg i Nordfjord. Likevel vart det sett i gang 18 km

orkanrelaterte vegar i 2012. Det vart også lagt ned mykje arbeid i ytterlegare 20 kilometer med veg som det ikkje vart rom for løyving til. Vi har likevel von om å få bygd dei viktigaste av desse vegane i 2013.

Det har stort sett vore tre til fire taubaner i drift i fylket heile året. Dei har berre avverka vindfall og står for ein hogst på omlag 35 000 m<sup>3</sup>. For få taubaneentreprenørar gjer at det er ei overvekt av vindfallskog som ligg att i det vanskelege terrenget.

Vi vil gje ros til Statens landbruksforvaltning for utvikling av fagsystemet ØKS. Dette kan utviklast vidare med ein modul for driftstilskot i vanskeleg terreng og betre kartløyvingar. Det bør samtidig gjerast ein innsats for å redusere talet på gamle søknadsskjema på papir slik at alt ligg i ØKS.

## 21.3 Bygde- og næringsutvikling

### Regionalt Bygdeutviklingsprogram

Fylkesmannen er godt i gang med Regionalt Bygdeutviklingsprogram (RBU) inkludert Regionalt Næringsprogram (RNP). Dette skjer i samarbeid med fagлага, skogeigarlaget, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge og KS. På landbruksområdet vil denne planen vere viktig når fylkeskommunen set i gang sitt arbeid med Regional Verdiskapingsplan. I RBU har vi prioritert matproduksjon, skogbruk og bioenergi, bygdenærngar og bygde- og lokalsamfunnsutvikling.

Programmet "Frukt og bær rundt neste sving" vart initiert gjennom Jordbruksoppgjeret i 2008 og har hovudområde i Hordaland og Sogn og Fjordane. Programmet er no avslutta, men bedriftene vert følgde opp av Fylkesmannen og Innovasjon Norge i dei to fylka. Med utgangspunkt i profesjonell frukt- og bærproduksjon, skulle programmet utvikle eller vidareutvikle produkt og tenester som kan seljast, særleg til reiseliv. Programmet har hatt god måloppnåing og vi sit att med kring 25 enkeltbedrifter som har fått eit løft gjennom programmet. Det vert laga ein eigen rapport frå programmet.

Vi har i 2012 auka bemanninga på fagområda matspesialitetar og grønt reiseliv. Vi har planlagt eit mobiliseringsarbeid i samarbeid med Bondens Marked og Kompetansenavet Vest. Innan grønt reiseliv tek vi hovudansvar for mobilisering og oppfølging av lokal mat for servering. Ei slik arbeidsdeling skjer i nær dialog med partnerskapen og i tråd med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har gjennomført eit 3-årig prosjekt på småkraft i samarbeid med Bondelaget.

Som oppfølging av den nasjonale strategien for Inn på tunet har Fylkesmannen starta opp arbeidet med ein fylkesdekkande handlingsplan. Fagлага, skogeigarlaget, KS, NAV og ulike avdelingar hos Fylkesmannen er med i dette arbeidet. Det er framleis ei utfordring å få kommunane til å prioritere kjøp av slike tenester. I Sogn og Fjordane er Aurland og Naustdal med i Inn på tunet-løftet.

### Forvaltning av BU-midlar til utredning og tilrettelegging

Vi forvaltar 4,8 mill til utgreiing og tilrettelegging. Ein stor del av midlane vert brukt til mobiliseringsarbeid innan husdyrhald, planteproduksjon og skogbruk. Midlane vart forvalta i tråd med den regionale BU-strategien og fordelte seg slik på dei ulike satsingsområda: Matproduksjon 33 %, trevirke, bioenergi og andre utmarksnærngar 26 %, reiseliv og opplevingar 23 %, småsamfunnsutvikling 15 %, Inn på tunet 2 % og andre tiltak 1 %. Innovasjon Norge fekk tildelt 33 mill i tilskot og 42 mill i rentestøtte. Saman med restmidlar frå tidlegare år vart det brukt 42 mill i tilskot og 109 i rentestøtte. Til tradisjonelt landbruk gjekk 51 % av tilskotsmidlane og 94 % av rentestøtta.

Vi arbeider aktivt saman med næringa med utvikling og omstilling i landbruket. Vi nyttar BU-midlane aktivt og har etablert utviklingsprosjekt innan ulike produksjonar i samarbeid med fagлага og næringsorganisasjonane. Vi samarbeider godt med Innovasjon Norge og Fylkeskommunen i dette arbeidet.

## Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket

## 22.3 Miljøprogram og miljøplan

### Regionalt miljøprogram (RMP) og Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Ifølgje overvakingsprogrammet 3Q (SSB – Jordbruk og miljø, tilstand og utvikling 2012) har fleire element i kulturlandskapet i Sogn og Fjordane vorte synlege dei siste åra. Dette er ei positiv utvikling i tråd med hovudmålsettinga i RMP om å ta vare på det opne og særmerkte kulturlandskapet. Vi utformar tilskotsordningar som i størst mogleg grad er spissa mot dei viktigaste miljøutfordringane og samtidig er attraktive for bøndene i fylket. Også i 2012 har vi gjennomgått regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane i samråd med fylkeslaga til Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag og justert innhaldet i lys av tilgjengeleg kunnskap om korleis tilskotsordningane fungerer.

Vi oppmodar kommunane om å stimulere til SMIL-tiltak som kan koplast med målsettingar og tilskotsordningar i RMP, mellom anna i samband med kommunane sin revisjon av den lokale tiltaksstrategien. Dei kommunane som har stort søknadsomfang på relevante tilskotsordningar i RMP, får også tildelt relativt større ramme til SMIL slik at desse ordningane skal dra mot same mål. I praksis er det SMIL-tiltak for rydding og ivaretaking av gamal kulturmark som i størst grad også bidreg til å oppfylle hovudmålsettinga i RMP. I tillegg prioriterer ein del kommunar tiltak i verdifulle område, til dømes istandsetting av bygningar og kulturmiljø i stølsområde.

### Biologisk mangfald og kulturminne i jordbruket

For å sikre ivaretaking av biologisk mangfald og kulturminne i jordbruket, er det avgjerande med ein stor og samla innsats frå forvaltninga for å auke kunnskapen og motivasjonen blant bønder og grunneigarar. Gjennom RMP har vi etablert tilskotsordningar som bidreg til å ivareta biologisk mangfald som jordbruket i Sogn og Fjordane har eit ekstra ansvar for. Skjøtsel av kystlynghei er eit døme på tiltak for biologisk mangfald på landskaps- og naturtypenivå, mens tilskot til verneverdige husdyrrasar er eit døme på tiltak på genetisk nivå. Vi har i ulike samanhengar oppmoda kommunane om å få fram fleire SMIL- og RMP-tiltak for ivaretaking av dei meir spesielle verdiane i kulturlandskapet, til dømes gravrøyser og gamal slåttemark. Vi har utarbeidd rettleiings- og informasjonsmaterieell for tilskotsordningar, skjøtseltiltak og miljøplankrav, som har vorte formidla både direkte til bøndene og gjennom kommunane og landbruksrådgivinga. I tillegg har vi eit tett samarbeid med miljøforvaltninga om oppfølging av naturmangfaldlova og handlingsplanar for utvalde naturtypar.

### Ureining frå landbruket i prioriterte vassområde

Tilstanden i Stryn vassområde er generelt god. Nokre få elver og bekkar er vesentleg påverka av ulike faktorar, mellom anna diffus avrenning frå jordbruket. Det er utarbeidd forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassområdet, men det manglar eit overvakingsprogram for å dokumentere utviklinga av tilstanden. Samtidig er det usikkert i kva grad tiltak i jordbruket aleine vil bidra til å betre tilstanden. Dette må undersøkjast nærare, og vi har mellom anna løyvd midlar til Stryn kommune til ekstern konsulentbistand med håp om å få avklaringar i 2013.

### Behov for oppfølgingstiltak i miljøplanarbeidet

Både bøndene og kommunane har hatt lagt større vekt på miljøplandokumentasjon i 2012, etter at det vart mykje merksemd kring manglande miljøplan ved ein del kontrollar i 2011. For å følgje opp dette har vi mellom anna løyvd midlar til ein møteserie om miljøplan i regi av landbruksrådgivinga i 2012, og vi har miljøplan som tema på tilskotssamlingar og i forvaltningskontroll i kommunane.

### Klimatiltak innanfor landbrukssektoren

I 2010 laga vi ein rapport om arealforvaltning og klimatiltak i landbruket i Sogn og Fjordane. Dette vart følgt opp i 2012 med ein rapport om utslepp og aktuelle klimatiltak i landbruket i fylket. Konklusjonen er kort fortalt at det er mogeleg å nå målsettinga i klimameldinga om at 30 % av husdyrgjødsel skal brukast i biogassanlegg, men pr. i dag er ikkje dette økonomisk forsvarleg. Eit meir aktuelt tiltak er betre bruk av mineralgjødsel for å redusere nitrogentapet. I rapporten er det også peika på at den veksande skogen bind store mengder CO<sub>2</sub>, slik at utsleppet av klimagassar frå landbruket i fylket utgjer berre 14 % av bindinga av CO<sub>2</sub> i skogen. Vi har ikkje hatt kapasitet til å arbeide vidare med desse problemstillingane i 2012.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2012 etter søknadsomgang 2011 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Avrenning til vassdrag	Kulturmiljøer og kulturminner	Tilgjengelighet - friluftsliv	Biologisk mangfold	Plantevernmidler	Avfall	Andre miljøtiltak
FMSF	16600950		4799358		2884270			767565
<b>Sum</b>	<b>16600950</b>	<b>0</b>	<b>4799358</b>	<b>0</b>	<b>2884270</b>	<b>0</b>		

## 22.4 Økologisk landbruk

### Status og utfordringar

Handlingsplanen for økologisk landbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane 2010 - 2013 har som hovudmål å doble produksjon og omsetnad i høve til 2009. Sogn og Fjordane er saman med Hordaland føregangsfylke for økologisk frukt og bær. I 2012 har arealet auka med 66 dekar eple, 2 dekar pære, 8 dekar plomme og 24 dekar bringebær. Av det totale arealet av eple, pære, plomme og bringebær er 21,9 %, 26,5 %, 10,5 % og 5,1 % no dyrka økologisk. Totalt har vi 605 dekar økologisk frukt og bær og 68 dekar i karens der eple utgjør det største arealet. Dessverre ser vi berre små volum att i marknaden, og vi vil gjere ei kartlegging av avlingsnivå på dei økologiske areala og i tillegg sjå kor desse produkta vert selde. Samstundes må vi arbeide aktivt for å betre avlingane for å få større volum av frukt og bær i marknaden. Dette vert m.a. gjort ved å etablere ein visningshage. Etter jordbruksoppgjæret 2011 har vi opna for å gje inntil 50 % investeringstilskot ved etablering av økologisk frukthage.

Innan grovfôrproduksjon og husdyrhald har vi ein nedgang på 1200 dekar økologisk eng og beite og har no 4,3 % av jordbruksarealet som er økologisk. Det er ein nedgang på 746 vinterfôra sauer, ein liten auke for storfe og mjølkegeiter og auke på 173 utegangarsauer.

Handlingsplanmidlane vert lyste ut og gitt til tiltak som er i tråd med handlingsplanen. Det er eit godt samarbeid med Økologisk Føregangsfylke og Fylkesmannen i Hordaland kring prioritering av fellestiltak. I 2012 fekk desse tildelt midlar: Njøs Næringsutvikling AS, Norsk Landbruksrådgiving, Oikos Vest og Bioforsk. Det er rapportert på bruken av midlane til SLF.

## **22.5 Tre og miljø**

Vi har saman med Fylkesmannen i Møre og Romsdal avslutta prosjektet Biostigen der målsettinga var å finne flaskehalsar for utvikling av bioenergi på Vestlandet og beskrive verdikjeder for utvikling av denne næringa. Sluttrapporten viser at lett tilgjengeleg lauvskog og bakhun frå sagbruk har størst potensiale til bioenergi. Det er også viktig å få opp fleire større lokale anlegg som kan ta imot skogsflis slik at transportkostnaden ikkje blir for stor. God tilgang på forholdsvis rimeleg elektrisk straum er også ei vesentleg hindring for auka bruk av bioenergi. Dei selskapa som har investert i større bioenergianlegg, må ha økonomisk ryggrad til å tole nokre år med negativt eller dårleg økonomisk resultat. Skal vi få vesentleg auka bruk av bioenergi må styresmaktene vurdere dei økonomiske rammevilkåra for både dei som leverer flis og dei som eig og driv forbrenningsanlegga og fordelingsnettet.

Vi har også i 2012 støtta opp under eit informasjonsprosjekt om bioenergi. Hovudsakleg er det etablert små gardsanlegg, men nokre større er under planlegging.

## **Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk**

Vi er å jour med klagesaker på kommunale vedtak etter jordlova og konsesjonslova. Det er vårt generelle inntrykk at kommunane handterer regelverket om frådelling, bu- og driveplikt og konsesjon forsvarleg etter lovverket. Men det er noko varierende interesse og vilje til å bruke regelverket aktivt i busetnadspolitikken. Dette fører til at enkelte kommunar framstår som klart strengare enn andre, særleg ved praktisering av bupliksreglane.

I 2012 hadde vi eige kurs for folkevalde om jordlova og konsesjonslova, og eit kurs for kommunane om prisvurdering etter konsesjonslova. Vi informerer også ved eigne møte der kommunane ber om det, og pr. telefon. Vi har til no ikkje funne grunn til å påleggje kommunane å sende kopi til Fylkesmannen av alle vedtaka. Vi har i løpet av året hatt nokre enkeltsaker om høgste lovlege pris etter konsesjonslova. Regelverket på dette området har trong for ein gjennomgang og klargjering, særleg for spørsmålet om verdien av bustadhus.

Jordfondet er avslutta i vårt fylke.

## **Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll**

Vårt generelle inntrykk er at kommunane har ei forsvarleg forvaltning av tilskotsordningane, men vi er delvis uroa over nedgangen i fagkompetanse og kapasitet. Kontrollarbeidet frå vår side skjer på grunnlag av ein årleg

kontrollplan der dei som er ansvarlege for dei ulike ordningane også deltek i forvaltningskontrollen. Totalt er derfor ti personar involverte i kontrollarbeidet, men samla tidsbruk er under eit årsverk.

Vi gjennomførte alle planlagde forvaltningskontrollar hjå sju kommunar, og dermed har vi gjennomført slik kontroll hjå alle kommunane i løpet av dei siste fem åra. Men vi rakk ikkje å gjennomføre alle planlagde kontrollar på gardsbruk. Vi planla to føretakskontrollar i kvar av dei sju kommunane, men rakk ikkje meir enn fire slike kontrollar. Kommunane har som førsteinstans hovudansvar for kontroll på 5 % av gardsbruka som søkte produksjonstilskot, og det vart gjennomført.

### Avløysarlaga

I 2012 fekk Sogn og Fjordane tildelt støtte til 20 årsverk som vart fordelte på dei ti avløysarlaga som vi har. Avløysarlaga dekkjer heile fylket inklusiv Solund. Der er ikkje eigen landbruksvikar i Solund, men Sunnfjord Landbrukstenester dekkjer kommunen og har folk som tek på seg oppdrag. I februar hadde vi møte med avløysarlaga om landbruksvikarordninga, og vi deltok på fellesmøte med avløysarlaga i Hordaland og Sogn og Fjordane der sjølve tilskotsordninga var tema. Eit tema som vart diskutert er å sjå tilskotet over fleire år og ikkje berre eitt, slik det er no. Ordninga fungerer godt, men nokre av laga brukar ikkje alle tildelte midlar.

### Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall

#### Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
2	5	1	5	5	4

#### Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
29	0	3	1	0	0	19	0	0

### Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012

#### 1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,8  
Antall personer: 10

#### 2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Balestrand kommune</b>
Orninger/omfang:	NMSK og Landbruksvegforskrifta
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Gaular kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot (PT) og RMP
Registrerte avvik:	Det manglar kart over økologisk areal ved søknad om PT. Mangelfull dokumentasjon ved endring av søknadsinformasjon i WESPA
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen på endra rutinar

Kommune:	<b>Gloppen kommune</b>
Orninger/omfang:	RMP og SMIL
Registrerte avvik:	Manglar skriftleg betalingsoppmoding ved sluttutbetaling.
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen på endra

avvik:	rutinar
Kommune:	<b>Luster kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot (PT) og RMP
Registrerte avvik:	Gjev munnleg løyve til utsett søknadsfrist med ein/nokre få dagar. Fattar ikkje eigne vedtak ved avslag av søknader, men let det kome i utbetalingsbrevet frå SLF.
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen på endra rutinar

Kommune:	<b>Sogndal kommune</b>
Orninger/omfang:	NMSK og Landbruksvegforskrifta
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Solund kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot (PT) og RMP
Registrerte avvik:	Manglar vedlagt kart over areal med økologisk drift. Gjev munnleg løyve til utsett søknadsfrist med ein/nokre få dagar
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding frå kommunen på endra rutinar

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

Foretak:	<b>A - Luster</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Hjemmel for kontroll:	Søknad om Produksjonstilskot §11
Registrerte avvik:	Mangla miljøplan
Oppfølging av avvik:	Krav om tilbakebetaling

Foretak:	<b>B - Luster</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Hjemmel for kontroll:	Søknad om produksjonstilskot §11
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	<b>C - Gulen</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Hjemmel for kontroll:	Søknad om produksjonstilskot §11
Registrerte avvik:	Arealtypen på gardskart stemmer ikkje med terrenget. RMP: Det var i 2011 innvilga tilskot til vinterfôra sau som beiter i kystlyngheia
Oppfølging av avvik:	Arealtype på gardskart vert retta opp. Regelverket for RMP vert vurdert endra og betre presisert frå 2013.

Foretak:	<b>D - Gulen</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Hjemmel for kontroll:	Søknad om produksjonstilskot §11



Registrerte avvik:	RMP: Det var i 2011 innvilga tilskot til vinterføra sau som beiter i kystlyngheia
Oppfølging av avvik:	Regelverket for RMP vert vurdert endra og presisert frå 2013.

#### 4. Andre kommentarer/ innspill:

Vi har i 2012 ikkje gjennomført meir enn fire av 14 planlagde kontrollar på gardsbruk.

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Vi har gjennomført ei rekkje kurs for kommunane for å styrke kompetansen og kvaliteten i sakshandsaminga og utviklingsarbeidet. Døme på dette er:

- Bygdeutvikling, både for kommunane og mobilisering i lokalsamfunn
- Næringsutvikling i kommunane, samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Norge
- Produksjonstilskot
- Taksering av landbrukseigedomar
- Gardskart

Den største utfordringa er at stadig fleire kommunar har ei minimumsbemanning på landbruksområdet, og stormskadane etter orkanen Dagmar avslørte at det særleg på skogbruksområdet manglar mest. Vi tek dette opp med dei aktuelle kommunane ved kommunebesøk og forvaltningskontroll, til dømes ved å peike på at det kan vere mogleg med interkommunalt samarbeid.

Dialogen med kommunane skjer hovudsakleg på administrativt nivå. Leiargruppa hos Fylkesmannen har felles møte med to til fire kommunar om gongen, og er også landbrukstema og arealforvaltning stundom på saklista. Tidleg i 2012 gjennomførte vi samlingar for folkevalde, først generelle kurs i regi av Fylkesmannen og deretter eigne fordjupingskurs innan landbruk og miljø. I tillegg har vi etter invitasjon delteke på enkelte møte i formannskap og kommunestyre for å orientere om lover og regelverk på landbruksområdet. Det er stor interesse for landbrukspolitikk. Særleg kjem dette til uttrykk på fylkesnivå, men vi ser også at enkelte kommunar har eigne utviklingsprosjekt for å styrke landbruket. Heldigvis er fleire av desse prosjekta interkommunale.

Vi har eit eige samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, Innovasjon Norge og KS for å utvikle førstelinjetenesta for næringsutvikling. Fylkeskommunen har hovudansvaret og arrangerer diverse kurs i det daglege utviklingsarbeidet, utviklar informasjonskanalar og nettverk, og stiller forventningar til bruken av kommunale næringsfond.

Vi har rapportert på tal på årsverk ved landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen og i den kommunale landbruksforvaltninga, jamfør e-post til LMD 21.05.2012.

Hjå Fylkesmannen har talet på årsverk på landbruksområdet smått om senn blitt redusert årleg, frå omlag 20 årsverk i 2009 til 18 i 2012. I tillegg har vi om lag tre årsverk i administrative fellesfunksjonar og intern drift. Slik vi ser det er denne reduksjonen ein konsekvens av at fylkesmannsembeta er underfinansierte og talet på årsverk blir dermed salderingsposten. Dersom departementa ønskjer å tettare styre ressursbruken hjå fylkesmennene, kan ein måte vere å opplyse kor stor del dei ulike departementsområda legg inn i fellesbudsjettet på 1510.

Embetsleiinga har jamleg møte med KS, og i den grad det er naudsynt blir også landbrukstema teke opp der. På landbruksområdet har vi etter diskusjon med KS oppnemnt ei eiga Faggruppe for landbruks- og miljøforvaltning som blir involvert i planlegging av kurs og andre opplæringstiltak. Vi har også involvert KS i arbeidet med Regionalt bygdeutviklingsprogram der dei oppnemnde nestleiarer sin som medlem i styringsgruppa.

Vi fekk tildelt 65 000 til kommuneretta arbeid i 2012 og vi har bokført om lag 10 000 kr nytta til eit møte om rovviltskadar, 24 000 kr er nytta til å dekke møtekostnader, møtegodtgjersle, reise m.m. for regionalt miljøprogram og liknande samarbeidsforum. Resten på omlag 31 000 kr skulle nyttast til kurs for kommunane, men dette vart delvis ført på eiga drift og delvis vart ikkje alle planlagde kurs gjennomførte.

## Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

## 26.1 Jordvern og kulturlandskap

Vårt arbeid med jordvern skjer i all hovudsak i samband med høyringsfråsegner i plansakene, og gjennom informasjon til kommunane om behovet for eit aktivt jordvern. Vi har ein jordvernstrategi frå 2009 som fortel kva forventningar vi har til kommunane på området og i kva tilfelle det er aktuelt for oss å reise motsegn til planane.

Den årlege omdisponering av dyrka jord i perioden 2005 til 2011 varierer mykje, frå om lag 450 daa i 2005 til om lag 155 daa i 2011. Denne variasjonen er tilfeldig og har truleg samanheng med *når* større utbyggingar blir gjennomførte. Gjennomsnittet for siste sjuårsperiode er på 320 daa og målsettinga i strategien er 250 daa.

Dei nasjonale målsettingane om jordvern blir presenterte på plansamlingar for kommunane og i dialog om enkeltsaker. Mange kommunar har gamle arealplanar, men dei fleste kommunane har no laga ein planstrategi for kva planar som skal fornyast komande år. Vi deltek i Planforum på fylkesnivå i regi av fylkeskommunen, der kommunane kan presentere sine planløyisingar i ei tidleg fase.

Vi har ikkje hatt plansaker i 2012 der motsegn på grunn av jordvern åleine har enda i Miljøverndepartementet, men jordvern er delvis årsaka til at Lærdal kommune og Statens vegvesen ikkje vart samde om ein av parsellane for E-16 gjennom Lærdal. Denne saka ligg no i Miljøverndepartementet.

Generelt har vi ikkje eit stort utbyggingspress her i fylket, noko som også viser att i liten vekst i folketalet. Men vi har ei indre sentralisering og vekst kring nokre senter som til dømes Førde, Eid og Stryn som delvis kjem i konflikt med jordvern. Den største utfordringa dei komande åra er likevel for større veganlegg som er heilt naudsynte i samferdsla, til dømes modernisering av hovudvegen E-39 sør - nord. Dette er ikkje mogeleg å gjennomføre utan konflikt med jordvern.

Vi har to område med utvalde kulturlandskap; Grinde-Engjasete i Leikanger og Hoddevik-Liset i Selje. Vi har ein god dialog med lokale aktørar om tiltak og skjøtselsplanar. Ein god del av dei prioriterte areala og kulturlandskapsverdiane inngår i skjøtselsavtalar og vert ivaretekne på ein god måte. Vidare utvikling av områda er til dels styrt av utfordringar med eigarforhold, kommunale planar og lokalt engasjement.

Vi deltek i geovekstsamarbeidet og har stor nytte av betre kartgrunnlag i alle arealrelaterte arbeidsoppgåver. Men siste året var det ikkje mogleg for oss å oppfylle Statens Kartverk sine forventningar til økonomisk støtte til nye kartprosjekt. Vi måtte derfor be dei om å senke ambisjonsnivået og framdrifta i nye prosjekt.

Alle kommunane med unntak av Flora vart ferdige med dei nye digitale gardskarta i 2012. Flora blir ferdig i løpet av 2013. Vi har hatt tett og god oppfølging av kommunane undervegs i gardskartprosessen, og i 2012 hadde vi saman med Skog og Landskap kurs for kommunane om vidare oppfølging og vedlikehald.

## 26.2 Samfunnsplanlegging

Det samla jordbruksarealet i fylket har hatt ein jamn nedgang dei siste 11 åra, frå omlag 478 000 i 2001 til 431 000 daa i 2012, det vil seie ein årleg nedgang på 4300 daa. Ein del av dette kan skuldast ein systematisk feil ved at gamle arealkart var meir unøyaktige enn dei nye digitale gardskarta, men uansett syner statistikken ein urovekkjande nedgang i jordbruksarealet. Til samanlikning er den årlege omdisponering av fulldyrka jord til nedbygging dei siste sju år på om lag 320 daa. No kan ikkje desse to tala samanliknast fullt ut, både fordi den varige nedbygginga er irreversibel og fordi det ikkje er den mest verdifulle jorda som går ut av drift. Det er derfor viktig med landbrukspolitiske tiltak for å halde "jord ute av drift" i hevd med tanke på framtidig matproduksjon.

Verneplanarbeidet med dei store verneområda er ferdige her i fylket, og no er vi over i ein forvaltningsfase. Vårt generelle inntrykk er at det ikkje er store motsetningar mellom tradisjonelt landbruk og forvaltning av desse verneområda. Lokalt kan det vere større konflikt mellom landbruket og små naturreservat som er oppretta for å ta vare på særlege naturverdiar. Desse ligg som regel nærmare dei aktive landbruksområda, men også her finn ein stort sett tenlege løysingar for både landbruksdrift og naturvern.

Sogn og Fjordane er eit av fylka med flest søknadar om småkraftverk. Fylkesmannen gir fråsegn til NVE i desse sakane og her blir også landbruksinteressene omtala. Ofte har slike småkraftutbyggingar positive verknadar for landbruk, næringsutvikling og busetnad.

Fylkesmannen gir felles fråsegner til plansaker der ulike sektoromsyn blir omtala. Det var relativt få overordna arealplanar i 2012, truleg fordi kommunane jobba med planstrategiane. Vi gav fråsegn om landbruksinteressene i over 200 plansaker, medrekna både oppstarts- og høyringsfråsegner. Dei fleste av desse påverka ikkje landbruksinteressene. I tillegg gav vi merknad om landbruksinteressene i 120 dispensasjonssaker i LNF-områda. Dette talet er framleis for høgt og skuldast både mange gamle planar og noko varierende interesse for å følgje opp arealplanane. Våre merknader i dispensasjonssakene kan sorterast i tre like delar: Dei kor vi ikkje hadde merknad, dei kor vi hadde enkelte innvendingar, og dei kor vi gav klart råd mot å gje dispensasjon. Vi har ikkje funne grunn til å klage på kommunane sine dispensasjonsvedtak i 2012, og heller ikkje reist motsegn mot kommunale planar i 2012. Ved fleire høve varslar vi mogeleg bruk av motsegn ved oppstart, men i dei alle fleste tilfella finn kommunen fram til løysingar vi kan akseptere. Vi er godt nøgde med at vi ikkje treng å bruke motsegn så ofte, men dessverre er ein del av kommuneplanane for gamle.

Landbruksavdelinga er representert i geovekstsamarbeidet her i fylket. Heile embetet har nytte av oppdaterte kart, men særleg i saker som vedkjem landbruk, arealforvaltning, miljøforvaltning og beredskap, er det svært viktig og arbeidssparande å ha oppdaterte kart og ortofoto.

Beredskapsarbeidet er organisert som ein del av staben i embetet, og alle fagavdelingar bidreg i arbeidet med å revidere risiko og sårbarheitsanalysen for fylket. Landbruksdirektøren er ein del av krisestaben og deltek på enkelte øvingar på området. Vi har også eit samarbeid med Mattilsynet omkring dyre- og plantehelse.

## Resultatområde 27 Reindriftsforvaltning

Her har vi ikkje relevante oppdrag i vårt fylke.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 3 984 711,85	kr 16 590,00
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 1 536 464,56	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 425 662,59	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 471 230,18	kr 0,00
25 Effektiv forvaltning	kr 1 728 115,63	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging	kr 1 561 287,89	kr 0,00
27 Reindriftsforvaltning	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 156 108,15	kr 0,00
Sum:	kr 10 863 580,00	kr 16 590,00

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområde

#### 31.1 Tilsyn

I 2012 arbeidde vi ut frå følgjande arbeidsskrav på resultatområde 31.1:

- Felles nasjonalt tilsyn: 6 tilsyn
- Fells nasjonalt tilsyn - oppfølging: 4 tilsyn
- Prioritert tilsyn - vaksne sin rett til grunnskuleopplæring: 3 tilsyn
- Eigeninitiert tilsyn - svømmeopplæring: 3 tilsyn

## Vurdering av eiga måloppnåing

### a. Ressursar i embetet

Tilsynsaktiviteten i 2012 er gjennomført i samsvar med aktivitetskravet. Det er gjennomført ti stadlege tilsyn og sju dokumenttilsyn. Vi meiner at for 2012 er tilsynsomsfanget godt balansert mellom våre ressursar og aktivitetskrava. For å vere mindre sårbare, t.d. ved sjukdom, har det til vanleg vore tre tilsette både under planlegging og gjennomføring av stadlege tilsyn.

### b. Kompetanse

Dei tilsette som arbeider med tilsyn har høgare formell utdanning. Nokre har lang erfaring med tilsynsarbeid og i tillegg arbeidserfaring frå kommunal sektor. Vi meiner det likevel er behov for å arbeide meir systematisk for å sikre at det til kvar tid er tilstrekkeleg og oppdatert kompetanse på tilsynsområdet. Dette kan skje både i form av opplæring av nyttilsette og oppdatering av meir erfarne medarbeidarar.

### c. Metodikk og strategiar

På utdanningsavdelinga har vi etablert tilsynslag med ansvar for tilsynsarbeidet på barnehageområdet og for grunnopplæringa. Alle tilsette på avdelinga er representerte i tilsynslaget, og det har vore gjennomført månadlege møte der vi m.a. drøftar og utarbeider forslag til tiltak på tilsynsfeltet, samordnar tilsyn innan avdelinga og i embetet og vurderer og drøftar aktuelle tilsynsystema. Det er også utarbeidd instruks for tilsynslaget med innlagt årshjul for m.a. å sikre at bestemte data og registreringar vert oppdaterte etterkvart. Dette utgjer såleis ein viktig del av utdanningsavdelinga si områdeovervaking på avdelinga sitt ansvarsområde.

Våren 2012 utarbeidde utdanningsavdelinga ein modell for lærande tilsyn mellom anna inspirert frå erfaringar frå Fylkesmannen i Rogland (Helsetilsynet). Modellen vart presentert og drøfta på møte i sør-vest samarbeidet og den vart seinare presentert både for dei skulefagleg ansvarlege i kommunane og på nasjonal samling arrangert av Utdanningsdirektoratet. Vi har fått innspel både frå andre embete og frå kommunane gjennom eiga responsgruppe. Modellen har blitt positivt motteken, og vi vil bruke modellen i samband med tilsyn i 2013.

### d. Andre relevante forhold i fylket

I 2012 gjennomført vi tre møte med ansvarlege for skulane og barnehagane i kommunane. Desse møta er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og KS. I 2012 har vi i tillegg gjennomført kommunemøte saman med dei andre avdelingane på embetet. På samlingane har m.a. "læring gjennom tilsyn" (modell) vore gjennomgåande drøftingstema. Vi håper at ein kombinasjon av tradisjonelle tilsyn og parallelle eigenkontrollar i nabokommunar vil sikre eit breiare nedslagsfelt og betre måloppnåing.

Vårt hovudinstrykk er at tilsynsobjekta, skuleeigar og skulane, ser på våre tilsyn også som læring, dvs. betre lovforståing og ein forbetra praksis. Dette er også noko vi understrekar i vår samhandling med tilsynsobjekta. I samband med tilsyn med elevane sitt psykososiale miljø har vi også fleire døme på at kommunen i ettertid gjennomfører interntilsyn med same tilsynsystema og metodikk som vi har nytta.

Vi opplever ikkje at kommunar ikkje rettar lovbrøt som er oppdaga gjennom tilsyn. Men i samband med oppfølgingstilsyn i 2012 ser vi at det er viktig at skuleleigar utøver ei aktiv rolle når det gjeld å følgje opp skulane og for å sikre at ulovleg praksis vert endra.

## 31.2 Klagesaksbehandling

### 31. 2 Klagesaksbehandling

Vurdering av eiga måloppnåing

a. Ressursar i embetet

Vi vurderer å ha god måloppnåing, og størstedelen av sakene vart handsama innan fristane gitt i serviceerklæringa vår. I serviceerklæringa vår har vi sett ei saksbehandlingstid på fire veker for klage på spesialundervisning, skyss og standpunkt karakter. Samla saksmengde er tilnærma lik året før, med nokre færre klager på spesialundervisning, og nokre fleire på skyss.

b. Kompetanse

I hovudsak er det juristen på avdelinga som handsamar klagesakene. I tillegg er det fleire med høgare formell utdanning (pedagogikk og spesialpedagogikk) som også behandlar saker som gjeld spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning, psykososialt miljø og standpunkt karakter.

c. Metodikk og strategiar

Sakene vert handsama skriftleg og i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og andre forvaltningsrettslege prinsipp. Vi registrerer sakene som kjem inn, og brukar denne informasjonen som ein del av grunnlaget for val av tilsynsobjekt.

Vi samarbeider om enkeltsaker og bruker klagelaget til å sikre felles lovforståing, god gjennomføring av klagebehandlinga og fordeling av saker.

I forhold til 2011 har tal klager på standpunkt karakter gått ned frå 45 til 34. I år har vi ikkje returnert saker til skulen for ytterlegare opplysing slik vi gjorde i 2011. I 2011 hadde vi 58 % avslag, og i 2012 hadde vi 53 % avslag. I 2010 hadde vi 19,5 % avslag. Dette kan tyde på at skulane etter runden med mellombelse brev i fjor har blitt flinkare til å behandle klagesakene på standpunkt i tråd med lov og forskrift.

Klagesaksbehandling sentralt gitt eksamen, gunnskule:

I 2011 var det 504 klager, medan ein i 2012 hadde 421 klager. Tal klager som fekk medhold er omlag det same begge åra.

Klagesaksbehandling sentralt gitt eksamen HAUST, vidaregåande skule:

I 2010 var det 535 klager i dei fagkodane vi har ansvar for. I 2011 var det 638 klager. I 2012 var klagalet på 1018. Dette viser ei dobling i tal klager dei siste to åra.

Totalt tal klager i tabellen er rett. Tal medhold byggjer på føresetnad om 5% madhold. Rette tal kan hentast ut frå PAS i perioden etter klagebehandling, men er no sperra for oss.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	34	16	18	0	0	
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	1	0	1	0	0	
Skyss, § 7-1	8	3	4	0	1	
Spesialundervisning, § 5-1	10	0	9	0	1	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	2	2	0	0	0	Sakene vart sendt kommunen for behandling og vart avslutta der utan klage på kommunen sitt vedtak.
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	1	0	0	0	Saka måtte sendast kommunen for førsteinstansbehandling, og vart avslutta i kommunen utan klage på vedtaket. I ei sak som ikkje er ført opp

Skoleplassering, § 8-1	3	0	2	1	0	her, fekk klagar medhald i kommunen etter klage, og saka vart då avslutta.
Sentralt gitt skftlig eksamen	421	107	314	0	0	Av dei 314 som ikkje fekk medhold vart karakteren sett ned i 10 av klagene.
Sum	481	129	349	1		

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	2	0	2	0	0	
Sentralt gitt skriftlig eksamen	1018	51	967	0	0	Gjeld klager på hausteksamen i fagkodane vi har ansvar for.
Sum	1020	51	969	0		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	2	1	1	0	0	
Sum	2	1	1	0		

### 31.3 Grunnskolen informasjonssystem (GSI)

For å kvalitetssikre og følge opp arbeidet med GSI i Sogn og Fjordane gjennomførte vi to regionale samlingar i forkant av GSI-rapporteringa. Til samlinga på Leikanger kom det fem deltakarar og til samlinga i Gloppen 17 deltakarar. Dei siste to åra har vi gjennomført regionale samlingar i alle tre regionar. Dette gjer at behovet for GSI opplæring er blitt mindre. Tema på samlingane var kvalitetssikring av GSI-rapportering. Ved å gjennomføre regionale samlingar fekk nabokommunar høve til å samkøyre GSI-registrering, og ein kunne nytte kvarandre som ressursar.

Etter ferdigstilling av GSI-tala har vi arbeidd med å kvalitetssikre og revidere innrapporterte data. Vi har hatt særleg merksemd på assistenttimar, leksehjelp og fysisk aktivitet i grunnskuleskjemaet. I tillegg har vi konsentrert oss om vaksenopplæringsskjemaet og kulturskuleskjemaet der det har vore rapportert på interkommunale løysningar.

Fylkesmannen har med utgangspunkt i GSI-tala tenkt å følge opp kommunane når det gjeld rapportering på forsvarleg gruppestorleik. Vi avventar her rapportar frå Utdanningsdirektoratet. Det har ikkje vore funne avvik på gruppestorleik dei siste åra.

Vi har delteke på nasjonale samlingar om GSI og delteke i sør-vest-samarbeidet på området.

Tal frå GSI blir nytta aktivt ved tilsynsarbeid.

Vi vurderer at vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen.

### 31.4 Informasjon og veiledning

Vi har sju tilsette som er involverte i arbeid på dette området. Vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen. Vi informerer og rettleier på telefon og gjennom brev, og vi publiserer aktuell informasjon på heimesidene våre.

Vi har etablert faste samarbeids- og møtstrukturar i fylket i lag med KS, kommunane, fylkeskommunen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet. Vi har utarbeidd ein samordna møteplan for denne verksemda som inneheld tidspunkt for ulike møte og konferansar. Dette gir oss høve til å planlegge og arbeide strategisk, og det gir oss høve til å sjå tiltak i samanheng. Det gir gode vilkår for koordinert innsats, kontinuitet og tett oppfølging. Det er stor forplikting, god oppslutnad og sterkt engasjement for dei ulike tiltaka. Kommunane er organiserte i fire stabile regionar som har omfattande samarbeid.

Vi har i tillegg innført eit fast dialogmøte i året med dei skulefagleg ansvarlege i kvar region. Her tar vi opp sentrale tema i embetsoppdraget vårt som krev eit tett samarbeid med skuleeigar. Skuleeigar får her høve til å formidle sine sentrale satsingsområde og kva område dei spesielt treng støtte på frå utdanningsavdelinga.

Fordi vi har strukturert arbeidet på denne måten, legg vi møteplassane til grunn for omtale av ulike oppdrag og tiltak. Det som ikkje er nemnt her, er nemnt under andre resultatområde.

### **Utdannings- og oppvekstmøte**

I samarbeid med KS arrangerer Fylkesmannen som nemnt tidlegare tre møte per år for kommunane ved skule- og barnehageansvarlege, der m.a. informasjon og opplysningar om regelverk og satsingar inngår som ein fast del av programmet. Fylkeskommunen deltek også her. Sentrale tema har m.a. vore tilsyn, intern- og eksternvurdering, tilstandsrapport og funksjonalitetar i Skoleporten, rettleiarkorps, Manifest mot mobbing, betre læringsmiljø og spesialundervisning og strategi for ungdomstrinnet.

### **Utdanningsprogram for skuleeigar**

Vi har i samarbeid med KS og Høgskulen gjennomført eit skuleeigarprogram med deltaking frå 20 av 26 kommunar og fylkeskommunen. Deltakarar har vore politisk og administrativ leiing i kommunane. Gjennom fire to-dagars-samlingar og mellomliggjande arbeid har vi hatt som målsetjing å gi deltakarane auka kunnskap og ferdigheiter i dialogbasert styring av skulen. Vi har mellom anna lagt vekt på å synleggjere og stimulere til bruk av verktøy for kvalitetsvurdering og skuleutvikling som vi finn i Skoleporten. Bruk av tilstandsrapporten som verktøy for sikring og utvikling av kvalitet har vore senralt. Programmet er under evaluering av IMTEC, og endeleg rapport vil vere ferdig tidleg haust.

### **Forum for skule- og barnehageutvikling**

Dette er ein fast møtearena for Fylkesmannen, KS, regionansvarlege i kommunane, fylkeskommunen, høgskulen og Utdanningsforbundet. Her set vi sentrale tema på dagsorden for å få koordinerte tiltak og prosessar til beste for skulane og barnehagane. Sentrale tema har vore: vidare- og etterutdanning, leiarutdanning, skuleeigarrolla, vurdering og vaksenopplæring, strategi for ungdomstrinnet, Ny-GIV, spesialundervisning og tilpassa opplæring.

### **Skuleleiarkonferanse**

Fylkesmannen arrangerte i oktober saman med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet den årlege skuleleiarkonferansen. Tema for konferansen i år var leiing til støtte for læring. Fokus vart retta mot både skule- og kommunenivå. Skuleleiarar frå dei fleste skulane i både grunnskul- og vidaregåande opplæring deltok, i tillegg til skulefagleg ansvarlege. Ben Levin frå Toronto var hovudforedragshaldar.

### **Rektorkonferanse**

Dette er ein konferanse der rektorar på ungdomstrinn og i vidaregåande opplæring er deltakarar. I tillegg deltek skulefagleg ansvarlege. Tema i 2012 var m.a. stortingsmeldinga om ungdomstrinnet, innføring av valfag og overgangsprosjektet i Ny-GIV.

### **Lærarstemne**

Vi arrangerte i samarbeid med høgskulen, KS og Utdanningsforbundet det årlege lærarstemnet i april. Hovudtema var vurdering for læring og korleis oppnå betre resultat. Det var stor deltaking av lærarar.

### **Regelverksamling**

Fylkesmannen arrangerte i oktober ein konferanse der vi formidla erfaringar frå tilsyn. Vi tok opp tema som ordensreglement, alternativ opplæringsarena, opplæring for minoritetsspråklege elevar og teieplikt. Målgruppa for konferansen var skuleeigarar og skuleleiarar i grunnopplæringa, PPT og lærarar.

### **Kommunekonferansar og kommunebesøk**

Fylkesmannen har eit samarbeid med KS om tre samlingar i året der to er for rådmenn og ordførarar og ei er for rådmenn. Vi har nytta desse samlingane til å ta opp krav til skuleeigarrolla og har gitt ein tilstandsanalyse av sektoren i tråd med sentrale mål i statsbudsjettet. Vi deltek elles på Fylkesmannen sine felles kommunebesøk og tar opp aktuelle tema innanfor utdanningsområdet.

## Områdeovervaking

Gjennom eit eigenutvikla system for områdeovervaking lagar vi oversikt over tilstanden i kommunane når det gjeld m.a. læringsresultat, læringsmiljø og omfang av spesialundervisning. Vi hentar data frå Skoleporten og kommunane sine tilstandsrapportar. Kunnskapen nyttar vi som grunnlag for dialog på kommunebesøk og som grunnlag for risikovurdering i samband med tilsyn og anna strategisk informasjonsarbeid. Vi informerer om "Bedre læringsmiljø" som ressurs når det er behov for det.

**Nettportal** - [www.kunnskapsdeling.no](http://www.kunnskapsdeling.no)

Fylkesmannen har i samarbeid med KS og Høgskulen i Sogn og Fjordane utvikla ein nettportal der kommunane, fylkeskommunen, høgskulen, Fylkesmannen og arbeidstakarorganisasjonane i Sogn og Fjordane samarbeider om kvalitetsutvikling i skule- og barnehagesektoren.

Partane vedtok i 2012 er at nettportalen m.a. skal formidle informasjon om det nasjonale PRAKUT-prosjektet *Lærande regionar*. Prosjektet går over to år og er eit samarbeid mellom Universitetet i Agder, Høgskulen i Hedmark, Høgskulen i Nord-Trøndelag og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektinformasjonen er under utvikling og vil delvis bli publisert av Fylkesmennene i dei respektive fylka.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har redaktøransvaret for nettportalen. Vi ser utvikling og drift av portalen i nær samanheng med oppgåva som ansvarleg for avdelinga si publisering på fylkesmannen si heimeside. På denne måten er vi stand til å utnytte allereie opparbeidd teknisk og informasjonsretta kompetanse ved avdelinga. Vidare samarbeider vi godt med Trippelnett om behov for tekniske endringar.

Vi vil i 2013 vidareutvikle innhaldet på nettportalen i lag med våre samarbeidspartar.

## Informasjon om regelverket for bruk av alternativ opplæringsarena

Vel 70 skuleeigarar og skuleleiarar i grunnopplæringa og PPT fekk innføring i regelverket som gjeld bruk av alternativ opplæringsarena i grunnopplæringa på ei regelverksamling i oktober. Bruk av alternativ opplæringsarena har vore tema ved fleire eigendefinerte tilsyn dei to siste åra og vi såg behovet for å følgje opp med generell informasjon om regelverket.

Utdanningsavdelinga har etter invitasjon frå landbruksavdelinga [delteke på oppstartsmøte](#) med samarbeidspartar med føremål å lage ein handlingsplan for Inn på tunet-arbeidet i fylket. Planen skal vere klar ved utgangen av mars 2013. Vi har lagt vekt på å informere samarbeidspartane om regelverket som gjeld ved bruk av alternativ opplæringsarena i grunnskulen og vidare at desse føringane skal knytast opp til den nye handlingsplanen.

Avdelinga har god kompetanse på regelverket, og vi har hatt ein brei informasjonsstrategi i 2012 der vi har informert både i samband med tilsyn, regelverksamling for skuleeigarar i fylket og i møte med regionale instansar.

Tiltak framover vil vere å halde fram med å styrke kommunane sin bestillarkompetanse ved kjøp av tenester frå Inn på tunet-tilbydarar.

## 31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Resultatområdet omfattar fleire oppgåver som vert kommentert kvar for seg.

Samla sett vurderer vi kompetansen som god på dei oppgåvene vi skal løyse, og gjennomføringa har gått etter planen.

### PAS og PGS

Embetet har generelt god kompetanse på PAS. På dei meir spesielle oppgåvene med eksamensavviklinga er kompetansen tilfredstillande, men vi er svært sårbare sidan det berre er to sakshandsamarar som jobbar med denne delen.

Systema er no i ferd med å setja seg. I hektiske registreringsperiodar trengst litt brukarstøtte, men stort sett fungerer systema. Vi opplevde nokre kritiske feil ved eksamen grunnskule, der ein i PGS fekk kvittering for levert elevsvar men PDF-fila som vart lasta i PAS var tom (blank). I tillegg fungerte ikkje bruk av honorarskjema.



Med eksamenssvara levert i PAS oppnår vi større tryggleik fordi vi ikkje "mistar" oppgåvesvar i posten. Dessutan kan sensorane starte arbeidet dagen etter gjennomføringa av eksamen, og med gode rutinar ved skulane vil oppbevaring av kopiar verte enklare. Det gjer også arbeidet under fellessensur meir oversiktleg og sikkert.

## Nasjonale prøvar

Vi har god kompetanse i embetet på dette feltet. I perioden for gjennomføring av dei nasjonale prøvane har vi noko brukarstøtte og oppfølging ut mot skuleeigar og skular.

Vi opplever at skuleeigar og einskildskular no nyttar seg systematisk av resultatata for vidare utvikling. Mange har gitt positive tilbakemeldingar på dei nye verktøya i PAS (analyse av grupperesultat).

Nasjonale prøvar for elevane i Sogn og Fjordane syner eit bilete med variasjon i resultat. Vårt fylke er mellom dei fylka med færrest fritak (for alle prøvar på alle dei tre aktuelle trinna).

Resultata syner at femte trinn presterer under eller likt med landsgjennomsnittet på alle tre prøvane. Åttande trinn presterer likt med landsgjennomsnittet i lesing og engelsk, medan dei er i landstoppen i rekning. Niande trinn er i landstoppen på begge prøvane.

## Eksamen

I 2012 var det tre sakshandsamarar på området. I tillegg var det leigd inn noko hjelp til spesifiserte oppgåver. Den samla kompetanse i embetet på dette området vurderer vi som god, og gjennomføringa har gått etter planen. I hektiske periodar er vi sårbare, med få sakshandsamarar og absolutte tidsfristar.

### Sentralt gitt eksamen i grunnskulen

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Frå Sogn og Fjordane vart 2104 elevsvar karaktersette gjennom sensurarbeidet. Av desse vart det klaga på 44 svar.

Sogn og Fjordane dannar felles sensorregion med Møre og Romsdal. I 2012 gjennomførte vi felles sensorskulering for dei tre eksamensfaga for begge fylka, medan fellessensuren vart fordelt med matematikk og norsk for Møre og Romsdal og engelsk for Sogn og Fjordane.

Sensurarbeidet i engelsk var for 1310 elevsvar. Av desse vart det klaga på karakteren på ni svar.

Det var berre eit fåtal elevsvar som ikkje var leverte gjennom PGS. Dette gjorde sensurarbeidet vesentleg enklare enn om vi hadde hatt mange papirbaserte elevsvar.

### Klagesensur NOR0215

Sogn og Fjordane hadde nasjonalt ansvar for klagesensuren i sidemål. Sensorane var samla i Sogndal 4. og 5. juli. Dei handsama her 411 klager. I alt 107 av klagenes fekk medhald (høgare karakter) medan ti klagarar fekk dårlegare karakter. I perioden etter felles klagesensur kom det inn ti klager til. Desse vart handsama av eigen klagekommisjon etter avtale.

Dei aller fleste av elevsvara som vart levert klage på, var levert gjennom PGS. Dette gjorde tilretteleggingsarbeidet av klagesensuren meir oversiktleg.

Embetet har laga seg gode og sikre rutinar for gjennomføring av klagesensur.

### Lokalt gitt eksamen i grunnskulen

Vi deltok på samling om gjennomgang av forskrifter og rutinar for gjennomføring av lokalt gitt eksamen for kommunane i Sunnfjord. Dei andre tre regionane hadde ikkje tilsvarende "storsamlingar".

Vi har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova for gjennomføringa.

### Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Fylkesmannen deltok på møte med dei eksamensansvarlege på alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

### Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Dette vart gjennomført i fylket på forsvarleg måte. Det er ein svært god og tett dialog mellom Fylkesmannen og dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

### Klagebehandling for hausteksamen nasjonal oppgåve

Fylkesmannen har nasjonalt ansvar for klagebehandling for hausteksamen. For hausten 2011 vart det klagebehandla 1018 klager på dei fagkodane vi har ansvar for.

Vi har god kompetanse på området, men er svært sårbare sidan hovudansvaret ligg på berre ein sakshandsamar og oppgåva er tidskritisk. Vi må setje inn fleire sakshandsamarar på feltet for å redusere sårbarheita.

### Gjennomføring av kartleggingsprøver i vidaregåande opplæring

Dette har vore tema på eksamensmøte som vart arrangert saman med fylkeskommunen.

### Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		

	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Sogn og Fjordane ligg under landsgjennomsnittet i fritak på alle prøvar med unntak av lesing 8. trinn (ligg 0,1 over) og rekning 8. trinn som er likt med landsgjennomsnittet.	Her er variasjon mellom kommunane frå 0 og til over 10.	Tal elevar på trinnet - små grupper gir store svingingar.	Fylkesmannen er i kontakt med skuleeigar for å diskutere bakgrunn for fritak og resultat på nasjonale prøvar

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

### Tilskot til folkehøgskular

Fylkesmannen mottok årsrekneskapen for 2011 med revisjonsmelding innan 1. juni 2012 frå alle dei fire folkehøgskulane i fylket. Alle skulane hadde fått rekneskapen godkjend av revisor. Vi rapporterte vidare til Utdanningsdirektoratet innan fristen 1. september.

### Tilskot til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak

Vi har kontrollert at elevar og tal månader stemmer med lister tilsendt frå UDI. Eventuelle manglar og avvik er retta opp i dialog med kommunane før utbetaling av tilskotet. Fylket har fem kommunar som har mottak og dermed kan søkje om tilskot. Vi har levert tertialrapportar til Utdanningsdirektoratet.

### Tilskot til leriskuleopplæring

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga på tilskotsområdet som god. Vi har handsama dette tilskotet etter gitte retningslinjer og fristar. Før utbetaling av tilskotet, har kravet vore at alle søknader må innehalde kvittering for opphald på leirskule og elevlister. I tillegg har vi vurdert tal på grupper opp mot GSI-tal frå kommunen. Vi kontrollerer at faktura for opphald (evt. stadfesting) ligg ved søknad om tilskot og at leirskuleopphald har minst tre overnattingar i samanheng. Det vert utført kontroll av feil i tal og utrekning. Feil vert eventuelt retta opp i tilskotbrevet til kommunen. All dokumentasjon og saksbehandling er lagra i ePhorte. I tildelingsbrevet tek vi atterhald om kontroll med at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene m.a. ved stikkprøvekontroll. Vi har levert tertialrapportar til Utdanningsdirektoratet.

### Tilskot til landslinjer

Vi har gjennomført kontroll med tilskot til landslinjer.

## Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnpplæringen

### 32.2 Kompetanseutvikling

Vi har tileigna oss kunnskap om strategiar og sentrale ordningar ved å delta på nasjonale samlingar og orientert seg i skriv og rettleiingar. Etter vår vurdering er oppgåvene løyste på ein tilfredsstillande måte.

Fylkesmannen har informert skuleeigarane om strategien "Kompetanse for kvalitet" ved diverse samlingar, gjennom brev og ved å leggje ut informasjon på heimesida vår. Eit viktig forum for drøfting av strategien er "Forum for skule- og barnehageutvikling", der medlemmar frå skuleregionane, KS, Utdanningsforbundet og Høgskulen i Sogn og Fjordane deltek saman med Fylkesmannen.

#### Vidareutdanning

Totalt i fylket starta 75 lærarar på vidareutdanning skuleåret 2012-2013. Fylkesmannen har fått melding om et ein av desse har slutta. Auken frå 55 deltakande lærarar frå 2011-2012 kjem av relativt stor deltaking frå Vågsøy, Selje og Askvoll. Høgskulen i Sogn og Fjordane har lagt opplæringa geografisk nær desse kommunane.

For å fylgje opp at partane oppfyller vilkåra i avtalen, har vi i år fått tilsendt kopi av dei deltakande lærarane sine arbeidsplanar.

#### Etterutdanning

I Sogn og Fjordane vart alle midlane til etterutdanning tildelt skuleeigarane etter dei retningslinjene som vart gitt av direktoratet. Det vart etter søknad fordelt kr 1 231 000 til skuleeigarane retta mot dei prioriterte områda leseopplæring, rekneopplæring, vurdering for læring, klasseleiing, spesialpedagogikk, andrespråksdidaktikk og fag- og yrkesopplæring.

Midlane vart i grove trekk fordelte etter same fordelingsnøkkel som Utdanningsdirektoratet brukte i si fordeling mellom fylka.

#### Vurdering for læring

Fylkesmannen har assistert direktoratet i gjennomføringa av prosjektet "Vurdering for læring". Åtte skuleeigarar i fylket vart etter søknad plukka ut til å vere med i første pulje i den statlege satsinga. Det er Selje, Gloppen, Førde, Flora, Fjaler, Askvoll, Luster og Årdal. Alle kommunane leverte sluttrapport innan 31.01.2012. Pulje to starta opp i 2011. Fylkeskommunen og Sygna vidaregåande skule er deltakarar i satsinga. Dei leverte sluttrapport i september som vart vidaresendt til Utdanningsdirektoratet 28.09.2012.

#### GNIST

Fylkesmannen deltek i den lokale GNIST-partnarskapen der Forum for skule- og barnehageutvikling er arbeidsutval, og der KS, Fylkesmannen, høgskulen og Utdanningsforbundet deltek. Utdanningsavdelinga har koordineringsansvar for regional GNIST. Informasjon om både nasjonalt og regionalt GNIST-arbeid er lagt ut på portalane [www.kunnskapsdeling.no](http://www.kunnskapsdeling.no) og [www.gnistweb.no](http://www.gnistweb.no). Gjennom dette arbeidsutvalet har vi arbeidd målretta med alle elementa i strategien. Dette året har vi hatt spesiell merksemd på oppfølging av Meld. st. 22. Vi har hatt problem med å involvere og mobilisere dei andre partane i strategien, og vi tenkjer då spesielt på LO og NHO.

Hausten 2012 vart det tilsett prosjektleiar for GNIST i tråd med avtalane med partane. Prosjektleiar for GNIST har i siste del av året jobba med innhenting av informasjon og klargjering for arbeidet med skulebasert kompetanseutvikling.

#### Pilotering skulebasert kompetanseutvikling

I Sogn og Fjordane er tre kommunar med to ungdomsskular kvar med i piloteringsarbeidet med skulebasert kompetanseutvikling. Dette skjer i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Fjaler kommune

Jølster kommune

Stryn kommune

I samband med piloteringa har vi på vegne av Utdanningsdirektoratet betalt ut tilskot på 130.000 til kvar kommune for dette tiltaket.

### **32.3 Skoleporten**

Kommunane innarbeider i aukande grad Skoleporten sine verktøy som ledd i lokal kvalitetsvurdering og rapportering i grunnopplæringa. Det har gjennom året vore enkelte spørsmål om teknisk brukarstøtte frå kommunane.

Fylkesmannen bruker Skoleporten som grunnlag for embetet sitt tilsynsarbeid og som støtte for risiko- og sårbarheitsvurdering av kommunane. Kommunane sine årlege tilstandsrapportar publiserer embetet på nettportalen [www.kunnskapsdeling.no](http://www.kunnskapsdeling.no). Gjennom "Områdeovervaking" (jf. 31.1 punkt c) gjer embetet bruk av utvalde indikatorar m.a. henta frå Skoleporten.

Fylkesmannen har i samarbeid med KS og Høgskulen i Sogn og Fjordane initiert eit skuleeigarprogram som starta februar 2012 og vart avslutta januar 2013. Dette besto av fire samlingar med mellomliggjande arbeid. Målsetjinga var ei styrka involvering frå både politisk og administrativ leiding i kommunane og fylkeskommunen. Fylkeskommunen og 20 av 26 kommunar deltok. Gjennom dette programmet stimulerte vi til bruk at Skoleporten sine ulike element i det lokale kvalitetsvurderings- og utviklingsarbeidet.

Vi deltek elles aktivt i eit forskingsprosjekt som skal prøve å forstå kvifor Sogn og Fjordane får betre resultat på nasjonale prøver enn dei tre andre fylka som deltek (Nord-Trøndelag, Oppland og Aust-Agder). Prosjektet er to-delt slik at vi i tillegg til ein forskardel også ser dette som eit utviklingsprosjekt. I den samanheng stimulerer vi til bruk av Skoleporten for analyse av resultat og læringsmiljø som grunnlag for vidare kvalitetsutvikling. Sju kommunar i fylket deltek, men informasjon om arbeidet blir gitt til alle kommunane. Prosjektet er organisert i partssamansette grupper både nasjonalt og regionalt. I tillegg til forskarmiljø og Fylkesmennene deltek KS, kommunar og Utdanningsforbundet.

Skuleeigarprogrammet og forskingsprosjektet har gitt oss eit unikt høve til å informere om og stimulere til bruk at Skoleporten sine ulike element. Fordi begge prosjekta er samarbeid med andre aktørar, er det mogleg for oss å ha både faglege og økonomiske ressursar til å oppfylle vår del av ansvaret for gjennomføringa.

### **32.4 Erfaring- og kunnskapsinnhenting**

#### **Kartlegging av opplæringstilbodet for barn i barnevernsinstitusjonar, jf oppdragsbrev 01-12 frå Kunnskapsdepartementet**

I brev datert 20.01.2012 fekk Fylkesmannen i oppdrag å kartlegge opplæringstilbodet for barn i barnevernsinstitusjonar i fylket. Svara frå barnevernsinstitusjonane skulle samanfattast i ein kort rapport til Utdanningsdirektoratet innan 16.03. 2012.

Fylkesmannen kartla rutine ved desse institusjonane:

Sogn barne- og ungdomssenter

Sunnfjord barne- og ungdomssenter

Nordfjord barne- og ungdomsheim

Måløykollektivet

Spørjeskjema frå Utdanningsdirektoratet vart nytta og rapport frå Fylkesmannen vart sendt til Utdanningsdirektoratet 14.03. 2012.

Konklusjonen i rapporten var at det ikkje er registrert særlege utfordringar for opplæringstilbodet for barn i

barnevernsinstitusjonar i Sogn og Fjordane.

## **Forsøk med framandspråk 2010-2012**

To kommunar har delteke i prosjektet: Balestrand kommune med Sagatun skule (spansk) og Gloppen kommune med Breim skule (tysk). I sine rapportar gjev både kommunen og lærarane positive tilbakemeldingar, men kommunane sin økonomi tillet ikkje vidareføring etter forsøksperioden. Forsøket vart avslutta med ein nasjonal avslutningskonferanse sommaren 2012 i Oslo. Begge kommunane og Fylkesmannen var representerte på konferansen.

## **Forsøk med arbeidslivsfag**

Arbeidslivsfaget skal vere eit alternativ til 2. framandspråk og engelsk eller norsk til fordjuping. Faget skal ta utgangspunkt i utdanningsprogramma frå vidaregåande opplæring, og skal tilpassast ungdomstrinnet.

Fire kommunar og seks skular deltek i forsøket i Sogn og Fjordane. Det var totalt 235 elevar i forsøkskommunane som fekk opplæring i arbeidslivsfag hausten 2012. Dette er erfaringar frå dei seks skulane:

### **Stryn kommune**

#### Stryn ungdomsskule

Skulen fekk større utfordringar med romsituasjonen i 2012. Dette har samanheng med at det no er tre årstrinn som skal ha undervisning i arbeidslivsfaget. Det er framleis nokre utfordringar når det gjeld å organisere timane i faget i dobbeltøkter, slik at elevane kan halde fram arbeidet over lengre tid av gangen. Lærarkompetansen ved skulen dekkjer ikkje alle delar av læreplanen. I nokre prosjekt har elevane vore ute i bedrift eller i vidaregåande opplæring for å lære seg lakkeringsteknikkar. Det har og vore samarbeid med barnehagesektoren.

Skulen meiner at innføringa av faget har vore vellukka. Planane har endra seg litt undervegs, både på grunn av elevgruppene og evaluering undervegs. Elevane trivst med faget og skulen har planar om å tilby faget neste skuleår dersom faget vert obligatorisk.

#### Olden skule

Lærarane som underviser i faget har ikkje formell kompetanse innan alle fagområde, men realkompetansen er god og variert, slik at skulen vurderer undervisninga i faget til å vere god.

Skulen meiner innføringa av faget har vore vellukka og at elevane stortrivst. Skulen kjem til å tilby faget neste skuleår dersom det blir innført som obligatorisk fag.

### **Førde kommune**

#### Førde ungdomsskule

Lærarane har god kompetanse i dei fagområda dei underviser i. Tilbodet om utdanningsprogram ut til elevane er bestemt ut frå kva type lærarkompetanse skulen har. Skulen melder om at dei fleste elevane trivst med faget og at faget er eit godt alternativ til norsk eller engelsk fordjuping. Karaktergjennomsnittet på slutten av 9. klasse var i 2012 på 4,2. På 8. steg var snittet 4. Skulen ønskjer å tilby arbeidslivsfag til 8. klasse hausten 2013.

#### Halbrend skule

Skulen brukar samla 12 lærartimar og fire assistenttimar på gjennomføring av faget. I tillegg har skulen i 2012 brukt ca. kr. 40.000 til supplering og innkjøp av nytt utstyr. Skulen leiger tenester av Øyrane vidaregåande skule i samband med gjennomføring av faget teknikk og industriell produksjon (TIP) på 9. steg. Dette utgjør tre rammetimar pr. veke.

Skulen brukar formell kompetanse i TIP. I restaurant- og matfag har læraren årseining i mat og helse som dekkjer delar av kompetansemåla i faget. I bygg- og anleggsteknikk og naturbruk har læraren ikkje formell kompetanse. Skulen nyttar Øyrane vidaregåande skule og lokale bedrifter som samarbeidspartar for gjennomføring av faget.

Skulen ser på arbeidslivsfag som ein god arena for meistring for elevar som tidlegare mangla dette. Engelsk og norsk fordjuping har falle bort som fag fordi dei fleste elevane har valt arbeidslivsfag i staden. Faget er og med på å skape ein sosial arena som skil seg ut ved at elevane jobbar i små grupper med tett oppfølging frå lærar. På 10. steg er det og ein motivasjonsfaktor at elevane får utvikle ei produksjonside gjennom elevbedriftene.

Skulen ynskjer å tilby arbeidslivsfag også kommande skuleår med atterhald om kva som skjer etter at evaluering og vedtak er gjort av direktoratet. Skulen vil prøve å skaffe lærarar med formell kompetanse om forsøket vert eit obligatorisk fag og eventuelt gje tilbod om fleire eller andre utdanningsprogram. Skulen vil halde fram arbeidet med aktivitetsplanar og vurderingskriterium i faget, og prøve ut eksamensmodellar og oppgåver for lokal gitt eksamen.

## **Gulen kommune**

### Dalsøyra skule

Skulen tilbyr opplæring basert på programområda bygg- og anleggsteknikk og restaurant og matfag. Både lokalitetane og lærarane sin kompetanse vert vurdert som tilfredstillande.

Skulen har i forsøksperioden brukt forholdsvis mange lærartimar på arbeidslivsfaget, sidan mange av elevane treng tett oppfølging. Inntrykket er at elevane likar faget, er motiverte og ser fram til desse timane. Skulen ønskjer å halde fram med eit tilbod i arbeidslivsfag, og har ev. planar om eit formalisert samarbeid med næringslivet for elevane i 10. klasse.

## **Eid kommune**

### Eid ungdomsskule

Rammefaktorane for undervisning er gode for alle tre trinna. Lærarane har ikkje noko ekstra kompetanse i faget utanom ulike typar lærarutdanningar. Det er utarbeidd lokale læreplanar for alle trinna og lærarane på dei ulike trinna samarbeider tett når det gjeld faglege opplegg.

Faget er svært populært blant elevane ved skulen. Mange elevar, og stort spenn i elevgruppa som vel dette faget, har ført til store krav til oppfølging og tilpassa fagleg aktivitet frå skulen si side. Skulen har grunna dette prioritert høg lærartettleik i faget, og det kan gå ut over lærartettleiken i andre fag. Arbeidslivsfag blir oppfatta som eit veldig ressurskrevjande fag.

Skulen vurderer faget som eit svært positivt tilbod til elevane, og elevane stortrivst med faget. Skulen ønskjer å gje 8. klasse tilbod om arbeidslivsfag frå hausten 2013.

## **Nettverkssamling**

Fylkesmannen arrangerte nettverkssamling for forsøksskulane i oktober i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland. Hovudtema på samlinga var erfaringar frå munnleg eksamen våren 2012 i Hordaland.

Førebuing til eksamen i arbeidslivsfag våren 2013 vil vere tema for samarbeidet med forsøkskommunane i tida framover.

## **Dronning Sonjas skolepris for inkludering og likeverd**

Utdanningsdirektoratet bad fylkesmannen nominere inntil to kandidatar til Dronning Sonjas skolepris for likeverd og inkludering i 2012. Det var opp til embetet å finne ein høveleg nominasjonsprosess.

Vi inviterte alle skuleeigarar til å kome med framlegg til kandidatar. Vi fekk ein god dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune og valde ein av dei vidaregåande skulane i fylket som vår kandidat, Flora vidaregåande skule.

Generelt er det vår erfaring at det er vanskeleg å få skuleeigarane til å fremje kandidatar til denne prisen på eige initiativ. Arbeidet med å få fram dei gode kandidatane kan vere ressurskrevjande.

## **32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning**

Under dette området skal Fylkesmannen informere og rettleie, medverke og delta i nettverk, samanstillе og formidle dokumentasjon.

Vi får ofte førespurnader om barn og elevar sine rettar til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. I tillegg til brev nyttar vi også mykje tid til å svare på e-post og telefon. Det er også etablert faste møteplassar mellom Fylkesmannen og skule- og barnehageeigarar og bestemte målgrupper for informasjon, rettleiing og drøfting.

Temaet tilpassa opplæring og spesialundervisning er eit viktig tema på dei ulike møtearenaene.

På grunn av eit høgt omfangskrav frå Utdanningsdirektoratet om felles nasjonalt tilsyn (kap 9a) dei siste åra, meiner vi det har vore vanskeleg å gje dette området ein høgare prioritet, t.d. gjennom tilsyn på det spesialpedagogiske området.

### **Informasjon og rettleiing**

Omfanget av spesialundervisning i kommunane i 2012 varierer mellom 3 og 18 %. Forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning er såleis eit aktuelt tema både i møte med enkeltkommunar, regionar og på fylkeskonferansar.

På bakgrunn av områdeovervaking og dialog med kommunane vurderer vi kva som er aktuelle område for oppfølging i form av t.d. informasjon, rettleiing eller tilsyn.

Som eitt verkemiddel under informasjon og rettleiing gjennomfører vi årleg ei eiga regelverksamling i oktober (dagsmøte). Målgruppa er PPT-tilsette, skuleleiarar og skulefagleg ansvarlege. Tema i 2012 var alternativ opplæringsarena, krav og prosess omkring ordensreglement og erfaringar frå tilsyn (opplæringslova § 2-8). Deltakartalet er rundt 80, og vi vurderer deltakinga til å vere god. Deltakarane har gitt gode tilbakemeldingar.

### **Tverrfagleg og tverretatleg nettverk**

Møte mellom Statped vest og Fylkesmannen har ikkje vore regelmessig nok, og vi ynskjer difor å få dette samarbeidet inn i meir faste former. Vi har difor avtalt at det skal vere minimum to møte per år der vi skal gje kvarandre gjensidig informasjon. I 2012 har vi gjennomført eitt møte. I tillegg har det også vore møte mellom FMRO, FMHO og FMSF og Statped vest. Fylkesmannen var i 2012 representert på fleire samlingar i regi av Statped vest, t.d. fagsamling for kommunar på vestlandet og møte med universitets- og høgskulesektoren i regionen.

Alle kommunane i vårt fylke har samarbeidsavtale med Statped vest, og Statped deltek fast på møta som Fylkesmannen og KS har med kommunane, dvs. tre oppvekst- og utdanningsmøte per år.

Vi har i 2012 arrangert ei fellessamling der skulefagleg ansvarlege, PPT-leiarane og Statped vest og Høgskulen i Sogn og Fjordane drøfta forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning. På same samlinga gav Utdanningsdirektoratet informasjon om sin strategi med tanke på å sikre vidareutdanning og etterutdanning av PPT. Det vart også gitt innspel frå kommunane og PPT til Utdanningsdirektoratet.

Vi meiner at PPT i for liten grad har vore involvert i dei ulike satsingane innafor grunnopplæringa dei siste åra. Difor ynskjer vi i større grad å involvere PPT i ulike satsingar, t.d. når det gjeld lokale læreplanar.

I 2012 starta vi embetsprosjektet "Sjumilssteget - til beste for barn og unge". Prosjektet skal gå over tre år med mål om betra tverrfagleg samarbeid internt og i kommunane. FN's barnekonvensjon ligg til grunn for dette arbeidet. Sjå også under område 34.3.

I lag med Kriminalomsorgen har vi på Vestlandet etablert nettverk for fengselsundervisning. Spesialundervisning har vore tema på samlingar vi har hatt i nettverket.

### **Samanstilling av dokumentasjon**

Som ein del av områdeovervakinga vår oppdaterer vi denne samanstillinga etter kvart med data frå Skoleporten og tal frå GSI. Når det gjeld område 32.5, følgjer vi særleg med på omfang av spesialundervisning og fordelingsprofil. Statistikk og samanstillingar vert tilpassa til ulike føremål, t.d. i samband med kommunebesøk, regionsamlingar og fylkeskonferansar.

### **Andre forhold**

I 2012 har vi ved fleire høve drøfta behovet for spesialpedagogisk kompetanse i barnehage og i skule, t.d. i drøftingar med kommunane og i møte med Statped vest og universitets- og høgskulesektoren i sør-vestsektoren. Vi ser med uro på at det om nokre år kan oppstå ein situasjon der vi manglar spesialpedagogisk kompetanse innafor barnehage, grunn- og vaksenopplæring og i PPT.

Vi meiner at avdelinga vår har både relevant kompetanse og omfattande erfaring, men det er ikkje ein eigen stillingsressurs som aleine har oppgåver på området spesialundervisning.

## Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på barnehageområdet

### 33.1 Tilskuddsforvaltning

Vi har handsama dei statlege tilskota etter retningslinjer og fristar frå KD. Alle søknadene er kontrollerte etter formelle og skjønsmessige krav. Vi har handsama åtte søknader om investeringstilskot. Ein klage vart sendt vidare til Udir. Fylkesmannen fekk medhald i vedtaket sitt. Søknaden til KD om midlar til utbetaling av investeringstilskot vart borte i arkivsystemet til KD. Vi fekk difor ei samla belastingsfullmakt på utbetalt investeringstilskot. Vi ser at her burde vi etterspurt belastingsfullmakt frå KD.

Vi har gjennomført stikkprøvekontroll på statstilskot til tiltak for minoritetsspråklege barn i førskulealder i åtte kommunar. Vi fekk svar frå sju kommunar. Dokumentasjonen syner at midlane vart nytta i tråd med føringane i Rundskriv F- 01/2011. Førde kommunane har ikkje gjeve tilbakemelding. Vi har hatt kontakt med Kyrkjevegen barnehage, som har mange minoritetsspråklege barn. Dei hadde ikkje fått utbetalt tilskot i 2012. Vi fekk 22.01.13 brev frå Kyrkjevegen barnehage der dei syner til manglande utbetaling av tilskot ut frå tal innrapporterte barn tilbake til 2008. Dette vil bli følgt opp frå oss.

### 33.2 Klagesaksbehandling

I 2012 har vi hatt fire klagesaker etter forskrift om likeverdig behandling av ikkje-kommunale barnehagar.

Klagelag, barnehagelag og samarbeid kring enkeltsaker sikrar felles lovforståing, god samordning og gjennomføring av klagebehandlinga.

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	4	0	0	0	4
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

Merknad

### 33.3 Informasjon og veiledning

Vi har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse på barnehageområdet i embetet, og ein god dialog med kommunane og regionane. Barnehageområdet har vorte meir synleg både på etablerte møteplassar og på Fylkesmannen si heimeside. Vi har nytta kommune -og regionsamlingane til å informere om statlege satsingar og prioriteringar på barnehageområdet. Vi må jamleg vurdere vår bruk av kommunalsjefane si tid. Vi får tilbakemelding på at krav om rapportering, tilsyn og møte til tider er i overkant av kva dei maktar. Dette må vi ta på alvor, på same tid som vi har trong for tilbakemelding om kommunal drift for å stette krav til rapportering vidare til Utdanningsdirektoratet. Det er og ei utfordring i møte med kommunane å gje barnehagesakene same tid og plass som andre saker knytt til utdanningssektoren. Vi må bli flinkare å gjere ei stram prioritering av sakene som vi legg fram for kommunane. Vi vurderer det slik at måla i oppdraget er nådde.

I møte med skule- og barnehagefaglege ansvarleg har vi informert om: Økonomisk likeverdig behandling, pedagognorm, stortingsmelding NOU1/12, manifest mot mobbing, tilsyn og kommunen si rolle som barnehagemyndigheit. Vi har hatt ei regelsamling for kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigar, og ei samling der tema var økonomisk likeverdig behandling.

Retten til plass har vore informert om på møte med kommunane. Vi har gjennomført undersøking som er sendt vidare til Udir. Undersøkinga syner at alle kommunane fyller kravet om å tilby plass til alle som har rett. Vi har



gjennomført fire dokumenttilsyn på rett til plass. jf. 33.4 tilsyn.

### 33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2012 ført tilsyn med tolv kommunar. Åtte tilsyn er gjennomførte som systemrevisjon og fire som dokumenttilsyn. Alle tilsyna var planlagde og kommunane vart varsla i god tid før oppsett dato for tilsyn.

Grunnlag for val av åtte kommunar var å få gjennomført systemrevisjon med alle kommunane i fylket innan utgangen av 2012. Vi har ikkje vurdert at det er kommunar som ut frå spesielle grunnar bør prioriterast for tilsyn.

Tema for tilsynet har vore kommunen som barnehagemyndigheit: kommunen som godkjenningsmyndigheit (§§ 10 og 11), kommunen sitt tilsyn med barnehagane (§ 16), kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen (§§ 17 og 18), politiattest (§19) og rett til plass i barnehage (§12 a).

I seks av kommunane vart det avdekt i alt sju avvik. Ein kommune fekk to avvik og fem kommunar fekk eit avvik kvar. Alle kommunane som fekk avvik har mangelfulle rutinar for å sikre at barnehagane har godkjenning etter barnehagelova. I tillegg har ein kommune ikkje rutine for å gjennomføre tilsyn med barnehagane.

Nye godkjenningsvedtak er sendt Fylkesmannen i samband med lukking av avvik. To kommunar har fått utsett frist for lukking av avvik grunna manglande godkjenningsvedtak frå andre instansar (miljøretta helsevern og brannvern). Fylkesmannen er i tett dialog med dei to kommunane og forventar at avvika vert lukka innan første kvartal av 2013.

Tilsyn gjennomført som dokumenttilsyn avdekte ingen avvik.

Fylkesmannen ønskjer å oppnå god dialog og læring gjennom tilsynet med kommunane. Det er vanlegvis to rådgevarar på barnehageområdet som gjennomfører tilsynet.

Tilsynsrapportane for fire kommunar er sende Udir og lagde ut på Fylkesmannen si heimeside.

Fleire av kommunane grunnjev manglande oppfølging på barnehageområdet med behov for tydelegare avklaring på skiljet mellom rollene barnehageeigar og barnehagemyndigheit. Denne utfordringa vil Fylkesmannen jobbe vidare med i 2013.

Vi vurderer tilsynsaktiviteten som høg. Vi har gjennomført det talet tilsyn som oppdraget krev, i tillegg fire dokumenttilsyn. Alle avvik har hatt tett oppfølging, to avvik har fått utsett frist for lukking etter avtale. Alle funn som er gjort i tilsyn er tema på samlingar med kommunane og er lagt ut som informasjon på nettet. Slik ønskjer vi å heve kompetansen for kommunane som barnehagemyndigheit.

Grunna manglande opplæring, fordi tilsette på barnehageområdet var nytilsette i 2011, har embetet ikkje god nok kompetanse for å gjennomføre tilsyn. Det har vore tidkrevjande å utarbeide gode rutinar og utvikle system for tilsyn. Tilsyn har ikkje vore tema på sentrale samlingar. Vi saknar ein møteplass der problemstillingar knytt til tilsyn kan drøftast.

#### **FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Førde kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som godkjenningsmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18. Barnehagelova § 19 Politiattest.
	Førde kommune godkjenner ikkje

Avvik/funn:	barnehagane i tråd med krav i barnehagelova
Frist for lukking av avvik:	06.06.2012
Pålegg:	Ja
Merknad:	Førde kommune har bedt om utsett frist for lukking av avviket grunna problem med å få godkjenne barnehagane etter miljøretta helsevern. Miljøretta helsevern er omorganisert til ei interkommunal gruppe og endeleg godkjenning frå dei dreg ut i tid. Vi har avtalt med Førde kommune om at endeleg godkjenning bør vere på plass innan våren 2013.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon.

### **FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Flora kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	
Avvik/funn:	Fylkesmannen avdekte ingen avvik under tilsynet og har ingen merknad.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon.

### **FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Sogndal kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18.
Avvik/funn:	Avvik: Sogndal kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova. Merknad: Sogndal kommune praktiserte prosentvis pedagognorm i Kyrkjebakken barnehage ut frå tildelte barnehageplassar per august 2011. Fylkesmannen rår til at Sogndal kommune vurderer praksis for pedagognorm på nytt for å sikre at denne er i tråd med gjeldande rettleiar.
Frist for lukking av avvik:	01.10.2012
Pålegg:	Ja
Merknad:	Avviket er lukka
Ressursbruk:	

Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon.
------------	--

### **FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Bremanger kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18.
Avvik/funn:	Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.
Frist for lukking av avvik:	19.10.2012
Pålegg:	Ja
Merknad:	Bremanger ønskte utsett frist for lukking av avviket grunna behov for lengre tid for gjennomføring av nye brannvernrunder i alle barnehagane. Kommunen har til no godkjent fire av sju barnehagar. Fylkesmannen følgjer opp kommunen og har dialog om at dei tre gjenstående barnehagane vert godkjende innan februar 2013.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon.

### **FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Solund kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18. Barnehagelova § 19 Politiattest.
Avvik/funn:	Solund kommune har ikkje godkjent Hardbakke barnehage i tråd med krav i barnehagelova.
Frist for lukking av avvik:	01.08.2013
Pålegg:	Ja
Merknad:	I samråd med Solund kommune, som no utvidar kapasiteten ved Hardbakke barnehage, har vi sett frist for retting av avvik til 01.08.13.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon.

**FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Hyllestad kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18. Barnehagelova § 19 Politiattest.
Avvik/funn:	Avvik 1 Hyllestad kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova. Avvik 2 Hyllestad kommune manglar skriftleg rutine for tilsyn og fører ikkje tilsyn med om barnehagane driv i samsvar med barnehagelova.
Frist for lukking av avvik:	01.03.2013
Pålegg:	Ja
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon.

**FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Fjaler kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18.
Avvik/funn:	Fylkesmannen avdekte ingen avvik under tilsynet og har ingen merknader.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon

**FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Vik kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar

	og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18.
Avvik/funn:	Vik kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.
Frist for lukking av avvik:	01.06.2013
Pålegg:	Ja
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som systemrevisjon

### **FMSE**

Tilsynsobjekt:	<b>Askvoll kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Rett til plass i barnehagen § 12 a
Avvik/funn:	Fylkesmannen avdekte ingen avvik og gav ingen merknader under tilsynet.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	Utarbeide eigen mal for gjennomføring av tilsyn etter kopi av mal brukt på dokumenttilsyn etter opplæringslova her på avdelinga.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som dokumenttilsyn.

### **FMSE**

Tilsynsobjekt:	<b>Gulen kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Rett til plass i barnehagen § 12 a
Avvik/funn:	Fylkesmannen avdekte ingen avvik og gav ingen merknader under tilsynet.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	Utarbeide eigen plan for gjennomføring av tilsyn etter kopi av mal brukt på dokumenttilsyn etter opplæringslova her på avdelinga.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som dokumenttilsyn

### **FMSE**

Tilsynsobjekt:	<b>Leikanger kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Rett til plass i barnehagen § 12 a
Avvik/funn:	Fylkesmannen avdekte ingen avvik og gav ingen merknader under tilsynet.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	Utarbeide eigen plan for gjennomføring av tilsyn etter kopi av mal brukt på dokumenttilsyn etter opplæringslova her

	på avdelinga.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var varsla og gjennomført som dokumenttilsyn.

### **FMSF**

Tilsynsobjekt:	<b>Vågsøy kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Rett til plass i barnehagen § 12 a
Avvik/funn:	Fylkesmannen avdekte ingen avvik og gav ingen merknader under tilsynet.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Ja
Merknad:	Utarbeide eigen plan for gjennomføring av tilsyn etter kopi av mal brukt på dokumenttilsyn etter opplæringslova her på avdelinga.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Tilsynet var planlagt og gjennomført som dokumenttilsyn.

## **33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehager**

Fylkesmannen har gjennomført kvalitetskontroll av årsmelding og årsregnskap innrapportert i Basil. Der Fylkesmannen har vore usikker på tal som er innrapportert, har det vore teke kontakt med kommunane for avklaring.

Fylkesmannen vurderer det slik at årsmelding og årsregnskap er i tråd med føringane i embetsoppdraget.

## **Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen**

### **34.2 Kompetanseutvikling og rekrutering**

Vi fekk i 2012 925 000 kroner i kompetansemidlar, 170 000 kroner i likestillingsmidlar, 626 000 til KOMPASS. Kompetansestrategien Vennskap og deltaking vart informert om i skriv til kommunane, regionane og på kurs for styrarar. Kompetansemidlane vart fordelte til dei fire kompetanseregionane i fylket ut frå ein fordelingsnøkkel på tal barnehagar og tal barn i regionen. Vi har utarbeidd felles mal for kompetanseplanane og rapportering på bruk av tildelte midlar. Planar som ikkje var i tråd med sentrale føringar vart returnerte, og regionane(kommunane) måtte lage nye. Innkomne kompetanseplanar syner at regionane har spissa tiltaka slik at dei er i tråd med sentrale føringar i kompetansestrategien. Tiltaka er eit tilbod til alle barnehagane og heile personalet. Rekneskap for midlane er rapportert i tråd med gjeldande retningslinjer.

I 2011 fekk Krokane barnehage, Bremanger, Gloppen, Flora kommune og region Nordfjord tildelt FOU-midlar til prosjekt med minoritetsspråklege barn og fleirkulturell pedagogikk. Krokane barnehage er i tillegg fokusbarnehage for NAFO i Sogn og Fjordane. Prosjekta var avslutta 31.12.12 og vi har motteke rapportar. Desse syner at det har vore gjort svært godt arbeid i alle prosjekta. Vi vil nytte erfaringane frå prosjekta i vidareføring av tema i 2013.

Formålsparagraf, lov og rammeplan var tema på leiarkonferansen i 2011. Her møtte ca 130 styrarar frå heile fylket. Vi valde å følgje opp temaet på leiarkonferansen i 2012 som vart gjennomført 11. - 12. april. Her vart styraren sine mange roller eit sentralt tema. Vi stilte spørsmål ved korleis styraren kan vere ein tydeleg leiari, premissleverandør for det pedagogiske arbeidet, motivator for dei tilsette og på same tid ta vare på seg sjølv. Leiarkonferansen er eit samarbeid mellom KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen og Fylkesmannen. Tilbakemeldingane syner at dette er ein viktig møteplass for styrarar for fagleg påfyll og erfaringsutveksling.

Barnehagekonferansen 2012 vart arrangert 22. - 23. oktober. Tema for konferansen var vaksenrolla. Spørsmål

som vart stilt var korleis drive reflektert kvalitetsarbeid i barnehagen som bidrar til ivaretaking av dei minste barna og eit inkluderande miljø fritt for mobbing. I tillegg var det arbeid med fagområda og tverrfagleg samarbeid. Barnehagekonferansen er eit samarbeid mellom KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen og Fylkesmannen.

**KOMPASS.** På oppdrag frå oss tilbyr Høgskulen i Sogn og Fjordane deltidsstudiet Kompetanseheving for assistentar(KOMPASS). I 2012 kom melding om desse midlane så seint at det var umogleg for høgskulen å planlegge eit godt nok opplegg for start i 2012. Det er i tillegg vanskeleg å rekruttere deltakarar fordi kommunane alt har lagt planar for komande barnehageår. Skal ordninga halde fram, må vi få signal om midlar tidleg på året slik at høgskulen kan lyse ut dette i lag med dei andre studietilboda. Tildelte midlar vil bli nytta i 2013.

**Leiarutdanning.** *Sats på barnehagen- snu Sogn* har gjennomført kull nr. 1 i leiarutdanning og kull nr. 2 vert avslutta våren 2013. Dei har og etablert fagnettverk for fagområda i Rammeplanen. Målet er å sikre at det pedagogiske arbeidet er i tråd med Rammeplanen. Vår rolle var å ta erfaringane frå leiarutdanninga i Sogn inn som tema i Forum for skule- og barnehageutvikling til støtte og læring for dei andre regionane som hadde planlagt leiarutdanning. Som eit resultat vart det sett i gang leiarutdanning i region Sunnfjord og planlagt tilsvarende utdanning i Nordfjord i 2013.

Høgskulen fekk i 2011 i oppdrag frå Fylkesmannen å lage eit tilbod om mentorutdanning, rettleiing for nyutdanna, på 15 stp til kommunane. Det har vore informert om ordninga, og høgskulen har hatt tett kontakt med kommunar og regionar. Ordninga har ikkje vore godt nok følgt opp frå vår side.

**Rekruttering.** Vi har etablert arbeidsgruppe for GLØD, og det er utarbeidd handlingsplan for arbeidet. Gruppen har representantar frå dei fire regionane, høgskulen, studentar, KS og Utdanningsforbundet. Ein region, Nordfjord med sju kommunar, har fått tildelt 30 000 kroner til eit eige rekrutteringsprosjekt. Vår utfordring i Sogn og Fjordane er små kommunar, små barnehageeiningar og ein avgrensa arbeidsmarknad som kan gjere det mindre interessant å søkje jobb som barnehagelærar. Omdømmebygging og synleggjering av kvalitet i barnehagane våre vert hovudsatsingsområde i 2013. Vi må rette innsatsen mot dei ungdommane vi har, og styrke kompetansen for å behalde dei barnehagelærarane vi har.

Tilsyn, områdeovervaking og tilbakemeldingar frå møte med kommunane har vore avgjerande for innsatsen vår på resultatområdet. Vi har nytta etablerte møteplassar og vurdert oppdraget ut frå behovet som kommunane og regionane har. Fylket har 8,7 % mannlege tilsette på barnehageområdet, og det er lågare enn landsgjennomsnittet. Vi har ei utfordring med å vise at barnehagen er ein god arbeidsplass både for menn og kvinner. Dette vil vere merksemd på i GLØD arbeidet og likestillingsarbeidet i 2013, blant anna med ein temadag for mannlege tilsette.

### 34.3 Andre satsingsområde

Fylkesmannen informerer om statlege satsingar og strategiar på nettsidene, i telefon, e-post og i kommunesamlingar.

Vi har saman med Dronning Mauds Minne starta på prosjektet "Eit kompetanseløft for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit" 2012-2014. Målet er å gje kommunane som barnehagemyndigheit auka kunnskap og ferdigheiter i arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av sektoren.

Likestillingsmidlane er tildelt fire prosjekt, tre av desse til einsskilte barnehagar og det siste til region HAFS med sju kommunar. I HAFS har delar av midlane vorte nytta til ein felles kursdag for alle barnehagetilsette, resten går til barnehagar som etter kursdagen ville jobbe meir med temaet. Ein av føresetnadene for at prosjekta skal lukkast og ha overføringsverdi er tett oppfølging. Vi hadde ein oppstartdag for alle som hadde fått midlar. Alle prosjekta har fått ei rettleiingsøkt (2,5 t) og vi har hatt telefon eller e-postkontakt ein gong per mnd. Prosjekta handlar om korleis skape eit læringsmiljø der jenter og gutar får like moglegheiter og utfordringar. Arbeidet vert vidareført i 2013 med rettleiing, nettverksmøte og kurs. Det er gjennomført ein kursdag for kommunane med Likestillingscenteret. Kurset var felles for Sogn og Fjordane og Hordaland. Få av våre kommunar var representerte. Grunnen til dette var lang reisetid for eit kurs som varar 3,5 time. Det hadde vore lettare å rekruttere til kurset om det var lagt i eige fylke. Vi har hatt eit tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og delteke på likestillingsdag for 1. og 2. klasse førskulelærarstudentar. Informasjon og haldningsskapande arbeid blant studentane er viktig for å oppnå mål om endra kjønnsrollemønster blant barn.

I møte med skule- og barnehagefagleg ansvarlege har vi informert om og oppmoda til utarbeiding av plan for førebyggjande arbeid mot mobbing i barnehagen. Tema har også vore gjennomgått på Barnehagekonferansen omtalt under pkt 34.2. Arbeidet med mobbing vil bli vidareført i 2013.

Fylkesmannen skal i perioden 2012 - 2014 drive embetsprosjektet Sjumilssteget - til beste for barn og unge. Målet er å setje i verk FN's barnekonvensjon i kommunane i Sogn og Fjordane. Sjumilssteget skal bidra til at kommunane i fylket vert meir medvitne på barn og unge sine oppvekstvilkår og styrke tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Det er sett ned ei tverrfageleg prosjektgruppe internt i embetet. Ein rådgjevarar frå utdanningsavdelinga og ein frå helse, sosial og justisavdelinga har inntil 30 % av sine stillingar til å drive prosjektet. Prosjektplanen tek utgangspunkt i sjumilsstegsatsinga som fylkesmannen i Troms har utarbeidd. Fylkesmannen nyttar eigne midlar til å finansiere prosjektarbeidet.

Vi får tilbakemelding frå kommunane at Fylkesmannen har god kompetanse på barnehageområdet og aktiviteten siste året har auka. Ulik organisering og mange kommunar utan barnehagefagleg kompetanse krev tett oppfølging og tilpassa strategi inn mot regionalt arbeid. Vi vurderer aktiviteten som høg og har fått tettare samhandling med einskilde kommunar og regionar. Fylkesmannen vert invitert og deltek i større grad med informasjon og kompetanseheving på kommunane sine møteplassar.

## Ressursrapportering

Kommentar til sensorhonorar:

Av dette utgjer kr 925.312,80 godtgjersle til sensorar. I dette talet ligger berre honorar og arbeidsgjevaravgift. I tillegg har vi hatt kostnader knytt til refusjon av reiser for sensorar.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 1 368 378,47	kr 8 353,32
31.4 Informasjon og veiledning	kr 631 942,55	kr 0,00
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl.prøver	kr 399 788,77	kr 581 539,18
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 531 398,48	kr 0,00
32.2 Kompetanseutvikling	kr 325 293,02	kr 155 361,96
32.3 Skoleporten	kr 51 064,50	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 360 693,67	kr 104,94
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 99 530,13	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 61 736,44	kr 343 773,62
33.4 Tilsyn	kr 410 095,14	kr 0,00
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 354 544,65	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 410 301,38	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 1 744,00	kr 0,00
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 1 700,00	kr 0,00
Sum:	kr 5 008 211,00	kr 1 089 133,00

## Statens Helsetilsyn

### Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

#### 41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi har motteke 25 tilsynsklager mot kommunar i 2012. Dette er ein markant auke frå 2011. I tillegg var det seks saker frå 2011 som ikkje var avslutta innan årsskiftet. I alt 18 av desse sakene vart behandla i 2012, og 13 vart ikkje avslutta innan årsskiftet.



I tre av dei ferdighandsama sakene har vi konkludert med lovbrøt.

Felles for fleire av tilsynssakene er at dei omhandlar fleire tema i sakshandsaminga etter lov om barnevernstenester.

Døme på dette er klage på melding, gjennomføring av undersøkingar, kommunen si oppfølging av barn plassert i institusjon og fosterheim, partsrettar og partsstatus, klage på sakshandsamarar, spørsmål om dokumentinnsyn i undersøkinga, teieplikt, manglande tilsynsførar, sakshandsaming i sak i Fylkesnemnda og langvarig frivillig plassering jf. § 4-4 femte ledd.

## 41.2 Planlagt tilsyn

Vi har gjennomført tilsyn med tre kommunale barneverntenester i 2012. Det tilsvarar lovkravet for landsomfattande tilsyn med kommunalt barnevern initiert av Statens helsetilsyn. Tema for tilsynet var korleis kommunen arbeider med undersøking og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande born.

Vi fann brot på krav stilte i lov eller forskrift i alle tilsyna som er gjennomførde. Døme på lov- eller forskriftsbrot er:

«Kommunen sikrar ikkje at barneverntenesta gjennomfører undersøking i samsvar med regelverket.»

«Kommunen sikrar ikkje born sin rett til medverknad i undersøkings- og evalueringsfasen.»

«Kommunen sikrar ikkje at barneverntenesta evaluerer hjelpetiltak til heimebuande born i samsvar med regelverket.»

Vi har gjennomført tilsyn med eitt senter for barn og foreldre. Fylkesmannen gav *ein* merknad under tilsynet: «Ved inntak har ikkje senteret gode nok rutinar for informasjon til bebuarar om deira rettar.»

Vi har ikkje gjennomført systemrevisjon av institusjonane i 2012, først og fremst på grunn av stor auke i tilsynssaker på barnevernområdet.

I 2012 utførte Fylkesmannen 20 individtilsyn på barnevernsinstitusjonane i fylket. Det tilsvarar 100 % av det som er lovpålagd. Halvparten av tilsyna var umelde.

## 41.3 Klagesaker

Fylkesmannen har motteke åtte klagesaker på kommunal barnevernteneste i 2012. I tillegg var det to saker som ikkje var avslutta innan 2011. Sju av sakene vart ferdighandsama, og tre var ikkje avslutta innan utgangen av året.

Fem av sakene vart handsama innan tre månader eller mindre, og to av sakene meir enn tre månader.

To av sakene gjaldt klage på vedtak gjort av Fylkesnemnda, og desse sakene vart difor avvist.

Sakene gjeld: Søknad om privat avlastingsheim, søknad om dekking av advokatutgifter, krav om partsinnsyn i uromelding, avslutning av ettervernstiltak og avslag om økonomisk støtte.

Tre av sakene vart avviste, ei vart oppheva og sendt tilbake, og tre saker vart stadfesta.

Vi har i 2012 handsama to klager frå bebuarar på institusjonane eller frå deira føresette. Begge klagene gjeld klager over enkeltvedtak, jf. § 26 første ledd, og ingen saker gjeld andre brot på rettighetsforskrifta, jf. § 27 andre ledd. Dette er ein stor reduksjon frå året før. Det er vanskeleg å seie kva årsaka til dette er, men vi tenkjer oss at det ofte oppstår ein «domino-effekt», slik at dersom ein bebuar klagar på noko, klagar gjerne fleire. I år har det vore lite av dette. Begge sakene var klager på vedtak om avgrensing i bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel, jf. § 24 i rettighetsforskrifta. Ingen av klagarane fekk medhald.

I tillegg har vi motteke førespurnader under individtilsyn og på telefon som ikkje er formelle klager. Desse har vi avklart med institusjonen eller ungdommen direkte.

## 41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har i 2012 motteke to tvistesaker etter § 8-3, der det er usemje om kven som var

opphaldskommune på det aktuelle tidspunktet. Den eine saka er ferdighandsama og vart avvist, fordi partane ikkje først hadde freista å kome til semje om ei avtale utan å reise tvist.

Vi har i 2012 følgt opp fem kommunar. Oppfølginga har samanheng med brot på fristar. Vi har ikkje gjeve tvangsmulkt til nokon kommune i 2012.

Vi oppmodar kommunane om å sende inn kontrollskjema innan fristane.

## **Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i NAV**

Fykesmannen har behandla 28 klagesaker om økonomisk stønad, fem av desse hadde lengre saksbehandlingstid enn tre månader. Vi har ikkje hatt klagesaker som gjeld Kvalifiseringsprogrammet.

## **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV**

### **74.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi har ikkje hatt slike saker i 2012.

### **74.2 Planlagt tilsyn**

Vi har gjennomført systemrevisjon i fire kommunar (Førde, Eid, Flora og Årdal) etter rettleiaren "Behandling av søknader om økonomisk stønad fra personer med forsørgelsesansvar for barn". Vi avdekte avvik i alle kommunane. Førde kommune har retta avviket, og tilsynet der er avslutta. Dei tre siste kommunane arbeider med å rette avvika.

### **74.9 Andre oppdrag**

Vi har ingen rapport på dette

## **Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester**

### **82.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Data frå Reg Rot vart overført til det nye fagsystemet for saksstatistikk, NESTOR, i slutten av april. Alle sakshandsamarane fekk intern opplæring i NESTOR i løpet av våren. Overgang til eit nytt system er alltid litt krevjande, og vi fekk nokre tilbakemeldingar frå Statens helsetilsyn om manglande data ved rapporteringsfristar i mai, september og ved årsskiftet. Vi meiner no at alle sakshandsamarane har så god kjennskap til NESTOR at manglande data i mindre grad vil forekomme i samband med rapportering.

Oversikt frå NESTOR syner at talet på hendingsbaserte tilsynssaker steig i åra 2008 til 2011, for så i 2012 å gå tilbake til 2008-nivå. Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida er nær opp til fem månader og nær 30 % av avslutta saker har saksbehandlingstid over fem månader. Maksimal sakshandsamingstid skal vere fem månader, men i fleire saker måtte vi i 2012 bruke ekstern sakkyndig, noko som fører til forlenga sakshandsamingstid.

Vi har i 2012 behandla fem saker om sjølv mord i psykisk helsevern. Dette er fleire saker enn vi har hatt tidlegare år. To av sakene vart sende til ekstern sakkyndig for vurdering. Ei av sakene vart sendt til vurdering hjå Statens

helsetilsyn i etterkant av sakkyndig vurdering. I alle fem sakene vart det konkludert med fagleg forsvarleg behandling i spesialisthelsetenesta.

Statens helsetilsyn har gitt fire åtvaringar etter helsepersonellova § 56 til to legar og to anna helsepersonell. Åtvaringane er gitt grunna rusbruk i tenesta, fagleg uforsvarleg behandling og journalsnoking.

Statens helsetilsyn har gitt ein lege avgrensa autorisasjon etter helsepersonellova § 59 a grunna fagleg svikt. Statens helsetilsyn har tilbakekalla autorisasjon etter helsepersonellova § 57 hos eit helsepersonell grunna rusbruk.

Vi har hatt åtte varslingssaker frå spesialisthelsetenesta etter lov om spesialisthelseteneste § 3-3a. Dette gjeld varsling ved alvorlege hendingar. Med alvorleg hending meiner ein dødsfall eller betydeleg skade på pasient der utfallet er uventa ut frå pårekeleg risiko.

## 82.2 Planlagt tilsyn

Den samla tilsynsplanen innan helse- og omsorgstenesta for 2012 vart noko endra i løpet av året. Dette vert omtalt under planlagt tilsyn med barnevernet. Innan helseområdet endra vi også planen då vi fekk melding om at tema for landsomfattande tilsyn (LOT) 2013 ville bli helsestasjonsteneste for små barn. Vi hadde valt dette som tema for eitt av tilsyna våre i 2012. Vi utsette tilsynet som er LOT 2013. Dette gjorde at vi mangla eitt tilsyn for oppfylle målkrava for tilsyn innan helse- og omsorgstenesta frå Statens helsetilsyn i 2012.

Helseseksjonen hos Fylkesmannen har ansvaret for å koordinere og sette saman felles tilsynsplan i avdelinga for helse-, sosial- og barnevernsområdet. I tillegg har helseseksjonen ansvaret for å koordinere og samordne all tilsynsaktivitet i embetet retta mot kommunane. Vi viser til Fylkesmannen sitt samordningsansvar for tilsyn og kontroll med kommunal verksemd, jf. kommunelova § 60 e. Vi prøver så langt det let seg gjere også å samordne tilsynsaktiviteten i kommunane med andre statlege tilsynsorgan som Arbeidstilsynet og Mattilsynet. Vi har fått til eit godt samarbeid med dei andre statlege tilsynsetatane, men samordning av tilsynsaktiviteten er utfordrande. Vi har eit godt samarbeid med sekretariata for kontrollutvala i kommunane gjennom korrespondanse med utveksling av planar for revisjon og jamlege møte.

I spesialisthelsetenesta gjennomførte vi fire tilsyn med kreftbehandling (regionalt landsomfattande tilsyn). Vi fann ingen avvik.

Vi gjennomførte tilsyn etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4A (landsomfattande tilsyn) i fire kommunar. Vi fann ingen avvik og meiner dette kan henge saman med tilbod om opplæring i helsehjelp gitt med tvang. Dei fleste kommunane i fylket deltok i opplæringa. I tillegg til systemrevisjonane deltok fem kommunar i eit prosjekt (læringstilsyn) der dei gjennomførte internrevisjon i eigen kommune innan temaet for dette tilsynet. Tilbakemeldingane frå prosjektkommunane er svært positive.

I 2011 og 2012 gjennomførte vi tilsyn med rusfeltet etter eiga risiko- og sårbarheitsvurdering. Vi har hatt tilsyn i fem kommunar i tillegg til ei vurderingseining i spesialisthelsetenesta med ansvar for tverrfagleg spesialisert behandling. Vi fann avvik i to av fem kommunar. Vi fann ingen avvik i spesialisthelsetenesta.

Tilsyn med helsehjelp gitt med tvang og tilsyn med rusfeltet er omtalt i Helse-, omsorgs- og barnevernsmeldinga våren 2012.

Statusrapportering for planlagt gjennomføring av tilsynsplan 2012 vart sendt til Statens helsetilsyn etter oppsett plan per 30. april og per 31. desember.

## 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukarrettighetsloven m.fl.

I 2012 fekk vi 53 vedtak om helsehjelp gitt med tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A.

Dei aller fleste vedtaka som kom frå kommunehelsetenesta, gjaldt stell og pleie og varte inntil eitt år. Det inneber at 35 vedtak har vore prøvde av oss etter tre månader. Vi har motteke få vedtak som gjeld tannbehandling og få vedtak frå spesialisthelsetenesta.

Vi har ikkje motteke klage på nokon av vedtaka.

Vi behandla 41 klager etter pasient- og brukarrettslova som omhandla støttekontakt, avlastning, praktisk bistand, omsorgsløn og eigenbetaling i institusjon. 17 av desse sakene hadde ei saksbehandlingstid over tre månader.

Mellom desse sakene er sjuketransportsaker, som ikkje har same tre månaders prioritet som rettighetssakene elles.

## **82.9 Andre oppdrag**

Vi har behandla 15 overprøvingssaker i 2012. For fleire saker har tremånadersfristen vore vanskeleg å halde grunna behovet for innhenting av opplysningar. Der det er manglar i søknaden, kan ofte tre månaders frist vere i knappaste laget. Vi har motteke og registrert 600 enkeltvedtak heimla i kap. 9 tvang og makt i føregåande år.

I elleve av tiltaka er det søkt om dispensasjon frå utdanningskravet.

Vidare er det utført åtte individtilsyn dette året.

Vi har hatt to dagar opplæring i regelverket i kapittel 9 i 2012. I tillegg har vi gjeve råd og rettleiing pr telefon og ved tilsynsbesøk.

Vi viser elles til rapport direkte til Statens helsetilsyn.

## **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven**

Sjå rapportering under Statens Helsetilsyn.

### **Resultatområde 42 Familierett**

#### **42.1 Ekteskapsloven**

##### 42.1 Ekteskapsloven

I 2012 gav vi separasjonsløyve i 158 saker, noko som er 41 færre enn i 2011.

Vi gav skilsmiselløyve i 178 saker, noko som er 18 fleire enn i 2011.

Vi gav løyve til fritak for å legitimere skifte i sju saker.

#### **42.2 Anerkjennelsesloven**

##### 42.2 Anerkjennelsesloven

I 2012 hadde vi 17 saker som gjaldt godkjenning av utanlandske skilsmisser, noko som er likt med 2011.

#### **42.3 Barneloven**

Vi har i 2012 ikkje handsama klagesaker etter barnelova.

Vi har hatt noko generell rettleiing om regelverket i barnelova kapittel 5 og 6. Fleire har hatt nytte av at vi viser til informasjonsbrosjyrane som er utarbeidde av BLD.

## 42.4 Veiledning og informasjon

Vi informerer brukarar som tek kontakt, om oppgåvene til familievernkontoret, og vi sender ut informasjonsmateriell ved behov.

## Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud

I Sogn og Fjordane har 25 av dei 26 kommunane inngått avtale om interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen i kommunelova § 28. Flora kommune er vertskommune og driv krisesenteret i Sogn og Fjordane. Aurland kommune, som står utanfor det interkommunale samarbeidet i eige fylke, har organisert tilbodet gjennom avtale med Voss kommune og er tilknytt krisesenteret på Voss.

Fylkesmannen gjennomførte i 2012 tilsyn med krisesentertilbodet i kommunane. Tilsynet vart gjennomført ved at vi innhenta ein rapport der kvar kommune svara på følgjande spørsmål: korleis har kommunen organisert krisesentertilbodet, kven eller kva instans i kommunen har ansvar for tilbodet, og korleis kommunen informerer om krisesentertilbodet.

Av 26 kommunar svara 23 på kartlegginga. Endeleg rapport er ikkje ferdig utarbeidd.

## Resultatområde 44 Familievern

Vi har ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontor i 2012. Tilsyn med familievernkontora skal gjennomførast minimum kvart tredje år, eller etter ei risikovurdering. Fylkesmannen har valt å ikkje gjennomføre tilsynet med familievernkontora sjølv om det har gått tre år sidan førre tilsyn. Dette er basert på ei risikovurdering av kvar det er størst fare for svikt.

## Resultatområde 45 Barn og Unge

Ved utgangen av 2012 var det 19 barneverntenester som utførte oppgåver for dei 26 kommunane i fylket.

Det har vore ei auke i talet på tilsette i barnevernet som følgje av midlane frå departementet, men framleis slit ein del kommunar med å halde fristane på undersøkingar og med å oppfylle kravet om tiltaksplanar i alle saker.

Vi har teke kontakt med fem kommunar i Sogn og Fjordane for å få ei nærare klargjering av årsakene til fristoverskridingane. Fleire born i fosterheim manglar tilsynsførar, og krav til tal tilsynsbesøk vert ikkje følgde.

Eit fleirtal av sakene som kjem inn til oss gjeld foreldre og andre pårørande som er misnøgde med måten barnevernet har handsama ei sak på.

Det er få som klagar på manglande hjelpetiltak.

### 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

Fylkesmannen skal i perioden 2012 til 2014 drive embetsprosjektet Sjumilssteget - til beste for barn og unge. Målet er å følgje opp FNs barnekonvensjon i kommunane i Sogn og Fjordane. Sjumilssteget skal bidra til at kommunane vert meir medvitne på barn og unge sine oppvekstvilkår og styrke tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Det er sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe internt i embetet. Prosjektplanen tek utgangspunkt i sjumilsstegssatsinga som Fylkesmannen i Troms har utarbeidd. Vi nyttar eigne midlar til å finansiere prosjektet.

Programmet "Vald i nære relasjonar" vart starta opp med ei samling i 2009, og heldt fram i 2010 og 2011. Hausten 2012 vart det gjennomført ei oppfølgingssamling. Samarbeidet vil halde fram.

Fylkesmannen har i samarbeid med Bufetat årlege fylkessamlingar for kommunalt og statleg tilsette som arbeider

med barnevern. Tema for samlinga i 2012 var grensegangar mellom barnelova og barnevernlova. Vi gjennomførte paneldebatt med deltakarar frå både tingrett, fylkesnemnd, kommunalt barnevern, privat advokat, BUP og familiekontor.

Vi har saman med fylkesmennene i Hordaland og Rogaland hatt to møte med Bufetat region vest. I tillegg har vi regelmessige samarbeidsmøte med Bufetat fagteam og kommunane i Sogn og Fjordane.

Råd og rettleiing til kommunane skjer i møte, dialog og telefonkontakt, og relevant informasjon på heimesida.

Vi har lagt vekt på å informere og stimulere kommunane til interkommunalt samarbeid på barnevernområdet.

## **45.2 Fritak for taushetsplikt**

Vi har hatt tolv saker på området i 2012. Ti av dei vart handsama innan 14 dagar, dei fleste innan nokre få dagar.

I to saker har vi venta seks og tre månader på delegering av kompetanse frå Kunnskapsdepartementet. I den eine saka var det ikkje lenger aktuelt med fritak fordi vi fekk kompetanse først då rettssaka var ferdig. I den andre saka vart rettssaka utsett til vi hadde fått kompetanse og gav fritak.

## **45.3 Handlingsplan mot kjønnslemlesting**

Fylkesmannen har ikkje fått eige tilskot til tiltak mot kjønnslemlesting frå departementet i 2012.

Vi har gjennomført kurs om rus, vald og overgrep i nære relasjonar. Kjønnslemlesting er trekt inn som tema i samanheng med vald og overgrep i nære relasjonar.

## **45.4 Biologisk opphav**

Fylkesmannen har handsama fire saker der personar har bede om opplysningar om sine biologiske foreldre. I tillegg har vi handsama ei sak som gjeld spørsmål om å klarleggje biologisk opphav for adopterte.

## **45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern**

Fylkesmannen har tildelt midlar til 1,3 stilling i 2012. I tillegg vart dei 7,6 stillingane frå 2011 vidareført. I 2013 vert desse 8,9 stillingane framleis vidareførte, og i tillegg vert det ei ytterlegare styrking med 5 stillingar i 2013.

Vi følgjer opp satsinga gjennom rapportering og fortløpande kontakt med kommunane.

## **Resultatområde 46 Universell utforming**

Vi utarbeidde hausten 2012 ein handlingsplan for universell utforming av Statens Hus på Leikanger. I juni 2012 vart det vedteke ein handlingsplan for landbruksavdelinga sine lokale i Førde. Dei fleste av tiltaka i begge planane er følgde opp, men nokre tiltak har høg kostnad og er teknisk utfordrande, og har difor ikkje blitt gjennomførte til no. Nokre av tiltaka i Førde må i tillegg utførast og påkostast av huseigar.

I planen vert det også slått fast at krava om universell utforming skal følgjast ved inngåing av nye innkjøpsavtalar og ved utforminga av nye teknologiske løysingar. Vi deltek i eit innkjøpssamarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, som har universell utforming som eit eige kriterium i anbudsprosessane.

Eksternt arbeid:

Fylkesmannen peikar i sine innspel til alt planarbeid på at universell utforming skal leggjast til grunn og takast omsyn til i utforminga av alle planar på ulike nivå.

Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen i planlegging av tiltak for universell utforming, både i samband med bustadsosialt arbeid, og fylkeskommunen sine tiltak på programområdet for satsinga på "Trygge lokalsamfunn".

Sogn og Fjordane er i 2012 vorte eit av pilotfylka for universell utforming. I søknaden til Miljøverndepartementet er det lagt vekt på følgjande innsatsområde:

- Utvikling av kompetanse og arbeidsformer som bidreg til å løyse samansette oppgåver innan planlegging av bustader og uteområde
- Utvikle rettleiar/verktøykasse for universell utforming ved utarbeiding av reguleringsplan
- Utvikle universell utforming som ein del av tryggleiksarbeidet i nettverket "Safe community"
- Kartlegging av utvalde friluft- og sentrumsområde i samarbeid med kommunar, vidaregåande skular og Kartverket

Tre kommunar har søkt og er peikte ut til å vere føregangskommunar. Dei vil kunne nytte midlane til mellom anna kompetanseheving.

## Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

Utdanningsavdelinga har ansvaret for intern koordinering av embetet sine oppdrag knytt til asylsøklarar, flyktningar og innvandrarar.

Dette ansvaret inkluderer:

Formidle aktuell informasjon internt og eksternt

- Å halde oversyn over embetet sine oppgåver og tiltak
- Invitere til innspel, vurdere og foreslå felles tiltak
- Vere kontaktpunkt mot ulike samarbeidsforum
- Planleggje årlege dialogmøte med UDI, IMDI, KS og Nav

### 47.1 Statborgerseremonier

Vi hadde seremonien på Rica Sunnfjord hotell i Førde laurdag 28. april. Seremonien vart leia av fylkesmann Anne Karin Hamre.

Vi sende invitasjon til 139 nye statsborgarar, der 54 takka ja til å delta på seremonien. I alt 18 personar svara at det ikkje passa, men at dei ønskte ny invitasjon i 2013. Deltakarane kom frå kommunane Balestrand, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Stryn, Vik og Årdal. Dei kom frå 18 ulike opphavslend.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMSF	1	38,8
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

### 47.2 Bosetting av flyktningar

Vi har hausten 2012 gjennomført samarbeidsmøte mellom Fylkesmannen, KS, IMDI-vest, UDI-vest og Nav der ein såg på hindringar og utfordringar for busetjing av flyktningar.

Ein konklusjon var at vi saman skulle gjennomføre ein konferanse på temaet der vi vil samle ulike sektorar i kommunane som arbeider med busetjing av flyktningar. Samlinga fekk tittelen "Arbeidsinnvandring og integrering" og skulle haldast den 27. og 28. november. På grunn av låg påmelding vart samlinga avlyst.

Etter at konferansen vart avlyst har vi arbeidd vidare med å få til ei felles satsing på inkludering og samfunnsdeltaking. I dette arbeidet samarbeider vi med Nav og KS.

### 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen har gitt nødvendig rettleiing til kommunane om bruk av lova. Det var ei klagesak på

introduksjonslova i 2012. Klagen gjekk på å vidareføre eit introduksjonsprogram, men klagaren fekk ikkje medhald.

## **47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere**

Fylkesmannen har gjennomført kurs i samarbeid med VOX for lærarar som gjennomfører norskopplæring for vaksne innvandrarar og asylsøkjjarar.

Fylkesmannen har i lag med vaksenopplæringsssentera i fylket starta opp arbeidet med eit felles etter- og vidareutdanningstilbod for alle lærarane i fylket. 78 deltakarar søkte seg inn på dette studiet som starta 9. februar 2012. Det faglege ansvaret har Høgskulen i Sogn og Fjordane og VOX. I 2012 gjennomførte vi fire todagarsamlingar på utdanninga. For deltakarane som gjennomfører vil dette gje 30 studiepoeng.

### **Tilskotsforvatning:**

Fylkesmannen har rapportert til IMDI om tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og norskopplæring for asylsøkjjarar. Fylkesmannen betaler ut grunntilskot, resultattilskot, per capita-tilskot og tilskot til norskopplæring for asylsøkjjarar i mottak.

## **47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven**

Vi gjennomførde ikkje tilsyn med kommunen si gjennomføring av introduksjonslova. Vi deltok ikkje i piloteringa av dette tilsynet i 2012.

## **Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering**

### **Om intern forankring av oppdraget**

Eit særleg koordinerande ansvar for likestillingsarbeidet er lagt til utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen.

Vi har laga eit samla oversyn over embetsoppdrag knytt til området likestilling på dei ulike sektorområda våre. Vidare har vi utarbeidd rutinar som sikrar at likestillingsområdet vert vurdert i kommunale planprogram m.v., på linje med fagområdet universell utforming, jf. embetsoppdrag nr. 46.

Til bruk for leiinga i embetet er det laga eit oversyn over kommunane sine plikter etter lovverket om aktivitet og rapportering på likestillingsområdet.

Vi har sikra oss eit godt oversyn over oppgåvefeltet, kva oppgåvene fører med seg internt og eksternt, og dessutan sikra god ansvarsplassering og forankring på leiarnivå i organisasjonen.

### **Oppfølging og rettleiing av kommunane**

Planstrategiar og samfunnsdelen av kommuneplanar er vurderte og det er gjeve fråsegn i fleire av sakene. Vi prøver i dette arbeidet å sjå kommunane sine årsmeldingar i samheng med planlagde tiltak på feltet.

Vi har informert om departementet sitt kommuneprogram "Likestilte kommunar" og Høyanger kommune vart plukka ut til å delta som pilot i programmet.

### **Ulike sektorområde**

Den viktigaste innsatsen på miljøområdet i 2012 har vore å følgje med på at nasjonalpark- og verneområdestyra har følgd reglane i likestillingslova ved oppnemning av nye styre etter kommunevalet. Dette gjeld seks styre der Fylkesmannen har ei vertsskapsrolle, og ordninga har fungert godt.

I vår strategi for bruken av bygdeutviklingsmidlane står det mellom anna: «Støtte til kvinneretta tiltak, ungdomstiltak, utvikling av entreprenørskap og lokal mobilisering, er viktig for å skape livskraftige lokalsamfunn». Dei økonomiske støtteordningane i landbruket er stort sett kjønnsnøytrale, men i den praktiske forvaltninga vil tiltak og prosjekt som har verdi for kvinner bli vurdert som betre enn dei som ikkje har det.



Innan tradisjonelt landbruk er det klart flest mannlege gardbrukarar. Men ser vi på kven som får støtte frå Innovasjon Norge til bedriftsretta tiltak i landbruket, er det kvinnene som dominerer innanfor såkalla nye landbruksnæringar. Døme på dette er støtte til utvikling av lokal mat, reiseliv og anna tenesteproduksjon, og sjølv innanfor tradisjonelt landbruk fekk kvinnelege søkjarar i 2012 om lag halvparten av midlane.

Fylkesmannen har ei [rekke tiltak som er retta inn mot pedagogisk likestillingsarbeid i barnehagen](#). Det er m.a. oppnemnt eit likestillingsteam samansett av ein representant frå kvar av dei fire regionane i fylket og ein frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Teamet har hatt seks møte i 2012, og det er fordelt midlar til fire likestillingsprosjekt i løpet av året.

Det er eit tett samarbeid med Høgskulen om pedagogisk likestillingsarbeid i barnehagen. Vi ser at informasjon og haldningsskapande arbeid blant studentane er viktig for å oppnå mål om endra kjønnsrollemønster blant barn.

### Utfordringar

Berre 15 % av gardbrukarane som søker produksjonstilskot er kvinner, og om lag 30 % av sysselsette i landbruket er kvinner. Dette er noko vi må vere opptekne av i eit likestillingsperspektiv. Men samtidig ser vi at kvinnene i landbruket er aktive og er overrepresenterte blant dei som satsar på nye næringar. Andre sider ved likestillingsområdet innanfor landbruket, som til dømes etnisitet, har vi ikkje gjeve så stor merksemd. Men vi registerer at ein stor del av arbeidskrafta i landbruket har utanlandsk bakgrunn, og her ligg ei utfordring i å få fleire til å slå seg ned permanent. Dette handlar om språk, bustad, innføring i norsk arbeidsliv og å legge til rette for at resten av familien kan flytte hit og busetje seg. Dette vil også bidra positivt til å styrke folketallet i fylket.

I barnehagesektoren erfarer vi at rekruttering og det å halde på dei mannlege tilsette i barnehagane, er vanskeleg. Meir generelt er det ei utfordring å få synleggjort det pedagogiske likestillingsarbeidet i barnehagane sine planar og praksis. Det er og viktig å sikre møteplassar og nettverk for mannlege tilsette i barnehagane. Fylkesmannen arbeider systematisk for å møte desse utfordringane.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.	
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 708 173,33	kr 0,00
42 Familierett	kr 164 389,57	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 615 290,68	kr 0,00
47 Integrering	kr 214 659,97	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 14 106,25	kr 0,00
Sum:	kr 1 716 619,00	kr 0,00

## Justis- og beredskapsdepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon

#### 51.2 Vergemålsloven

I 2012 har arbeidet på verjemålsområdet vore prega av at Fylkesmannen skal overta som lokal verjemålsmyndigheit med verknad frå 01.07.2013. I tillegg til arbeidet med å førebu embetet på å overta oppgåvene på verjemålsområdet, har Fylkesmannen fungert som klageinstans og tilsynsmyndigheit for overformynderia i kommunane etter gjeldande lovverk.

Totalt har vi handsama fire klagesaker i 2012. Vi har i tillegg godkjent 19 overformyndereirekneskap for 2011, og det betyr at det er sju kommunar som ikkje har levert rekneskap og årsmelding for 2011.

Sidan dei kommunale overformynderia skal avviklast med verknad frå og med 1.juli 2013, har Fylkesmannen valt å ikkje prioritere gjennomføring av tilsyn i 2012. Av same grunn har vi heller ikkje prioritert å bruke tid på opplæring av overformyndarane. I staden har vi prioritert å bruke tid på å få til god dialog med kommunane og overformynderia, skaffe oss oversikt over verjemålsområdet i kvar kommune og å gje fortløpande informasjon til kommunane om verjemålsreforma.

Mellom anna har vi i løpet av hausten 2012 hatt dialogmøte med alle kommunane og overformynderia i fylket. Vi har også gjennomført opplæring i bruk av Datafangstportalen. Dette er ein web-applikasjon som er utvikla for at kommunane skal kunne registrere og overføre den mest sentrale informasjonen i dei aktive verjemålssakene elektronisk til Fylkesmannen. Overføringa skal vere slutført innan 1.mars 2013, og vi vil halde fram med å ha tett oppfølging og samarbeid med kommunane i dette arbeidet.

Det vert fortløpande lagt ut oppdatert lokal informasjon om verjemålsreforma på heimesida vår (<http://fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Helse-og-omsorg/Verjemaal/>)

**Oppgaver etter vergemålsloven**

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMSF	4	0
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>0</b>

### 51.3 Forlikrådene

I 2012 har vi oppnemnt nye forlikråd i 24 av dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane. I to av kommunane er det ikkje oppnemnt nytt forlikråd fordi vi enno ikkje har fått melding om at kommunane har valt fullstendige forlikråd.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ikkje hatt tilsynssaker i 2012.

### 51.5 Tomtefesteloven

Vi har ikkje hatt saker på dette området i 2012.

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter

### 52.1 Fri rettshjelp

Vi har handsama 570 saker på rettshjelpsområdet i 2012 (medrekna 49 saker for Kontrollkommisjonen). Om lag 70 % av sakene vart handsama innan fire veker frå dei kom inn. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på ni saker. Talet på innkomne saker i 2012 har halde seg relativt stabilt samanlikna med talet på innkomne saker i 2011. Vi har fått inn tolv fleire saker i år, samanlikna med i fjor. Vi har sendt kvartalsvise rapportar til Statens sivilrettsforvaltning i tråd med embetsoppdraget, og rapportane inneheld meir detaljerte opplysningar om sakstype og kor mykje vi har utbetalt i salær i løpet av året.

I løpet av 2012 har vi fått 19 klager på vedtak innan rettshjelpsområdet. To av klagen tok vi til følge, medan 16 av sakene vart sende til Statens sivilrettsforvaltning for klagehandsaming. Ei av klagesakene har vi enno ikkje teke stilling til. Klageinstansen har stadfesta alle vedtaka vi har sendt til endeleg klagehandsaming i 2012.

Vi deltok med tre sakshandsamarar på den årlege rettshjelpssamlinga til Statens sivilrettsforvaltning i november, i tillegg til at tre sakshandsamarar deltok på ei regionssamling på Hamar i oktober.

Vidare har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2012 utvikla nye funksjonar og forbetra den elektroniske skjemaløysinga for fri rettshjelp, sjå omtale i kap. 98.8.

## 52.3 Navneloven

Vi har handsama ei klagesak på dette området i 2012. I saka stadfesta vi vedtaket frå Skatteetaten, med den følgje at det ikkje vart gjeve løyve til endring av etternamn.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

### 53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Arbeidet med å revidere risiko- og sårbarheitsanalysen for fylket (fylkes-ROS) vart slutført i løpet av 2012. Fleire tema som ikkje var omtalt i den første fylkes-ROS (frå 2007) er med i den nye utgåva, m.a. vatn og avløp, radon og uønskte hendingar på sjøen. Konsekvensar av klimaendringar er eit gjennomgåande analysetema i alle kapitla. Ekstremvêret Dagmar i 2011 viste på ein svært tydeleg måte kor sårbart samfunnet kan vere for sterk vind og nedbør. Erfaringane frå Dagmar er difor omtalte mange stader i analysen.

Dei fleste fagetatane i fylkesberedskapsrådet har vore involverte i arbeidet med analysen, m.a. gjennom å levere levere faktagrunnlag, og å gjere analysar innan sine sektor- og fagområde. Fylkesberedskapsrådet hadde analysen som diskusjonstema på møte i 2011. Som ein del av oppfølginga av analysen vert det jobba med ein tverretatleg handlingsplan for oppfølging av funna. Fylkesberedskapsrådet er involvert i arbeidet med både å utarbeide handlingsplanen, og å følgje den opp.

### 53.2 Samfunnsplanlegging

Ein av hovudstrategiane for samfunnstryggleiksarbeidet vårt er å bidra til ei trygg og robust arealforvaltning. Vi legg vekt på å rettleie kommunane om våre forventningar til korleis omsynet til risiko og sårbarheit skal ivaretakast. Arenaer for slik rettleiing har m.a. vore møte og konferansar og kommunevise rettleiingsmøte. I tillegg tek vi opp desse problemstillingane med kommunane i konkrete plansaker, t.d. i planforum, eller på andre måtar.

Krav til å ivareta samfunnstryggleik er fast tema i Fylkesmannen sine fråsegner til varsel om oppstart av planarbeid. Vi går gjennom alle kommune- og reguleringsplansaker, og varslar og nyttar motsegn når vi meiner at omsynet til samfunnstryggleik ikkje er tilfredsstillande ivareteke.

Vi påpeikar alltid overfor kommunane at konsekvensar av klimaendringar må vere ein del av risiko- og sårbarheitsanalysen, og at vi vil bruke motsegn dersom planen ikkje syner kva vurderingar som er gjorde. Vi har laga ei sjekkliste for korleis omsynet til klimaendringar kan integrerast i ROS-analysen, og denne er delt med kommunane.

## Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

### 54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Vi starta i 2012 opp med tilsyn med kommunane sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, og gjennomførte tilsyn med fem kommunar. Tidlegare har vi hatt rettleiingsmøte med kommunane. Vi valde å konsentrere tilsynet om plikta til å ha heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. § 14 i sivilbeskyttelseslova og § 2 og 3 i forskrifta. Bakgrunnen for at dette temaet vart valt, er at vi har erfart at kommunane i stor grad manglar analysar som tilfredsstillar krava i lov og forskrift. Det vart gitt avvik under alle fem tilsyna.

Internt i embetet er det eit tett og godt samarbeid mellom beredskapseininga og helse, sosial og justisavdelinga (HSJ). I 2012 starta vi i lag eit læringsnettverk for beredskapsplanlegging, der vi inviterte med ti kommunar,

Helse Førde og Sogn og Fjordane Røde Kors. Hovudmålet med nettverket er å heve kvaliteten på kommunane sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Vi håpar at vi gjennom nettverket vil kunne bidra til å løfte kvaliteten på ROS-analysane og beredskapsplane i kommunane, slik at desse oppfyller lov- og forskriftskrav. I tillegg er det eit viktig mål å få til eit betre samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta på beredkapsområdet.

Beredkapsplanen til Fylkesmannen er oppdatert, og det ligg føre instruksar og planar for krypto- og sambandstenesta.

Oppdatert liste over skjermingsverdige objekt er sendt til DSB, og vi har hatt møte med politiet og Forsvaret om dette temaet.

## 54.2 Øvelser

Det har vore stor aktivitet på øvingsområdet i 2012. Vi har hatt øvingar med den kommunale kriseleiinga i åtte kommunar. Fylkesmannen deltok på ei større regional øving i oktober. Denne var i regi av NVE, og hadde særskilt merksemd på svikt i kritisk infrastruktur som følgje av ekstremvêr. Vi øvde saman med m.a. Helse Førde, Statens vegvesen, NVE og politiet. Tre av kommunane som vart sterkt råka av Dagmar, var òg med.

I desember gjennomførte vi ei øving i bruk av satellittelefon for kommunane og regionale fagetatar.

Fylkesmannen deltok på DSB si øving "CMX-2012".

Vi har delteke som observatør og responscelle på eit par større øvingar, i regi av Sogn og Fjordane Røde Kors og Førde kommune. I desember gjennomførte vi ei øving for kriseleiinga i fylkeskommunen.

I november starta vi planlegginga av "Øvelse Tyr", som skal vere i Sogn og Fjordane hausten 2013.

Vi er medlem av øvingsutvalet i fylket, og hadde i 2012 fleire møte for å planlegge regionale øvingar.

## 54.4 Regional samordning

Fylkesberedskapsrådet hadde møte i april, der hovudtemaet var oppfølginga etter Dagmar. Beredskapsrådet vart brukt aktivt under øvinga i regi av NVE i oktober.

Forsvaret (HV) og dei frivillige organisasjonane er blant medlemene i fylkesberedskapsrådet.

Når vi har tilsyn i kommunane, eller på andre måtar er i kontakt med dei, tek vi svært ofte opp samarbeidet med dei frivillige organisasjonane. Vi har understreka at det er viktig å bruke den ressursen som organisasjonane representerer, og at organisasjonane bør vere med i dei kommunale beredskapsråda. På same måte oppmodar vi om at kommunane òg tar med Heimevernet i råda. Vi har lagt vekt på at både dei frivillige organisasjonane og Heimevernet har kunnskapar og erfaringar som det er viktig for kommunane å nytte seg av i arbeidet med å lage risiko- og sårbarheitsanalysar.

Fritaksordninga for Forsvaret er følgd opp i tråd med forventningane som er stilt til oss.

## 54.5 Felles digitalt nødnett

Vi har delteke i fleire møte med Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) og Helsedirektoratet, og har informert om naudnett til kommunane, mellom anna gjennom læringsnettverket.

I samarbeid med fylkeskommunen skreiv vi brev til Justis- og beredskapsdepartementet om naudnettutbygginga. Vi stilte m.a. spørsmål om radiodekninga, og om kor robust nettet vil vere i tilfelle brot på straumforsyninga. Vi stilte òg spørsmål om det vil verte mogleg for andre aktørar, m.a. kommunane og dei frivillige organisasjonane, å kunne bruke nettet.

## 54.6 Atomberedskap og strålevern

I mars arrangerte vi ei to-dagars beredskapsamling med kommunane, der radon og ikkje-ioniserande stråling var ein vesentleg del av programmet første dagen. Her stilte Statens strålevern med føredragshaldar.

Kapittelet om atomberedskap er oppdatert i den nye fylkes-ROS, og det er skrivi eit nytt kapittel om radon. Fylkesmannen sin atomberedskapsplan er oppdatert.

I øvinga som vi hadde for åtte kommunar før jul, var eit stråleverntema ein del av scenariet. Atomberedskap er òg eit tema i læringsnettverket for beredskapsplanlegging.

## 54.7 Beredskap innen kraftforsyning og flom

Vi har ein tett og god dialog med kraftnæringa, særleg gjennom kraftforsyninga sin distriktssjef (KDS). Vi har delteke på fleire møte med beredskapsorganisasjonen til selskapa i kraftforsyninga (KBO). Sårbarheit for svikt i straumforsyninga har vore eit viktig tema på møta. KDS har bidrege med innspel til kapitlet om kraftforsyning i revisjonen av fylkesROS. Svikt i straumforsyninga var ein del av scenarioet under øvinga i regi av NVE.

Vi har vidareformidla varsel om ekstremvêr og flaum når DNMI og NVE har sendt ut slike. Rapportering er gjennomført når dette er pålagt, eller når vi har funne det nødvendig.

Ved søknader om konsesjon om bygging av kraftproduksjonsanlegg og -linjer, tek vi alltid opp forsyningstryggleik som tema når vi gir høyringsfråsegner til meldingar og konsekvensutgreiingar.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Organisering for krisehåndtering

Beredskapsplanen for embetet er ajourført. Alle i kriseleiinga har tilgang til krisestøtteverktøyet (CIM). Kriseleiinga har saman med operasjonsstaben fått opplæring i loggføring.

Vi hadde ein intern beredskapsdag hausten 2012. Føremålet var m.a. å lære opp tilsette som er plukka ut til å forsterke embetet sin kriseorganisasjon, i tilfelle ei større eller ei langvarig hending. Det vart kjøpt inn ein god del utstyr til stabsrommet, slik at dette no er vorte eit svært teneleg rom.

Det er instruksar og planar for krypto- og sambandstenesta.

### 55.2 Krisehåndtering

Vi har i 2012 ikkje vore direkte involvert i hendingar i fylket, ut over å vidareformidle fleire varsel frå Meteorologisk institutt og NVE. Gjennom arbeidet med å evaluere Dagmar har bruken av fylkesberedskapsrådet vore eit tema. Vi har fått klare tilbakemeldingar frå dei regionale etatane om at dei er godt nøgde med at Fylkesmannen brukar rådet aktivt under krisehåndtering.

Vi brukar krisestøtteverktøyet CIM aktivt. Alle kommunane har fått opplæring i CIM, men vi ser at det ikkje utan vidare er nok med berre ei kort, grunnleggjande opplæring. Vi brukar ein del ressursar på å støtte kommunane med opplæring, råd og rettleiing om CIM.

### 55.3 Evaluering

Vi har i 2012 hatt ei omfattande evaluering av Dagmar. Evalueringsrapporten er tilgjengelig på nettsidene våre.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr -132 611,97	kr 1 223 385,40
52.1 Fri rettshjelp	kr 628 161,18	kr 24 957,46
52.9 Annet Borgerrettigheter (rest 52)	kr 0,00	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 644 228,58	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 688 921,68	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 474 672,62	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 17 196,24	kr 0,00
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 320 568,00	kr 1 248 342,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Frå 2012 vart det gjennomført ei omlegging av dei faste møta med kommunane. Tidlegare var det møte med kommunane enkeltvis, men no er det felles møte med tre til fem kommunar (kommunegruppe). Planen er at det i løpet av valperioden skal vere to møte med kvar kommunegruppe. Etter ny modell vart det gjennomført tre kommunebesøk for totalt ti kommunar, der vi møtte administrativ leiing, ordførar og andre folkevalde. Den nye ordninga har i oppstarten vore krevjande å organisere, særleg gjeld dette samarbeidet med kommunane om planlegginga av møta. Gjennomføringa og utbyttet har vore godt. Ordninga skal evaluerast når det er gjennomført eitt møte med kvar kommunegruppe.

I 2012 vart det oppretta ei tverrfagleg intern gruppe for samordning av informasjon og felles tiltak i samhandlinga med kommunane. Oppgåvene til gruppa er utarbeiding av kommunebilete (tverrfagleg overordna informasjon om kvar kommune), konferansar, den interne kommunedagen og å evaluere samhandlinga med kommunane.

Fylkesmannen har to faste drøftingsmøte per år med KS i tillegg til den løpande kontakten.

Fylkesmannen sin årlege kommunekonferanse gjekk av stabelen i mai. Samhandlingsreforma og Sjumilssteget var viktige tema på konferansen.

Samling for rådmennene vart i samarbeid med KS gjennomført i september.

Fylkesmannen har faste møte på leiarnivå med Nav.

#### 61.2 Omstilling og fornying i kommunene

I 2012 delte Fylkesmannen ut 4,1 mill. kroner av skjønnsmidlane til offentlege fornyingsprosjekt, fordelt på 16 prosjekt. Det er krav om 50 % eigenfinansiering ved tildeling. Den samla ramma utgjorde såleis 8,2 mill. kroner. Krav om samarbeid mellom kommunar er prioritert, og dette har gjort det mogeleg å få til større prosjekt. Tildelinga vart gjort i to omgangar, januar og juni. Det blir lagt vekt på å spreie informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Prosjekt har blitt omtalt og presentert i møteplassar med kommunane. I tillegg til dette har prosjekta presentert seg ved å skrive eigne artiklar som er å finne på nettsidene våre.

Gjennom eit felles programstyre (Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS og rådmannsutvalet) for fornying av offentleg sektor og IKT, er det felles tildeling av skjønnsmidlar og fylkeskommunale utviklingsmidlar til fornyingsprosjekt. Medrekna fylkeskommunale utviklingsmidlar vart det i 2012 tildelt 7,2 mill. kroner, fordelt på 22 prosjekt.

### **61.3 Samordning av statlig tilsyn**

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representerte. Føremålet med gruppa er å samordne

Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane, og å samordne tilsyn frå andre tilsynsetatar med tilsyn frå Fylkesmannen. Vi har nytte av å utveksle erfaringar mellom avdelingar i embetet og mellom Fylkesmannen og andre tilsynsetatar utover det å samordne tilsynsaktivitet.

Kvart andre år i januar månad legg vi opp til utvida koordineringsmøte, der vi inviterer dei eksterne tilsynsetatane Mattilsynet og Arbeidstilsynet. I tillegg deltek sekretariata for kontrollutvala i kommunane. Sekretariata for kontrollutvala i kommunane har vi møte med kvart år.

Tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar vert lagt ut på nettsida vår.

Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunane med oversyn over tilsyn, forvaltningskontrollar, rettleiingsmøte og andre møte med kommunane. Mattilsynet og Arbeidstilsynet får kopi av brevet.

Vi har eit godt samarbeid med dei andre tilsynsetatane, men det er ei utfordrande oppgåve å få til god koordinering og samordning av all tilsynsverksemd retta mot kommunane.

## **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

### **62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven**

- I 2012 godkjende vi budsjett og økonomiplan for tre Robek-kommunar. For desse kommunane vart det i tillegg særskilt handsama tre lånesøknader og to for kommunale føretak.
- Utanom Robek-kommunane har det vore gjennomgang av budsjett og økonomiplan for 23 kommunar.
- Vi handsama lånesøknader for to IKS (interkommunalt samarbeid) og ni kommunale garantisøknader.

### **62.2 Økonomiforvaltning - veiledning**

Ved utgangen av 2012 var tre av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Det er kommunane Flora, Vik og Bremanger.

Fylkesmannen har i 2012 hatt sju møte med kommunar der økonomi var tema. Dette kjem i tillegg til den løpande kontakten vi har med alle kommunane i fylket.

I samband med Kostra-rapporteringa for 2011, følgde økonomistaben tett opp kommunane sin status under rapporteringsperioden. Kommunar som hadde mangelfull innrapportering fekk påminningar anten pr. e-post eller ved telefonkontakt. Kostraskjema vart fordelte mellom avdelingane. Det var knytt kontaktpersonar til dei ulike skjema. Oversyn over kontaktane vart lagt ut på nettsidene våre. Det var tre kommunar som ikkje rapporterte rekneskapen innan fristen 15. februar, og som dermed ikkje fekk lagt ut førebelse Kostra-tal 15. mars.

I Sogn og Fjordane har Fylkesmannen oppretta eit eige økonominettverk for kommunane. Nettverket består av økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. I tillegg er kommunerevisjonen godt representert. I 2012 hadde vi to samlingar, ei i juni og ei i november. Eigenkontroll, sjølvkost, plan- og styringssystem, garantiar, leing og organisering var nokre av temaa. Nettverket gjennomførte ei større evaluering i 2012. Tilbakemeldingane var gode, men deltakarane kan både vere betre førebudde og arbeide meir med oppfølginga for tema i samlingane. Dette vil auke læringsutbytte for deltakarane, og kommunane oppnår større effekt av nettverket. Økonominettverket har eit eige område på våre nettsider: <http://fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunal-styring/Kommuneøkonomi/Økonominettverket/>

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

### 63.1 Kommunalrett

Vi har gjeve generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Det har særleg vore spørsmål om habilitet, i tillegg til organisering og nyval til kommunale organ. Det har og vore ein del spørsmål til reglane om lovlegkontroll.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMSF	4	3	1	3	2	1	0	2
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>1</b>		

### 63.2 Valg

Vi har ikkje hatt aktivitet på området i 2012.

## Resultatområde 64 Forvaltnings- og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi har løpande rettleiing av kommunane om problemstillingar innan forvaltningsretten. Vi får også ein del spørsmål frå privatpersonar som gjeld sakshandsaming og partsrettar i kommunale saker. I andre halvår har vi loggført opplysningar om grove brot på partsrettar og annan grunnleggjande forvaltningsrett. I 2013 vil Fylkesmannen setje i verk eit embetsprosjekt med auka rettstryggleik i kommunane som satsingsområde. Målsetnaden er å heve kompetansen på grunnleggjande forvaltningsrett og sakshandsamingsreglar.

Vi har i 2012 handsama seks klagesaker som gjeld manglande dokumentinnsyn etter offentleglova. Fem av klagen vart tekne heilt eller delvis til følgje. Vi har ikkje hatt klagesaker som gjeld manglande dokumentinnsyn etter forvaltningslova. Vi har handsama tolv krav som gjeld dekking av sakskostnader etter forvaltningslova § 36.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

### 65.1 Kommuneinndeling

Vi har ikkje hatt saker på dette området i 2012.

### 65.2 Interkommunalt samarbeid

Det er etablert fleire interkommunale samarbeid i fylket. Nye område for samarbeid i 2012 var m.a. e-handel for Nordfjordkommunane, felles GIS i Nordfjord, folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn, deling av nynorske læringsressursar på nett og betre dialog med innvandrarar. Utgreiinga av interkommunalt barnevern i Nordfjord og Sunnfjord som vart starta opp i 2010, heldt fram i 2012, men samarbeidsform er enno ikkje avklara. Samarbeidstiltaka er støtta med skjønsmidlar.



## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

### 66.1 Byggesaker

Vi har handsama 146 byggjesaker i 2012. Talet var 225 i 2011. Nedgangen skuldast truleg utskifting av personale. Vi har heller ikkje nytta overtid på området i same omfang som i 2011. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for 2012 var 97 dagar per sak. Talet for 2011 var 90 dagar.

I 2012 fekk vi inn 67 saker frå eige fylke, medan talet på setjesaker var 72. Talet på saker som har kome inn i 2012 er dermed lågare enn talet på avslutta saker i same periode. Ved årsskiftet 2012/2013 hadde vi ein restanse på 31 saker, mot 42 ved årsskiftet 2011/2012. På grunn av etterslepet har vi 81 saker over fristen på tre månader i år, mot 87 i 2011. Vi var ikkje innanfor for fristen på tre månader sakshandsamingstid per 31.12.2012. Vi har målsetnad om å kome à jour innan 01.04.2013.

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Vi har i 2012 handsama tre saker om oreigning. I den eine saka oppheva vi kommunen sitt vedtak om oreigning til gjennomføring av reguleringsplan. Vidare gav vi i ei av sakene samtykke til oreigning med heimel i oreigningslova § 2 nr. 47, jf. nr. 54. Vedtaket er klaga på og er til klagehandsaming hos Olje- og energidepartementet. I den siste saka gav vi samtykke til oreigning med heimel i oreigningslova § 2 nr. 19, til framføring av kraftline. I saka vart det også gjeve avslag på søknad om samtykke til førehandsovertaking før skjøn er kravd. Vedtaket vart ikkje klaga på.

Når det gjeld saker om samtykke til førehandsovertaking har vi i ei sak gjeve samtykke til førehandsovertaking der skjøn var kravd, men ikkje halde. Vi har gjeve samtykke til førehandsovertaking etter at skjøn er halde, men før det er rettskraftig avgjort, i ei sak. Totalt har vi altså handsama tre søknadar om samtykke til førehandsovertaking.

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

#### Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	Vi har ikkje hatt slike saker i 2012.
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

#### Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	Vi har ikkje hatt slike saker i 2012.
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 536 847,04 kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 1 716 477,12 kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 593 119,35 kr 0,00
Sum:	kr 2 846 443,00 kr 0,00

## **Arbeidsdepartementet**

### **Resultatområde 73 Sosiale tjenester**

Sjå under.

#### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

Vi har og i 2012 hatt eit godt og tett samarbeid med Nav Sogn og Fjordane. Vi hadde i starten av 2012 eit møte mellom seksjonsleiar hjå Fylkesmannen og avdelingsdirektør på fylkesleddet, der vi samordna embetsoppdrag og mål- og disponeringsbrev. Med bakgrunn i dette, og med bakgrunn i erfaringar og kjennskap til Nav-kontora, fekk rådgjevarane i begge etatar i oppdrag å komme med framlegg til felles kompetanseplan og å gjennomføre denne.

Fylkesmannen er alltid, så langt det praktisk let seg gjennomføre, med på dei månadlege Nav-leiarsamlingane til fylkesleddet. På desse samlingane har vi ansvar for noko av programmet, og nyttar høvet til å ta opp ulike tema som vi meiner det er nødvendig eller nyttig og informere om eller å drøfte med Nav-leiarane.

Mellom anna har vi hatt internkontrollplikta etter STL i Nav som tema på ei leiarsamling. Internkontrollplikta var og sentralt tema på eit "læringstilsyn" som vi har gjennomført for seks kommunar i samband med ein av systemrevisjonane på dette området.

Vi har og gjennomført leiaropplæringa til STL i Nav på ei leiarsamling. Elles har vi teke føre oss utvalde anonymiserte vedtak som leiarane drøfta i grupper og plenum, med tanke på å heve kvaliteten på dette området. Leiarane tykte dette var svært nyttig, og vil gjerne ha dette som tema ved seinare høve.

#### **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Rådgjevarar hjå Fylkesmannen og hjå NavSogn og Fjordane har hatt eit tett og godt samarbeid kring felles kompetanseplan for NAV-kontora. På denne måten sikrar vi at alle satsingsområde vert presenterte og gjort kjende for dei tilsette. Vi sikrar også samordning og koordinering. Vi har hatt samarbeidsmøte minst ein gong i månaden. I tillegg deltek Fylkesmannen på alle leiarsamlingar i Nav.

I fellesskap arrangerer Fylkesmannen og Nav Sogn og Fjordane fylkesdekkande fagdagar for Nav-kontora ein gong pr. månad. Her tek vi opp sentrale tema som gjeld både kommunale og statlege tenester i NAV.

Alle Nav-kontor har tilbod om deltaking i regionale nettverksgrupper. Tema i desse samlingane er kvalitet i oppfølgingsarbeidet, ulike utfordringar i det sosiale arbeidet og etiske problemstillingar. Vi og Nav Sogn og Fjordane samarbeider om å drive desse nettverka. Nettverksmøta har mellom 8 og 15 deltakarar. "Reflekterande team" blir nytta som arbeidsmetode i nettverka, og det blir ofte drøfta problemstillingar knytt til arbeidet med sosiale tenester i Nav. Psykiatritenesta i kommunane og rustenesta (for dei kommunane som har denne organisert utanfor Nav) er også inviterte til å delta.

Fylkesmannen har ytt tilskot til Nav-kontor i samband med deltaking på "Mulighetskonferansen i Nav 2012". I alt 13 Nav-kontor deltok.

Vi har arrangert opplæring i lov om sosiale tenester for Nav-kontor og deira samarbeidspartar.

Vi har og arrangert Tverrfagleg konferanse i rettleiing, der målgruppa er alle som er interesserte i rettleiing. I 2012 var det 75 deltakarar til stades. I tillegg har vi ei heimeside for rettleiingsnettverket i Sogn og Fjordane, der personar som er villige til å ta på seg rettleiingsoppdrag er registrerte. På den måten skal det vere oversiktleg for kommunane å engasjere ein person med rettleiingskompetanse.

#### **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Fylkesmannen og Nav fylke har hatt felles kompetanseplan for Nav-kontora og har arrangert fagdagar ein gong pr. månad. Rådgjevarar frå Fylkesmannen og Nav fylke har hatt møte minst ein gong pr. månad for å styrkje samarbeidet.

NAV-kontora har hatt ståande tilbod om rådgjeving og opplæring som gjeld kvalifiseringsprogrammet (KVP). I tillegg har KVP vore tema på leiarsamling i Nav.

To tilsette frå Nav-kontor var med på møte med direktoratet i september der det var gjennomgang av forskrifta og rundskrivet til KVP.

KVP har vore aktuelt tema på regionale nettverksamlingar for Nav-kontora der vi nyttar reflekterande team. Alle Nav-kontor har hatt tilbod om to slike samlingar, som Fylkesmannen og Nav fylke arrangerer i fellesskap.

KVP var tema då vi hadde opplæring i lov, forskrifter og rundskriv til sosialtenestelova for Nav-kontora og samarbeidpartar i november. Alle Nav-kontor deltok på denne opplæringa.

### **73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning**

Fylkesmannen har arrangert todagars grunnkurs i økonomi- og gjeldsrådgjeving i samarbeid med regionkontakten vår på dette området. Det var ti deltakarar, ni frå Nav-kontor og ein frå skatteoppkrevjarkontor.

Vi har arrangert ein fagdag for alle Nav-kontor og namsmenn der hovudtema var sosialfaglege perspektiv på gjeldsrådgjeving. Hovudforedragsholdar var Torleif Kahrs. I tillegg informerte Gjeldsrådstelefonen 800gjeld om sine tenester. I alt 45 personar deltok.

Alle Nav-kontor deltek i fagleg forum for økonomisk rådgjeving. Det er fire regionale nettverk i fylket som har ulik møtefrekvens, med frå to til seks møte i året. Det varierer kor mykje Fylkesmannen er engasjert i gjennomføringa av samlingane. Nettverka har samarbeid med namsmennene. Talet på deltakarkommunar i nettverka: Indre Sogn: åtte, Sunnfjord: fem, Nordfjord: sju, HAFS: seks. Det varierer om det møter ein eller to personar frå kvart Nav-kontor til samlingane.

Fylkesmannen har engasjert ekstern konsulent som Nav-kontora kan ringe til for å få rettleiing i gjeldssaker. Han har også vore på besøk i kontora for å gi opplæring og rettleiing. Konsulenten har dessutan delteke på nokre møte i dei regionale nettverka. Til saman har han arbeidd 125 timar dette året.

Tre kommunar har fått midlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til interkommunalt samarbeid om gjeldsrådgjeving. Dette er Årdal, Lærdal og Aurland. Vi har oppmoda fleire kommunar om å starte samarbeid, og to interkommunale prosjekt vil truleg søkje om midlar i 2013.

### **73.5 Boligsosialt arbeid**

Vi har vore med å dele ut tilskotsmidlar til tre kommunar i 2012, Jølster, Naustdal og Flora. Høyanger og Eid har fått behalde overførte midlar frå 2011.

Ved vår deltaking i samlingane til Nav-leiarane og ved tilsyn i kommunane, har vi følgd med på korleis det har gått med tilsetjing i stillingar og prosjekta generelt.

I tillegg har vi i lag med Husbanken arrangert konferanse om Husbanken sine verkemiddel for institusjons- og omsorgsbustad og bustadsosialt arbeid. Her deltok 47 personar frå 20 kommunar. Tema var korleis startlån og Husbanken sine ordningar kan hjelpe vanskelegstilte til å komme frå leige- til eigesituasjon.

Fylkesmannen er og ein del av Husbanken Region vest sitt velferdsprogram. Dette er eit prosjekt der utplukka kommunar blir inviterte til å søkje om deltaking. Det handlar om korleis kommunane planlegg og legg til rette for at særleg vanskelegstilte skal få seg ein stad å bu. Flora kommune er med frå vårt fylke.

Vi rettleiar kommunar i tilskotsordninga, og vi oppmodar dei til å ta kontakt med Husbanken for å betre nytte deira ordningar.

### **73.6 Barn og unge**

Fylkesmannen har etablert samarbeid internt og eksternt med tema barn og unge. Representantar for prosjektet "Ungdom i svevet" har vore på besøk og presentert seg for deltakarar frå fylkeskommunen (Ny Giv-prosjektet), Røde Kors, Nav Sogn og Fjordane og Fylkesmannen. Vi har og delteke på lokale og regionale Ny Giv-konferansar.

"Ungdom i Svevet" har vore tema i Nav-leiarsamling, og skal vere kjent i alle kommunar. I tillegg har vi starta opp "Sjumilssteget" etter modell frå Troms, som eige embetsprosjekt. Dette er omtala annan stad i årsrapporten.

I 2012 fekk HAFS interkommunale barnevernsteneste tilskot på området barnefattigdom.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 1 265,00	kr 390 818,49
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 66 093,81	kr 380 192,68
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 321 584,30	kr 123 973,81
Andre oppgaver under AD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 388 943,00	kr 894 984,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester

Vi viser til rapportering under Arbeidsdepartementet, resultatområde 73.

### Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

Alle kommunane i fylket har oppretta ei koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Men organiseringa og innhaldet i einingane er ikkje like godt utvikla i alle kommunane. Einingane er ikkje gjort tilgjengelege og synlege alle stader. Nokre kommunar har lagt kontaktinformasjon til eininga godt synleg på nettsida si.

Fylkesmannen har gjennomført eit læringsnettverk om kvalitetsutvikling i helse- og omsorgssektoren. Tolv kommunar og Helse Førde deltok. I læringsnettverket jobba dei fleste kommunane med å lage ein plan for korleis dei skulle opprette og organisere den koordinerande eininga.

Fylkesmannen har ikkje gjennomført eigne tiltak for å følgje opp kommunane sitt arbeid med synshemma.

Representantar for Helse Førde og Lærings- og meistringssenteret har hatt innlegg på leiarnettverk for helse- og omsorgstenesta i fylket om rehabilitering og koordinerande eining sin plass etter innføring av nytt lovverk, med vekt på kva som er utfordringane og korleis få til betre kommunikasjon mellom nivåa i helsetenesta.

Helse Førde har og hatt innlegg om Nevrologisk avdeling sitt bidrag til kompetanseheving og opplæring om fleire diagnosar til kommunehelsetenesta.

Ein kommune som har kome langt i arbeidet med å etablere koordinerande eining, presenterte korleis dei har jobba med betringsarbeid og kva innhald dei har lagt i eininga.

Fylkesmannen har leigd inn ein fagperson frå Fredricia kommune i Danmark som har orientert og lagt fram erfaringar med omlegginga i kommunen "frå pleie- og omsorg til rehabilitering"

Konferanse om tiltak for å gjennomføre meir koordinerte tenester til born med nedsett funksjonsnivå vart gjennomført i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland. Sju-åtte kommunar frå Sogn og Fjordane deltok.

Fylkesmannen har gjennomført opplæringstiltak om nytt lovverk for alle kommunane i fylket. Opplæringa var gjennomført regionvis.

### **75.1 Habilitering og rehabilitering**

Sjå rapportering på 75.0 Habilitering og rehabilitering.

### **75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier**

Sjå rapportering på 75.0 Habilitering og rehabilitering.

### **75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem**

Det er ingen personar under 50 år med nedsett funksjonsevne som mot eigen vilje har opphald i alders- og sjukeheim. Dette er rapportert i eige brev av 23.05.12 til Helsedirektoratet.

Fleire kommunar har som tidlegare år rapportert feil i Kostra. Vi har vore i kontakt med dei aktuelle kommunane, og alle opplyser at dei ikkje har personar under 50 år på langtidsopphald i alders- eller sjukeheim. Dei vil gå gjennom IPLOS-registreringane sine for å undersøkje om rapporteringa blir feil grunna feilregistrering eller feil i fagsystema deira.

## **Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling**

### **76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten**

Fylkesmannen har ei brei kontaktflate mot helseføretak, kommunar og kommunale helsearbeidarar. Vi er engasjert i opplysningsarbeid om samhandlingsreforma overfor fleire typar helsepersonell, kommuneadministrasjon, politikarar og frivillige lag og organisasjonar. Dette har skjedd på møte med einskildkommunar og med grupper av kommunar, to konferansar for alle kommunane i fylket, to konferansar for leiarar i helse- og sosialsektoren og to møte spesielt retta mot legar.

I dette arbeidet har vi også nær kontakt med samhandlingskoordinatoren for Vestlandet med arbeidsstad hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Helse Førde og kommunane i fylket har etablert ein formell struktur for samarbeidet mellom 1. og 2. linjetjenesta gjennom koordineringsrådet. Fylkesmannen har ei observatørrolle i dette organet, og deltek aktivt i rådet.

Vi har vore aktiv pådrivar for å opprette eit samhandlingsforum for helse, omsorg og folkehelse. Dei som deltek er KS, regionkontaktar i alle deler av fylket, helseføretaket, høgskulen og fylkeskommunen. I tillegg deltek Helse Vest sin regionkontakt for samhandling. Samhandlingsforumet har hatt to møte i 2012.

I kjølvatnet av utøyatragedien har vi i samarbeid med RBUP Vest etablert kriseteamskule med innlegg frå fylkeslegen, for kommunale team.

Vi har gjennom samarbeid med Helse Førde, KS, kommunane og andre aktørar lagt til rette for at Meldingsløftet i samhandlingsreforma vert godt organisert.

Fylkesmannen har gjort kjent kurstilbod om "Samhandling i plan" på si nettside. Vi har delteke på fylkeskommunen sitt opplæringsprogram om planlegging i kommunane.

Fylkesmannen deltek også i andre samhandlingsforum mellom helseføretaket og kommunane, som til dømes "Prosjekt lokalsjukehus" i Nordfjord. Vi deltok her også i følgeforskningsgruppa knytt til "Framtidens lokalsjukehus" i Nordfjord.

Fylkesmannen følgjer med på dei andre samhandlingsprosjekta i fylket. For å få til erfaringsutveksling har desse vore presenterte på ulike leiarsamlingar, samlingar for kommunar og for legar.

Representant for Ål sjukestugu Hallingdal, Gudbrandsdal lokalmedisinske senter Otta og Orkdal samhandlingsprosjekt har vore i fylket og fortalt om egne erfaringar med interkommunal samhandling.

På felles møte har det også vore teke opp juridiske aspekt ved dei nye helse- og omsorgslovene. I tillegg er dette behandla i innlegg på heimesida, på bloggar og i helse - og omsorgsmeldinga.

## **76.2 Individuell plan**

Fylkesmannen har gjort kjent krava og lovverket som gjeld for oppretting av individuell plan. Lovverket har vore presentert for kommunar som har delteke på læringsnettverk om kvalitetsutvikling og tverrfagleg samarbeid. Individuell plan har vore omtala i fleire innlegg under ulike tema på leiarnettverk for helse- og omsorgstenesta, spesielt på ei samling i mai. Der var rehabilitering og koordinerande eining eit hovudtema.

## **76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten**

Vi har ikkje hatt aktivitetar som tek opp kvalitetsstrategien som eige tema, men omgrepsapparatet og tankegangen i strategien vert nytta i dei fleste utoverretta aktivitetane våre. Kvalitetsarbeid er på ulike måtar tema på nettverksamlingane for leiarar i helse- og omsorgstenestene som vi held to gonger i året. Det har også vore tema i dialogmøte med kommunane.

I 2012 har vi arrangert eit læringsnettverk med fire samlingar til saman. I alt 13 kommunar, tannhelsetenesta og Helse Førde HF deltok med til saman 43 deltakarar. Læringsnettverket har som målsetjing å utvikle robuste samhandlingsformer som gir læring og betre kvalitet i helse- og omsorgstenesta.

Fylkesmannen sitt nyetablerte nettverk for sjukeheimslegar samlar ca 20 sjukeheimslegar to gonger pr. år. Hovudtema i år har vore musikkterapi i sjukeheim og fysisk aktivitet hos eldre, ved sida av at samlingane gir høve til erfaringsutveksling på tvers av kommunar.

Fylkesmannen arrangerte smittevernkonferanse også i 2012. Dette er dels av omsyn til sjølve smittevernet, men også eit tiltak for å bygge det samfunnsmedisinske nettverket i fylket. Smittevernkonferansen er tverrfagleg og engasjerer mange legar. Tema var aktuell epidemiologisk oversikt, smittevern i skule og barnehage, smittevernplan og eksempel på praktisk smittevernarbeid i kommunane.

I samband med endringa i lov om spesialisthelseteneste § 3-3 tok Fylkesmannen initiativ til eit kontaktmøte med Helse Førde om vidare samarbeid om avvikssaker i spesialisthelsetenesta.

## **76.4 Utgår**

## **76.5 Felles digitalt nødnett**

Naudnettet er ikkje innført i fylket. I samarbeid med Helse Førde og Helsedirektoratet har vi arrangert to møte for kommunane om endringar i legevaktordning og førebuing til bruk av naudnettsamband i akuttmedisinske tenester.

## **Resultatområde 77 Andre oppdrag**

### **77.1 Helsemessig og sosial beredskap**

Helse-, sosial- og beredskapseiningane samarbeider godt hjå oss. Beredskapseininga gjennomfører rettleiingsmøte med fleire kommunar årleg der dei også vurderer planane for sosial- og helsemessig beredskap. Det vart avdekt at fleire kommunar har mangelfulle planverk på dette området også i 2012. Vi søkte derfor om midlar til å etablere eit læringsnettverk i beredskapsarbeid for å gje kommunane betre oppfølging enn kva vi har hatt høve til tidlegare. Vi hadde oppstartmøte i november 2012. Vi planlegg 4 samlingar i 2013 der vi avsluttar med øving og ei evaluering.

Vi har oppretta tilsynssak overfor einskildkommunar for å få etablert eit akseptabelt planverk innanfor helsemessig og sosial beredskap.

I desember arrangerte Fylkesmannen beredskapsøving for fleire kommunar.

## 77.2 Fritak frå forvaltningsmessig taushetsplikt

Ti av tolv saker er behandla innan 14 dagar, mange i løpet av nokre dagar.

I ei sak var sakshandsamingstida på rundt seks månader, fordi vi venta på delegering av kompetanse frå Kunnskapsdepartementet. Då var det ikkje lenger aktuelt med fritak fordi saka var ferdigbehandla av retten.

I ei sak er saksbehandlingstida på rundt tre månader, fordi vi venta på delegering av kompetanse frå Kunnskapsdepartementet. Hovudforhandlinga var i mellomtida utsett, og det blei gitt fritak.

**Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	12	30
<b>Sum</b>	<b>12</b>	

## 77.3 Særfrådrag

I dei aller fleste sakene har det vore nødvendig å innhente meir informasjon. Sakene har ikkje vore godt nok opplyste frå Skatteetaten.

Det er komme klage på vår avgjerd i fem av særfrådragssakene vi har handsama. Ingen har fått medhald i klagen etter at sakene har vore behandla i HelseDirektoratet.

**Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	13	61
<b>Sum</b>	<b>13</b>	

## 77.4 Førerkort

I alt 340 personar fekk dispensasjon eller delvis dispensasjon frå helsekrava i førarkortforskrifta, medan 42 fekk avslag.

Vi gav 172 tilrådingar til politiet om inndraging av førarrett.

Alle sakene vert registrerte i Trafikksystemet og rapporterte til HelseDirektoratet to gonger pr. år. Kvart kvartal kontrollerer vi talet på saker og sakshandsamingstida opp mot vår eiga serviceerklæring.

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	749	15
<b>Sum</b>	<b>749</b>	

## 77.5 Pasientjournaler

**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall
FMSF	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## **77.6 Rett til trygderefusjon**

Det var ingen saker i 2012.

## **77.7 Felles barnevern sosial og helsemelding**

Vi skreiv helse-, omsorgs- og barnevernmelding i 2012. Enkeltartiklane vart også publiserte på heimesida vår.

Vi vel å prioritere dette arbeidet og ser at lokale medium brukar stoffet og gir emna våre brei omtale med utgangspunkt i artiklane.

## **77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4A**

Vi har motteke 53 vedtak om helsehjelp gitt med tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. Dei aller fleste vedtaka kom frå kommunehelsetenesta, gjaldt stell og pleie og varte inntil eitt år. Det inneber at 35 vedtak har vore prøvd av oss etter tre månader. Vi har motteke to vedtak som gjeld tannbehandling. Frå spesialisthelsetenesta har vi motteke tre vedtak.

Det er ikkje komme klage på nokon av vedtaka.

Vi har gjennomført eit omfattande opplæringsopplegg i løpet av våren 2012 med omlag 220 deltakarar. Av desse var 20 knytt til tannhelsetenesta. Dei andre deltakarane jobba i pleie- og omsorgstenestene og med psykisk utviklingshemma.

Vi hadde fem dagsamlingar fordelt i fylket. Opplæringa bestod av undervisning i regelverk, case og presentasjon av funn frå tilsyn vi hadde gjennomført i tre kommunar (systemrevisjon) med kap. 4A.

Etter at opplæringa var gjennomført registrerte vi auka pågang frå helsepersonell for å få rettleiing på telefon i samband med skriving av vedtak. Vi har også hatt låg terskel for å ringe helsepersonell i staden for å skrive, i dei tilfella vi har sett at vedtaka ikkje har vore tilfredsstillande. Etter opplæringa har vi hatt tilsyn i fire kommunar. Det blei ikkje funne avvik i kommunane.

Hausten 2012 gjennomførte vi prosjektet "tilsyn og læring". Prosjektet var knytt til at vi skulle ha systemrevisjon med kap. 4A i ein kommune. Inkludert tilsynskommunen deltok sju kommunar i prosjektet. Vi hadde eit opningsmøte der regelverk og metoden systemrevisjon blei presentert. I tillegg fekk kvar kommune presentere stoda i eigen kommune. Parallelt med at vi gjennomførte tilsynet i den eine kommunen, gjennomførte seks kommunar internrevisjon i eigen kommune. På ei avsluttande samling fekk kommunane presentere funn og planar for å rette opp eventuelle feil. Tilsynskommunen delte erfaringane frå tilsynet. Prosjektet fekk svært god tilbakemelding og vert forlenga også i 2013.

Spesialisthelsetenesta har ved fleire høve fått tilbod om opplæring. Dei har ikkje tatt imot tilbod om opplæring i 2012. I samband med at vi har fått vedtak frå spesialisthelsetenesta, har vi gitt rettleiing på telefon der det har vore nødvendig.

I samband med behandling av tilsynssaker etter enkelthendingar i spesialisthelsetenesta har vi etterspurt rutinar for helsehjelp gitt med tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A.

For å få mest mogeleg lik sakshandsaming har vi oppretta eit nettverk mellom fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi har hatt årlege møte.

## **Resultatområde 83 Folkehelsearbeid**

### **83.1 Folkehelsearbeid generelt**

Vi har gjennomført opplæring i nytt lovverk for alle kommunane i fylket. Opplæringa vart gjennomført regionvis.



Fylkesmannen si helse-, sosial- og justisavdeling har hatt folkehelse og planarbeid som tema på alle møte med kommuneleingane det siste året. Vi har og bidratt med innlegg om folkehelselova og plan- og bygningslova sitt førebyggings- og folkehelseperspektiv i fleire møte og samlingar.

Dei aller fleste kommunane har i 2012 utarbeidd planstrategi eller planprogram for kommuneplan etter plan- og bygningslova.

Kommunane sine planstrategiar har teke opp spørsmål om utfordringar med alderssamansetjinga i kommunen, og om utfordringar i samband med omsorgsplan. Dei fleste kommunane har stor merksemd på folketalsutviklinga og alderssamansetjinga i befolkninga. Dei fleste er og opptekne av næringsutvikling, og korleis dei skal få etablert nye arbeidsplassar. I eit folkehelseperspektiv er dette viktige tema.

Berre ein kommune har laga ein planstrategi som syner oversikt over folkehelsestilstanden, med opplysningar frå helsestyresmaktene, kunnskap frå kommunale helse- og omsorgstenester, og skriftleg kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse. Vi ser ikkje at kommunane i planarbeidet har sett opp overordna mål for folkehelsearbeidet. Fleire kommunar legg opp til å lage eigne folkehelseplanar, men det overordna folkehelsearbeidet kjem ikkje tydeleg fram i planstrategiane. Nokre kommunar legg universell utforming til grunn i planarbeidet. Fleire av kommunane som har inngått partnerskap om folkehelse med fylkeskommunen, har utarbeidd eigne folkehelseplanar også for planperioden fram til 2012.

### **83.2 Miljørettet helsevern**

Fylkesmannen har ikkje teke mot klagesaker på miljøretta helsevern i løpet av 2012.

Vi har ei felles tilsynsgruppe for alle avdelingar, der vi samarbeider og utvekslar erfaring om ulike tilsynsområde. Utdanningsavdelinga har hatt tilsyn med kap 9A etter opplæringslova. Helse- og sosialseksjonen har ikkje hatt konkret samarbeid om rådgiving og tilsyn med oppfølging av skular og barnehagar.

### **83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse**

#### **Seksuell helse**

Fylkesmannen har etter søknad delt ut midlar til tiltak for å førebyggje uønskt svangerskap og abort både for tenåringar og andre. Studenthelsetenesta og fleire helsestasjonar har søkt om tilskot, som er blitt innvilga i samsvar med regelverket og intensjonane i handlingsplanen. Ein kommune som fekk tilskot for 2012, har returnert pengane etter at endring i bemanninga gjorde det vanskeleg å ha ein innsats på området.

Fylkesmannen har samarbeidd med helsesøstergruppa og Helsedirektoratet for å gi innspel til gjennomføring av faglege retningslinjer for førebygging og behandling av overvekt hjå barn og unge. Representant frå Helsedirektoratet har halde innlegg om handlingsplanen sitt innhald og om relevante rettleiarar på området om seksuell helse.

Fylkesmannen har gitt fråsegn til kommunane sine planstrategiar. Vi har trekt fram livsstilsområda som tema i planarbeidet.

#### **Ernæring**

Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen om ernæring og tobakksførebyggjande tiltak. Vi deltek i ressursgruppemøte og orienterer om statlege tiltak og føringar på områda.

Fylkeskommunen deler ut vassflasker til bruk i skular og har dessutan eit prosjekt som heiter "Frå pupp til kopp". Det er samarbeid mellom tannhelsetenesta og helsestasjonane om utdeling av flaske til å ha vatn på. Målet er å fremje vatn som tørstedrykk så tidleg som mogleg.

Det er arrangert seks kurs for barnehage og skule. Tema har vore mat med fokus på fisk, grovt brød og grønt. Fylkesmannen har gjort kjent "Kosthåndboken Veileder i ernæringsarbeid i helse- og omsorgstjenesten" på konferanse for leiarar i helse- og omsorgstenesta, for folkehelsekoordinatorar og på nettsida vår. Det er utarbeidd eit ressurshefte til bruk for kantiner i vidaregåande skular, med oppskrifter, gode kostråd og andre tips om hygiene med meir.

#### **Tobakk**

Om FRI-programmet sender Fylkesmannen ut e-post med påminning til alle ungdomsskular i fylket to gonger i løpet av hausten.

I Sogn og Fjordane deltek meir enn 85 % av elevane i ungdomsskulen i FRI-programmet. I skuleåret 2011-2012 deltok 87 % av elevane, medan det 1. februar i år (for skuleåret 2012 - 2013) var 85 % av elevane som var melde på programmet. Det var dessverre ein liten tilbakegang, men fylket har likevel jamt over lege på tredje plass av fylka i landet. I fylket er det ein høg part av elevane som har skrive under på kontrakt om å vere tobakksfri. Fylkesmannen støttar tiltak med ein liten sum pengar frå FRI- midlar til å arrangere tiltak på Verdens tobakksfrie dag. Desse tiltaka er organisert av fleire instansar som skular, tannhelsetenesta og helsestasjon i samarbeid med folkehelsekoordinatorar i kommunane.

To skular fekk pris for tobakksførebyggjande arbeid i 2012. Dei vart plukka ut etter loddtrekning. Føresetnaden for å delta i loddtrekninga er at alle ungdomsskuleklassane på skulen er påmelde på FRI- programmet.

#### Fysisk aktivitet

Fylkesmannen har i mange år hatt samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Det vert kvart år arrangert ein konferanse om fysisk aktivitet og folkehelse. I 2012 var temaet Fysisk aktivitet og kroppsøving i skulen - gunstig for skuleprestasjonar og skuletrivsel? Det deltok ca 70 personar, dei fleste frå skulesektoren.

Vi har hatt fysisk aktivitet som tema på samling for helse- og omsorgsleiarar. Ein fysioterapeut og koordinator for eit folkehelseprosjekt i tre kommunar heldt innlegg om fysisk aktive eldre heile livet. Ein stipendiat og forskar på fysisk aktivitet og helse held innlegg om eit friskt liv, om fysisk aktivitet og andre livsstilsutfordringar i befolkninga. Dessutan hadde vi forelesning om fysisk aktivitet i eit helseperspektiv på leiarnettverket hausten 2012, ved førsteamanuensis frå idrettsseksjonen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

## 83.6 Smittevern

Vi har ikkje hatt saker til behandling etter smittevernlova.

Fylkesmannen arrangerte smittevernkonferanse også i 2012. Dette er dels av omsyn til sjølve smittevernet, men det er også eit tiltak for å bygge det samfunnsmedisinske nettverket i fylket. Smittevernkonferansen er tverrfagleg og engasjerer mange legar. Tema var aktuell epidemiologisk oversikt, smittevern i skule og barnehage, smittevernplan, eksempel på praktisk smittevernarbeid i kommunane. På smittevernkonferansen orienterte Helsedirektoratet om praktisk utarbeiding av smittevernplan.

## Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen har gode kontaktpunkt med legar utanfor sjukehus, basert på kommunekontakt, nettverk for samfunnsmedisin, smittevernkonferanse, tilsynslegeforum (sjukeheim) og legevaktmøte.

Fylkesmannen har reetablert eit nettverk for samfunnsmedisin blant legar. Ti legar deltek i samfunnsmedisinsk utdanningsgruppe, og ut frå kartlagt interesse legg vi tilrette for å etablere ei ny utdanningsgruppe. Samfunnsmedisinsk møte for legar vart i år arrangert over to dagar for å gi rom for både formell og uformell kontakt mellom kommunelegane. Møtet var eit samarbeidsprosjekt mellom utdanningsgruppa og Fylkesmannen. Tema for møtet var beredskapsarbeid (lærdom etter 22. juli), kommunal helseplanlegging for samhandlingsreforma, meldingsløftet, og praktisk samfunnsmedisin i kommunane.

Fylkesmannen sitt nyetablerte nettverk for sjukeheimslegar samlar ca 20 sjukeheimslegar to gonger pr. år. Hovudtema i år har vore musikkterapi i sjukeheim og fysisk aktivitet hos eldre, ved sidan av at samlingane gir høve til erfaringsutveksling på tvers av kommunar.

Fylkesmannen arrangerte smittevernkonferanse også i 2012. Dette er dels av omsyn til sjølve smittevernet, men det er også eit tiltak for å bygge det samfunnsmedisinske nettverket i fylket. Smittevernkonferansen er tverrfagleg og engasjerer mange legar. Tema var aktuell epidemiologisk oversikt, smittevern i skule og barnehage, smittevernplan, eksempel på praktisk smittevernarbeid i kommunane.

Fylkesmannen har 2012, saman med Helse Førde og Helsedirektoratet, for helseadministratorar og kommunelegar arrangert to møte om legevaktorganisering (om nye krav på dagtid) og naudnett i fylket .

Vi gjorde ei kartlegging av rekrutteringa og stabiliteten av fastlegar i fylket i januar 2012. Det er framleis rekrutteringsvanskar i fleire kommunar. Det er også problem med å få legar til å bli verande i fylket. Det kom fram av kartlegginga at nær 20 % fastlegane er vikarar. Ny kartlegging er gjort i 2013 og vil verte publisert i helse, omsorgs- og barnevernmeldinga.

Fylket har to store interkommunale legevakter, noko som har bidrege positivt til betre rekruttering av fastlegar i småkommunar som tidlegare har hatt stor vaktbelastning. Ved begge legevaktsordningane deltek fastlegane mindre enn ønskjeleg i legevaktsarbeid.

Vi har ikkje indikasjon på at fastlegane ikkje deltek i arbeid med LAR.

Vi medverkar til livsstilsrettleggning i primærhelsetenesta og bruk av lokale lavterskeltilbod innan fysisk aktivitet, kosthold og tobakk, ved å informere om og støtte opp om frisklivssentralar.

Vi medverkar til informasjon om fysisk aktivitet i førebygging og behandling.

Vi medverkar gjennom informasjon og tilsyn til implementering av nasjonale faglige retningslinjer for forebygging og behandling av underernæring.

Vi samarbeider breitt i utviklingsarbeidet relatert til ny helse- og omsorgstenestelov.

Vi har bidrege til helsemyndighetene si kartlegging av reservasjonsrett for visse grupper helsepersonell.

## **84.2 Turnustjeneste**

Fylkesmannen har ansvaret for å kvalitets sikre og skaffe turnusplassar i kommunehelsetenesta. I Sogn og Fjordane har vi ikkje høve til å pålegge fleire kommunar å ta imot turnuslegar. Vi har mange småkommunar som ikkje kan gje ei god nok teneste. Vi har arrangert to kurs i offentleg helsearbeid for turnuslegar, fysioterapeutar og kiropraktorar. Kursa har deltakarar frå Sogn og Fjordane og Hordaland. Vi har arrangert to kurs i akuttmedisin for turnuslegar i Sogn og Fjordane. Vi har eit opplegg med grupperettleiing i kommunehelsetenesta. Det vert arrangert to todagarssamlingar for kvart turnuslegekull. Dei fleste turnuslegane rapporterer at dei er nøgde med den praktiske tenesta i sjukeheim, men det kjem fram at denne tenesta vert organisert ulikt i kommunane.

Vi godkjenner og skaffar turnusplassar for fysioterapeutar i samarbeid med regionansvarleg fylkesmann.

Det er ikkje arrangert kurs for turnusrettlegiarane. Det er planlagt kurs både for rettleiarane for fysioterapeutar og legar i 2013.

## **84.3 Klagesaksbehandling etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester og pasient- og brukerrettighetsloven**

Sjå rapport på 82.3

## **84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel**

Vi har hatt møte med leiinga i Vik fengsel, kommunen, fengselssjukepleiar, fengselslege og psykiater og rusmiddelkonsulent frå spesialisthelsetenesta. Kriminalomsorgen og kommunen har eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta innanfor rus og psykiatri. Det er skrive ein samarbeidsavtale som vert følgt opp. Fengselet har også eit godt samarbeid med legevakta i kommunen.

Den nye rettleiaren IS/1971 Helse- og omsorgstjenester til innsatte i fengsel er kjent. Vi har i 2012 ikkje hatt klagesaker frå innsatte i fengsel, i motsetnad til tidlegare år. Kriminalomsorgen og helsetenesta omtalar legemiddelasistert rehabilitering og ny legevaktsordning i kommunen som dei største utfordringane innan helse- og omsorgstenesta til innsatte.

## **84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjennforente og direktebosatte**

## **overføringsflyktninger**

Vi har teke opp helsetenesta for asylsøkjjarar og flyktningar på samling for helsesøstre og anna helsepersonell.

Vi har kartlagt bruk av "Veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familigjenforente" og om krav i rettleiaren vert følgt opp.

Kommunane som har mange asylantar og flyktningar brukar rettleiaren. Eit par små kommunar rapporterer at dei ikkje har brukt han. Alle kommunane som har rapportert til oss, seier dei brukar tolk ved behov og at dei legg ekstra til rette for at denne delen av befolkninga får tilrettelagde helsetenester.

### **84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn**

Fylkesmannen har ikkje hatt spesielle innlegg for å implementere rettleiaren om bruk av tolketeneste.

På leiarnettverk for helse- og omsorgssektoren hadde vi sosiale skilnader som tema våren 2012. Det var innlegg om utfordringar for kommunane frå NAV og om korleis vi kan planlegge for å utjamne skilnader. I innlegga var det spesielt peikt på innvandrarbefolkninga sine utfordringar.

### **84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar**

Kvart år sidan 2009 har vi hatt samarbeid med fleire etatar om konferansar der temaet mellom anna har vore vald og overgrep i nære relasjonar.

Vi har spelt ei aktiv rolle i å få kommunane til å etablere eit interkommunalt overgrepsmottak.

Overgrepsmottaket er i oppstartfasen, og KS har gått aktivt inn og vore pådrivarar for etableringa. Ei prøveordning er etablert, der alle kommunar er med. Ny permanent ordning skal starte opp i løpet av året. Då må kommunane gjere nye vedtak. KS gjer i desse dagar nytt vedtak om tilråding til kommunane. Vi har gitt støtte til kompetanseheving for personell som skal jobbe på overgrepsmottaket.

### **84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten**

Vi har kartlagt kapasiteten i helsestasjonstenesta. Vårt inntrykk er at kapasiteten er knapp i mange kommunar, både i helsestasjon- og skulehelsetenesta. Nokre kommunar rapporterer at dei må prioritere bort mindre oppgåver innafør tenestene. Det er eit inntrykk at det er ulik samansetting av fagfolk i tenestene. Alle har lege og helsesøster, mange tenester har tilsett eller har tilgang på fysioterapeut, men svært få melder at dei har personell med spesialkompetanse på psykisk helse.

Kommunane rapporterer om at ressursituasjonen ikkje er styrkt i høve til tidlegare år.

Fylkesmannen har gitt støtte til samling for tilsette på helsestasjon. Eit viktig tema på samlinga er oppdatering og erfaringsutveksling om arbeidsmetodar og implementering av nye faglege retningslinjer. På leiarnettverk for helse- og omsorgssektoren vart det informert om nye retningslinjer for ulike tenester.

Kommunane har i 2012 fått tilbod om å delta på læringsnettverk med kvalitetsutvikling og fokus på styringssystem. Blant dei kommunane som deltok, var det fleire som hadde med helsesøster som del av ei tverrfagleg gruppe.

### **84.9 Svangerskapsomsorgen**

I følgje Kostra-tala for 2011 er 12 av dei 26 kommunane våre utan jordmor knytt til helsestasjon. Mangel på jordmødrer fører til eit dårlegare tilbod for gravide i kommunane. Samstundes med at Helse Førde har omorganisert fødetilbodet sitt, kan mangel på jordmødrer i kommunane også føre til meir utryggleik for dei fødande i fylket.

### **84.10 Kjønnsllestelse**

Fylkesmannen har sidan 2009 kvart år hatt samarbeid med fleire etatar om ein konferanse, der temaet mellom

anna har vore vald og overgrep i nære relasjonar. Kjønnsmlemlesting har vore teke opp i ein slik samanheng. Fylkesmannen har lyst ut midlar som kommunane har søkt og fått tildelt pengar frå. Midlane har vore nytta til kompetanseheving mellom anna til helsestasjonsverksemd. Det har og vore gitt støtte til kompetanseheving for personell som skal jobbe på oppbygging av interkommunalt overgrepsmottak.

## 84.11 Tannhelse

Fylkesmannen og fylkestannlegen har hatt eit formalisert samarbeid om folkehelse i fleire år. I 2012 har desse to instansane sendt ut brev til legekontor, helsestasjonar, frisklivsentralar, tannlegekontor og private tannpleiarar for å minne om ny nasjonal strategi for førebyggjande arbeid mot tobakk, og om styresmaktene si tilråding om minimal intervensjon ved alle konsultasjonar.

Tannhelsetenesta har inngått kontrakt med barnevernet og kommunane om registrering av symptom på vald og overgrep. Tannhelsetenesta har lagt fram og gjort arbeidet sitt kjent på ulike konferansar og samlingar som Fylkesmannen har arrangert. Vi har og hatt samarbeid om korleis tannhelsetenesta skal kunne samarbeide med pleie- og omsorgssektoren i kommunane for at tannhelsearbeidet skal verte betre ivareteke.

## Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten

### 85.1 Abortloven

Ingen rapportering.

### 85.2 Sterilisering

Vi har oppnemnt medlemmer og varamedlemmer til steriliseringsnemnda i fylket.

Fylkesmannen har delteke på kurs for steriliseringsnemnder.

Vi har sendt ajourførte lister over medlemmer og varamedlemmer i steriliseringsnemnda til Helsedirektoratet.

### 85.3 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMSF	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	55	5
<b>Sum</b>	<b>55</b>	

### 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Ingen slike saker i 2012.

## 85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Ingen slike saker i 2012.

## Resultatområde 86 Omsorgstjenester

I 2012 har vi halde fram arbeidet med Omsorgsplan 2015 på same måte som tidlegare år. Vi brukar etablerte møteplassar der vi møter leiarane i dei kommunale helse- og omsorgstenestene til å ta opp aktuelle tema. Nettsida vår er også viktig i formidlingsarbeidet.

Vi deltek også i nye forum som er oppretta i samband med Samhandlingsreforma. Det kan vere utfordrande å arbeide for at Omsorgsplan 2015 vert sett i samanheng med Samhandlingsreforma.

Vi har også delteke i Helsedirektoratet sitt arbeidsutval for Omsorgsplan 2015.

### 86.1 Omsorgsplan 2015

To gonger i året held vi samlingar for leiarar i helse og omsorgstenestene i fylket. Satsingsområda i Omsorgsplan 2015 er tema på desse samlingane. Hovudstrategiane og satsingane i Omsorgsplan 2015 har vore tema og blir også teke opp på ulike arenaer der Fylkesmannen møter kommunane. Vi nyttar nettsida vår til formidling av nyhende som gjeld Omsorgsplan 2015.

Vi har hatt forskning og fagutvikling som tema på leiarnettverksamlingane våre i 2012. Vi har sett av tid på begge samlingane i 2012 til Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetjenester. Senter for omsorgsforskning Vest har også bidrege. Forsking om eldre og rus, eldre og fysisk aktivitet er døme på andre forskningstema som har blitt lagt fram for leiarane i kommunane våre dette året. Samhandlingsreforma og lokale samhandlingsprosjekt har også vore tema.

På vårsamlinga i mai 2012 heldt Helsedirektoratet innlegg om Nevroplan 2015. Informasjon om planen har også vore lagt ut på nettsida vår. Rehabilitering og koordinerande eining var tema på vårsamlinga. På nettverksamlinga i haust følgde vi opp temaet rehabilitering. Mellom anna hadde vi Pia Kjellberg frå Det nasjonale analyse- og forskningsinstituttet for kommuner og regioner i København til å snakke om erfaringar med Fredericia-modellen; *Fra pleie og omsorg til rehabilitering*.

Av dei 26 kommunane våre har 25 skrive om omsorgsutfordringane i planstrategiane sine som del av kommuneplanarbeidet.

### 86.2 Demensplan 2015

På leiarnettverksamlingane vår og haust har fylkeslegen fast avsett tid, "fylkeslegen sin time". Fylkeslegen tek opp nye og aktuelle tema og problemstillingar. Resultat frå den nasjonale kartlegginga er eit tema som har blitt lagt fram. Ifølgje kartlegginga er det oppretta demensteam i 13 av kommunane i fylket. Vi har tidlegare lagt ut utgreiingsverktøy for diagnostisering av demenssjukdom på nettsidene våre. Verktøyet har også vore teke opp som tema på ulike arenaer førre året, mellom anna i samband med tilsyn i kommunane.

Med ulik tilnærming har demens og eldreomsorg vore tema på leiarnettverksamlingane våre også dette året. Døme kan vere Liv Flesland frå Stiftelsen Bergensklinikkene som heldt innlegg om eldre og rusproblematikk.

Eldre og fysisk aktivitet har vore tema også dette året. Geriatrikontakt ved Senter for eldremedisin heldt innlegg om bygging av fagnettverk innan geriatri og alderspsykiatri.

ABC-opplæringa har "teke av" i fylket vårt i 2012. Demensomsorgens ABC vert nytta av dei fleste. Av dei 26 kommunane våre har 20 gjennomført eller gjennomfører opplæringa. Over 660 deltakarar var registrerte ved årsskiftet. Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester har bidrege med ressursar og undervisning og har stor ære for at dette har vorte eit vellukka tiltak i fylket. Kommunane har fått tilskot til gjennomføringa med midlar frå Kompetanseløftet 2015.

Av dei 26 kommunane i fylket har 16 søkt på Helsedirektoratet sitt tilskot til pårørandeskule og samtalegrupper i demensomsorga i 2012. Fem av desse kommunane hadde ikkje eit tilbod frå tidlegare. Ifølgje nasjonal kartlegging er det 12 kommunar som ikkje har slikt tilbod i Sogn og Fjordane. Fem kommunar i fylket har søkt om tilskot til dagaktivitetsordninga. Tilskotsordningane har vore lagde ut på nettsida til Fylkesmannen og presenterte på nettverksamling for leiarar i helse og omsorgstenestene.

### **86.3 Kompetanseløftet 2015**

Koordineringsgruppa for Kompetanseløftet 2015 er ei gruppe som er breitt samansett av ulike aktørar som arbeider med rekruttering av og kompetanseheving for helse- og omsorgspersonell i fylket. For Fylkesmannen er dette ein møteplass der vi kan oppdatere kvarandre, og der vi kan orientere om nasjonale mål og føringar.

Vi har hatt eitt møte i denne gruppa i 2012. Tema var høgskulen si rolle i å skaffe kompetanse til eigen region, haldningar til formell utdanning blant ufaglærde, utfordringar knytt til ny skulestruktur og helsearbeiderfaget og dessutan rekruttering og kompetanseheving knytt til lokale samhandlingsprosjekt. Rekruttering av ungdom til omsorgsyrka, spesielt helsearbeiderfaget, vil truleg verte den største utfordringa også i vårt fylke framover.

Rekrutteringsutfordringar i fylket har også vore tema på nytt Forum for helse, omsorg og folkehelse dette året. Dette er ein ny møteplass som er ein del av arbeidet med Samhandlingsreforma.

Elles syner vi til særskild rapportering om arbeidet vårt med Kompetanseløftet 2015.

### **86.4 Investeringsstilskudd til sykehjem**

Det er framleis få søknader om sjukeheimsplassar og omsorgsbustader i vårt fylke. Vi har uttalt oss til Husbanken om dei søknadene vi har fått oversendt.

Vi har delteke på Husbanken sin fagdag om bustadbygging som vart arrangert for kommunane i fylket hausten 2012. I innlegget vårt tok vi mellom anna opp bustadsituasjonen og tilbodet om institusjonsplassar i fylket i eit litt lengre tidsperspektiv. Det vart mellom anna peika på avtakande dekningsgrad i fylket og risiko for mangel på tilbod dersom talet på einingar held seg på same nivå som i dag. Fylkeslegen har også teke opp tema om framtidig dekningsgrad for institusjonsplassar og omsorgsbustader på samlingar med leiarane i dei kommunale omsorgstenestene.

### **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten**

Kvalitetsystem og internkontroll er tema i ulike samanhengar. Internkontroll er alltid tema i tilsynsarbeidet vårt. I 2012 har Fylkesmannen også prøvd ut ein ny metode for å få til betre læring av tilsyn. Vi har kalla tilsyna "læringstilsyn". I tillegg til kommunen der Fylkesmannen gjennomførte tilsyn vart fleire kommunar inviterte til å delta og få informasjon om tilsynstema for så sjølve å kunne gjennomføre intern revisjon i eigen kommune.

Vi har også gjennomført prosjektarbeid der fleire kommunar deltek i læringsnettverk. Kommunane arbeider med sjølvvalde tema og brukar kjende verktøy i forbetningsarbeidet. Føremålet er å forbetre prosessar, rutinar og prosedyrar. Tema for fleire av kommunane denne gongen var koordinerande eining. Prosjektet er knytt til kommunane sitt arbeid med kvalitetsystem og internkontroll.

IPLOS- temadag vart gjennomført for alle kommunane i fylket våren 2012. Vi etterspør IPLOS- kartlegging i vår klagesakshandsaming. IPLOS vert også teke opp som tema på ulike møteplassar og i ulike samanhengar der vi møter leiarane i kommunane. Vi får også spørsmål frå og rettleier enkeltpersonar ved behov. Inntrykket er at det framleis er kommunar som har utfordringar med å få alle tilsette som har oppgåver knytt til kartlegging av

brukarar til å skjøne nytteverdien av IPLOS-arbeidet.

Fylkeslegen har lagt fram statistikk frå Kostra som syner legenormeringa i sjukeheimane i fylket på samlingar for kommuneleiinga og på nettverksamlingar for leiarar i helse og omsorgstenestene. Vi er framleis eit av fylka med lågast legenormering på sjukeheimane.

Helse og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet, KS og yrkesorganisasjonane sitt samarbeidsprosjekt om etisk kompetanseheving har blitt lagt fram for leiarane våre fleire gonger på møteplassane vi har med desse. Informasjon om prosjektet har også blitt lagt ut nettsida vår. Fem av kommunane våre deltek i prosjektet, der to kommunar har kome med i 2012.

Faglege retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring har blitt presentert på leiarnettverksamlingane våre. I 2011 hadde vi ernæring oppe som tema på desse samlingane. "Kosthåndboka" vart lagt ut på nettsida vår då den kom i vår.

## **86.6 Utviklingsentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling**

På nettverksamlingar for leiarar i helse- og omsorgstenestene har vi sett av tid til Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester. Utviklingssenteret vel tema dei meiner er aktuelle å ta opp, eller vi ber dei om å ta opp spesielle tema. Vi deltek i samarbeidsrådet for utviklingssenteret, og har på denne måten høve til å meine noko om senteret sitt arbeid. Fylkesmennene i vest har gjort avtale om at vi møter på dei regionale nettverkskonferansane i dei fylka der konferansen vert arrangert. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har difor ikkje delteke på regional konferanse dette året.

Utviklingssenteret i fylket har i aukande grad bidrege i arbeidet med kunnskap og kvalitetsutvikling i dei andre kommunane i fylket. Til dømes har utviklingssenteret ein stor del av æra for den aukande interessa for og gjennomføringa av ABC-opplæringa i fylket. Det er ei utfordring for utviklingssenteret å drive fram fagutviklingsprosjekt i eigen kommune i tillegg til dei andre kommunane i fylket. Senteret bør i større grad enn i dag løfte fram fagutviklingsoppgåver frå heimetenestene.

## **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten**

Kommunane har fått individuell rettleiing om sakshandsaming ved behov. Dersom vi i arbeidet vårt med handsaming av klagesaker ser spesielle manglar, så har vi teke dette opp med ansvarleg leiar eller sakshandsamar. Vi har ikkje dette året arrangert felles opplæring for kommunane i sakshandsaming eller forvaltningskompetanse.

## **86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn**

Førebygging og aktiv omsorg har vore tema på fleire av våre nettverksamlingar for leiarane i pleie- og omsorgstenestene, både dette året og tidlegare år. Tema som *Eit friskt liv* og *Fysisk aktive eldre heile livet* kan vere døme. Innlegg med desse overskriftene vart halde på samlinga vår i mai 2012. *Effekt av fysisk aktivitet i eit helseperspektiv* var mellom anna tema på haustkonferansen. *Seniorkoret i Førde* si opning av nettverksamlinga var eit konkret døme på aktiv omsorg og samarbeid mellom kommune og fylkeskommune. Rundskrivet om aktiv omsorg har vorte lagt fram tidlegare. Det har også vore lagt ut på nettsida vår.

Vi har eit forbettringspotensiale når det gjeld å formidle gode døme frå kommunane om "Partnerskap med familie og lokalsamfunn". Vi har hatt med døme tidlegare år, men fokusert mindre på dette i 2012.

## **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning**

Fylkesmannen har arrangert todagars opplæring i regelverket om tvang og makt for alle kommunane i Sogn og Fjordane. Det deltok 120 personar frå 19 kommunar.

Vi har to faste samarbeidsmøte med spesialisthelsetenesta årleg, der vi tek opp ulike problemstillingar og samarbeidsrutinar.



Det er godkjent sju vedtak i 2012, og i alt er det meldt inn 600 enkeltvedtak. Enkeltvedtaka blir lesne og registrerte, og dersom vi ser at det er behov for råd og rettleiing til kommunen, tek vi kontakt med den som er ansvarleg for tenesta. Fylkesmannen har jamleg telefonkontakt med tilsette og pårørande som søker rettleiing om regelverk og faglege problemstillingar. Vi har ikkje hatt klagesaker heimla i dette regelverket.

Vi har og delteke på Helsedirektoratet sine fagsamlingar på området.

Tenestene til psykisk utviklingshemma har etter vår vurdering størst del tilsette utan nødvendig utdanning. Vi har difor prioritert søknader frå kommunar som har søkt om tilskotsmidlar frå Kompetanseløftet 2015 til utdanning av tilsette som tek vernepleiarutdanning eller anna utdanning tilpassa arbeid med psykisk utviklingshemma. Sjå elles særskild rapportering på Kompetanseløftet 2015.

## **86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

Våren 2012 arrangerte vi IPLOS- temadag for kommunane i fylket. I alt 90 deltakarar frå 22 av dei 26 kommunane våre møtte. Vi har ikkje teke IPLOS opp som eiga sak i møte med kommuneleiinga. IPLOS vert teke opp i samband med sakshandsaminga vår der vi etterspør IPLOS-kartlegginga til kommunane. Vi har også gjeve råd og rettleiing til enkeltpersonar når vi har fått spørsmål knytt til IPLOS. Vi melder vidare til Helsedirektoratet dersom vi vert gjort kjende med spesielle utfordringar.

## **Resultatområde 87 Psykisk helse**

### **87.1 Tvungen undersøkelse**

Ingen slike saker i 2012.

### **87.2 Behandling uten eget samtykke**

Vi har hatt 13 saker i 2012, alle behandla innan to døgn.

### **87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet**

Ingen slike i 2012.

### **87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern**

Vi har ikkje hatt slike saker i 2012.

### **87.5 Vedtak om overføring**

Ingen slike saker i 2012.

### **87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern**

Ingen slike saker i 2012.

### **87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene**

Vi har samanstilt og kvalitetssikra kommunane si rapportering, jf. IS-24/2011 innan fristen.

Vi har i 2012 hatt lite direkte samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) og Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP Vest), men vi vidareformidlar informasjon om

kompetansehevande tiltak.

Samarbeidet med Kompetansesenter rus (KoRus) og Regionalt senter for vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS) har vore tettare, og vi har i samarbeid med desse kompetansesentra arrangert nettverkssamlingar (Rusfagleg forum). Rusfagleg forum er eit etablert tverrfagleg og tverrsektorielt nettverk i fylket innan rus- og psykisk helsearbeid. Både tilsette i kommunar og spesialisthelseteneste deltek. Brukarorganisasjonar deltek med brukarar og pårørande. Vi gjennomførte to samlingar i nettverket i løpet av 2012.

Spesialisthelsetenesta inviterer kommunar til samhandlingsmøte der vi deltek. Nordfjordregionen v/ Distriktpsikiatrisk senter (DPS) har etablert og formalisert eit nettverk mellom spesialisthelsetenesta, kommunane og Nav. Vi har ikkje klart å medverke til tilsvarande nettverksetablering i dei andre to regionane, Sogn og Sunnfjord. Etablering av nettverk i desse to regionane har vore tatt opp med DPS'ane, men dei har ikkje hatt ønskje om vår bistand på området.

Vi har vidareformidla informasjon om tilskot til tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid og psykososialt arbeid med barn og unge til kommunar og andre som har høve til å søkje om tilskot. Vi har samanstilt, prioritert og vidaresendt søknader frå fylket til Helsedirektoratet og rapportert innan fastsette fristar.

Sidan vi er organisert som helse- og sosialseksjon, er det tett samarbeid mellom psykisk helse, rusfeltet og folkehelsearbeidet i avdelinga vår.

## 87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Vi har behandla og godkjent ein søknad om dispensasjon i 2012.

## 87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Ingen slike saker i 2012.

## 87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Antall saker

Embeter	Antall
FMSF	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 88 Rusområdet

Det vart i 2012 halde eit regionalt kurs i alkohollova i samarbeid med FMHO. Frå Sogn og Fjordane var det 20 deltakarar frå 14 kommunar.

### 88.1 Alkoholloven

Antall saker

Embeter	Antall
FMSF	3
<b>Sum</b>	<b>3</b>

### 88.2 Rusmiddelarbeid

Vi har for 2012 forvalta øyremerkte midlar til kommunalt rusarbeid og etter- og vidareutdanning i rusproblematikk etter gjeldande regelverk for ordningane, og i samarbeid med Helsedirektoratet. Alle 26 kommunane i fylket fekk i 2012 midlar til kommunalt rusarbeid.

Rusfagleg forum er eit veletablert forum som har to samlingar over to dagar vår og haust. Dette er eit forum for alle som arbeider på rusfeltet i fylket. Spesialisthelsetenesta er med i planlegginga, det same er Høgskulen, Helse Førde, Rusettervernet og kommunerepresentant. Invitasjon går ut til ei brei målgruppe i kommunane, i tillegg til brukarorganisasjonar, Nav og politiet. Tema for samlinga våren 2012 var "Kjønn og rus". Dette var ei dagssamling i samarbeid med Høgskulen, og det var ca 130 deltakarar. Hausten 2012 var temaet "Rus, vald og overgrep i nære relasjonar", denne samlinga gjekk over to dagar og hadde ca 120 deltakarar.

Vi har to-tre gonger i året eit samarbeidsforum som vi kallar Ressursgruppe rus. Her deltek representantar frå Helse Førde, KoRus, Høgskulen, Rusettervernet, kommunane og Fylkesmannen. Vi har hatt to slike møte i 2012.

Det vart halde nettverksamling for prosjektkommunane innan kommunalt rusarbeid og bustadsosialt arbeid i mars i samarbeid med KoRus Bergen. Det var 35 deltakarar frå 23 kommunar.

Det har vorte arrangert prosjektgruppe om rus og somatikk i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og KoRus Bergen over tre dagssamlingar våren 2012. Det var tre deltakarar frå fylket vårt som deltok i Bergen.

Det har vorte arrangert prosessgruppe i rus og psykiske lidingar her i fylket i samarbeid med KoRus Bergen over tre dagssamlingar frå april til mai. Det har delteke 32 personar på desse tredagarssamlingane, noko som var maksimum tal deltakar vi kunne ha i gruppa.

I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og KoRus Bergen har det vorte arrangert seminarrekke for skriving av ruspolitiske handlingsplanar hausten 2012 i Bergen.

## Ressursrapportering

Kommentar utbetaling til kontrollkommisjonen:

Av dette utgjer kr 2.106.540,61 godtgjersle til kontrollkommisjonene. I dette talet ligge både honorar og refusjon av reisekostnader.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 2 865 146,33	kr 210 916,87
83 Folkehelsearbeid	kr 348 208,35	kr 0,00
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 1 451 291,57	kr 375 241,96
85 Spesialhelsetjenesten	kr 268 493,93	kr 13 736,52
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 273 875,09	kr 167 606,50
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 144 807,90	kr 2 383 642,26
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 837 614,55	kr 0,00
Andre oppgaver under HOD	kr 345 675,80	kr 0,00
Sum:	kr 6 535 113,00	kr 3 151 144,00

## Samferdselsdepartementet

### Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

#### 91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Vi har ikkje hatt saker etter veglova i 2012.

#### 91.2 Konesesjon til anlegg og drift av taubaner

I oppdraget står det: "Ingen rapportering".

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Apostillesaker vert handsama fortløpande. Publikum kan få ordna slike saker både på Statens hus på Leikanger og ved Fylkesmannen si avdeling i Førde. I 2012 vart det skriva ut 1981 apostiller, mot 445 i 2011.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Vi har ikkje hatt slike saker til handsaming i 2012. Fylkesmannen i Hordaland handsamar dei sakene som gjeld både Hordaland og Sogn og Fjordane.

## **Kulturdepartementet**

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

I 2012 vart det utbetalt 263 845 kroner i statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn, mot 330 836 kroner i 2011. Eitt trussamfunn fekk ikkje godkjent kravet om tilskot for 2012.

I 2012 mottok vi *ei* klage på fastsett statstilskot. Vi mottok ingen klager over kommunale tilskot.

I 2012 mottok vi ingen søknader om godkjenning av trus- eller livssynssamfunn. Eitt trussamfunn fekk ny prest/forstandar.

## **Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet**

### **Resultatområde 93 Oppdrag på det samiske området**

Vi har ikkje oppdrag på det samiske området.

#### **93.1 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og Sametinget**

#### **93.2 Samiske språk**

Sogn og Fjordane ligg ikkje innanfor forvaltningsområdet for samiske språk. Ingen har teke kontakt med oss på samisk.

## Resultatområde 96 Gravferdsloven

I 2012 handsama vi 17 søknader om oskespreiing, mot 15 i 2011. Vi av slo ein søknad.

Vi mottok ingen søknader om privat gravplass i 2012.

I 2012 behandla vi *ei* klage over kommunalt enkeltvedtak.

## Resultatområde 97 Lov om helligdager

I 2012 behandla vi 13 søknader om søndagsopne butikkar, mot elleve i 2011. Vi godkjende ni søknader i 2012, mot ti i 2011. På førespurnad har vi sendt ut rettleiing om regelverket i saker om status som typisk turiststad til fleire kommunar. Vi har motteke *ein* søknad om fastsetjing av forskrift om at eit område skal reknast som typisk turiststad, mot to i 2011. Søknaden er ikkje ferdighandsama.

## Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

Vi viser til rapportering på dei ulike underpunkta.

### 98.0 Helhetlig og strategisk ledelse

#### Heilskapleg og strategisk leiing

Embetet har i 2012 brukt tid i alle avdelingar på rapporten «Fylkesmannsrollen – utvikling og utfordringer» for å auke kunnskapen i embetet om rollar og ansvar.

Vi har ikkje gjennomført leiaropplæring for mellomleiarane i 2012, men planlegg oppstart av ny runde med mellomleiaropplæring i april 2013.

#### Visjon og verdier og strategisk plan

Vi har i 2012 revidert visjonen og verdiane våre. Endringane er ikkje store, det er meir presiseringar av det vi hadde tidlegare. Visjonen vår er:

Fylkesmannen – ein ressurs til beste for folk, samfunn og livsgrunnlag

Verdiane er: Ansvar, likeverd, lojalitet, openheit og samhandling.

Strategisk plan gjeld ut 2013, og vi arbeider no med revisjon. Ny versjon skal vere klar til 01.01.2014.

#### Rekruttere, vidareutvikle og behalde kompetanse

Ved rekruttering har vi utfordringar ved at nye tilsette ligg høgare i løn enn våre erfarne medarbeidara. Då må vi stadig oftare tilby høgare løn enn vi planla då vi lyste ut stillinga, og det skapar forventningar til lønsutviklinga for heile embetet. Vi har også i år mista erfarne og viktige medarbeidarar til andre offentlege verksemdar. Vi har hatt problem med å rekruttere innan ureining og IKT.

Totalt arbeider det i overkant av 120 medarbeidarar hos oss. i 2012 slutta 14 personar, og dette fører sjølvsagt til ein del kostnader og meirarbeid med utlysing og tilsetjingar, og ikkje minst opplæring. For nokre av dei som slutta var det eit medverkande motiv at den nye arbeidsgjevaren tilbydde høgare løn enn det vi kunne.

I 2012 gjennomførte vi ei satsing på kommunikasjon og rettleiing. Dette var ei oppfølging av samhandlings- og læringsprosjektet vårt der vi såg at vi burde auke kompetansen innanfor rådgjeving og rettleiing. Nesten alle tilsette har delteke på opplæringa.

#### Medarbeidarundersøkinga

Resultata av medarbeidarundersøkinga vår er gode, men framleis har vi tilsette som ikkje kjenner godt nok til dei interne rutinane våre. Det har vore gjennomført informasjonrundar i nokre av avdelingane våre. Vi har arbeidd vidare med streissmeistring og prioritering av oppgåver, mellom anna har alle tilsette som ønskte det delteke på

eit stressmeistringskurs i regi av bedriftshelsetenesta.

Læring på tvers har lenge vore viktig for embetet. Vi har lagt opp til å fordele oppgåver som krev samarbeid med andre avdelingar til personar som ikkje har hatt slike oppgåver før, for å auke heilskapskunnskapen i organisasjonen.

### Læring og erfaringsutveksling

Vi har faste nettverk for å auke læringa på tvers i embetet. Kommunegruppa som mellom anna arbeider med kommunebilete, og tilsynsgruppa som samordnar tilsyna våre, er eksempel på det. Embetsprosjektet Sjumilssteget som er eit fellesprosjekt mellom utdanningsavdelinga og sosialseksjonen, legg opp til ei satsing i kommunane på gode oppvekstvilkår for barn og unge som ein god måte å førebyggje problem og sikre barn og unge ei god helse. Embetsprosjektet Planløftet har arbeidd med intern samordning av fagområda beredskap, landbruk og miljø innanfor planområdet.

### Tillit og legitimitet

Vi har ei rekkje nettverk i dei ulike avdelingane som skal styrke samarbeidet mellom oss og samarbeidspartane våre. I 2012 har vi oppretta nokre nye nettverk innanfor folkehelse og helse og omsorg. Bloggen vår er viktig for å spreie informasjon om kjerneområda våre og statistikken viste aukande oppslutnad hausten 2012 då vi mellom anna hadde eit innlegg om kommuneøkonomi som fekk mykje merksemd. I 2012 hadde vi, i samband med 350-årsjubileumet til fylkesmennene, ein kronikkserie i avisene i fylket der vi tok opp viktige tema for fylket som rolla til fylkesmannen, landbruket på Vestlandet og helstenenester til sjuke eldre. Vi har jamlege kontaktmøter med KS og fylkeskommunen. Kommunekonferanse og rådmannssamling er og viktige.

## 98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere

- Tal tilsette og årsverk: 126 tilsette, totalt 118,6 årsverk
- Totalt sjukefråvær: 4,91 %
  - legemeldt: 3,68 %
  - eigenmeldt: 1,23 %
- Samla turnover / turnover korrigert for naturleg avgang:
  - samla turnover: 9,7 %
  - turnover korrigert for naturleg avgang: 8,1 %

Vi har ikkje eigne måltal for rekruttering av innvandrarar. Ved ledige stillingar nyttar vi standardteksten frå staten om mangfald, men vi har få søkjarar med innvandrarakgrunn. Av 18 søkjarar med utanlandsk opphav vart sju av dei rekna som kvalifiserte og kalla inn til intervju. Dårlege norskkunnskapar har gjort det vanskeleg å tilsetje søkjarar med utanlandsk opphav. Vi viser til meir informasjon om dette under punkt 98.4.

Lokal IA-avtale vart revidert i 2011. Sjukefråværet ved embetet var 4,91 % i 2012. Dette var ein frå 6,1 % i 2011. I den lokale IA-avtalen har vi sett som mål å komme under fire prosent i løpet av perioden. Dette måltalet greier vi ikkje å oppnå i løpet av 2013, men vi håpar å vere på rett veg.

Vi har avtale om bedriftshelseteneste og brukar denne aktivt, både ved førebygging og i oppfølging av sjukemelde.

Ulike kartleggingar viser at vi har utfordringar med høgt arbeidspress og muskel- og skjelettplager. Som ei oppfølging av dette, og for å førebyggje sjukefråvær, har vi hatt fleire tiltak. Mellom anna var bedriftshelsetenesta rundt til alle avdelingar med informasjon om førebygging av slike plager. I det siste IA-møtet i 2012 inviterte vi alle tilsette til temadag med tittelen "Trivsel og mestring", med tema korleis vi får ein betre arbeidskvardag. Dette var i regi av bedriftshelsetenesta og Nav arbeidslivssenter. Nav arbeidslivssenter var med på begge IA-møta i 2012.

Vi har valt å ikkje ha eigne måltal på rekruttering av medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Vi har ikkje fått søkjarar på ledige stillingar i 2012 som har opplyst om at dei har nedsett funksjonsevne, og det er difor også vanskeleg å fange dei opp i tilsetjingsprosessar. Vi har eit mål om å opne for arbeidspraksis og utprøving av arbeidsevne for to-tre personar kvart år. I 2012 nådde vi dette målet.

Vi legg til rette for livsfasepolitikk ved å ha fleksibilitet for alle tilsette, noko som og kjem seniorane våre til gode. Vi har difor valt å ikkje avtale ekstra fridagar for seniorane, eller andre tiltak som er retta spesielt mot denne gruppa. I medarbeidersamtalen blir tilsette over 60 år spurt om kva dei meiner er viktig for å halde fram i

jobben fram til pensjonsalder.

I samarbeid med kompetansenettverket for offentlege verksemdar i Indre Sogn har vi gjennomført to samlingar der tema var delmål 2 i IA-avtalen. Vi inviterte forskarar frå Nordlandsforskning og NOVA til å presentere resultat frå forskning på rekruttering av og tilrettelegging for arbeidssøkjarar med funksjonshemming. I den andre samlinga inviterte vi Nav til å informere om deira støtteordningar og korleis dei kan hjelpe i dette arbeidet.

I tillegg har vi delteke i IA-nettverket "Sogn viser veg" i regi av Nav og LO stat. Her var det to samlingar vinteren 2012. Føremålet med desse samlingane var å få ny kunnskap om arbeidet med delmål 2, og erfaringsutveksling med dei andre verksemdene i nettverket om korleis vi kan få til dette i praksis.

#### Tilsatte med innvandrerbakgrunn

#### Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2011	% 2011	2012	% 2012
FMSF	4	3,15	3	2,4
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>0</b>	<b>3</b>	<b>0</b>

## 98.2 Risikostyring

Risikostyring er etablert i samsvar med rettleiar frå DFØ. Det er utvikla eit felles verktøy for risikoanalysar, «Prosedyremal for risikovurderingar». Retningslinjer for risikostyring og felles mal for risikovurdering er vedteke i leiargruppa i juni 2012.

I 2012 er embetet sin mål- og strategiplan risikovurdert, og det same er to embetsprosjekt. Embetsprosjekta blir følgde opp vidare jf. utarbeidd prosedyre for oppfølging av prosjekt. I alle prosjekt brukar vi "Mal for planskjema", og malen er frå og med 2013 oppdatert med eige punkt for risikovurderingar.

Risikostyring var tema på VP-samling for leiarar i november, og deretter tema på felles VP-samling for alle tilsette i desember.

#### Vidareføring av risikoarbeid hos oss

Kva som skal risikovurderast i 2013:

- Mål - og strategiplan (i samband med revisjon av denne i 2013)
- Embets- og avdelingsprosjekt
- Kritiske verksemdsområde (jf endeleg tildelingsbrev)

Risikovurderingar skal ligge til grunn for utarbeiding av års- og tiltaksplanar, og vurderingane skal følgjast opp i leiarmøte minst ein gang i kvartalet. I tillegg skal det gjerast risikovurderingar ved oppstart av prosjekt og enkelttiltak av større omfang.

#### Etikk

Etikk var tema i alle avdelingar i 2012. Dei sentrale etiske retningslinjene vart diskuterte saman med eigne problemstillingar som illustrerte vanskelege etiske dilemma tilsette kan komme i. Dette held vi fram med i 2013.

## 98.3 Medvirkning

Vi arrangerte eit kurs i hovudavtalen og hovudtariffavtalen i mars, med Sverre F. Langfeldt som kurshaldar. Dette fekk vi midlar til gjennom det regionale nettverket for samarbeid og medbestemmelse på Vestlandet. Vi var 25 deltakarar til saman. I alt 17 deltakar frå Fylkesmannen deltok på kurset, i tillegg deltok det åtte tilltsvalde og leiarar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og Statens vegvesen.

I strategisk kommunikasjonsplan har vi overordna retningsliner for informasjon og kommunikasjon. Verdiane demokrati, openheit og medverknad er stikkord vi tek med oss også internt. Vi har utarbeidd lokal tilpasningsavtale til hovudavtalen.

#### Møteplassar for medverknad:

Vi har fire kvartalsvise møter med tillitsvalde. I tillegg involverer vi hovudtillitsvalde ved tilsetjingar, og når det er viktig med tidleg informasjon i prinsipielle saker eller i saker som gjeld budsjett. Tillitsvalde kjem med innspel når vi organiserer ulike arbeidsgrupper eller prosjektgrupper. Vi prøver å tidleg formidle viktig informasjon til tillitsvalde for å sikre reell medverknad. I den årlege evalueringa av møta, har vi fått gode tilbakemeldingar frå tillitsvalde på det interne samarbeidet.

## 98.4 Likestilling og likeverd

Handlingsplan for likestilling og arbeid mot diskriminering hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vart vedteken i leiarmøte 28.11.2011.

Her vart det bestemt at vi skulle jobbe mot desse måla:

**MÅL 1:** Alle tilsette skal ha god kunnskap om Fylkesmannen sitt arbeid for likestilling og hindring av diskriminering internt i embetet.

**MÅL 2:** Vi skal leggje betre til rette for at seniorpolitikken vår kan gjennomførast i praksis.

**MÅL 3:** Vi skal vere meir bevisste på mangfald ved tilsetjingar.

Vi gjekk gjennom det vi har arbeidd med i eit leiarmøte.

### Oppfølging mål 1:

Vi hadde ei fellessamling i november med representantar frå Senteret for kunnskap og likestilling. Her var alle tilsette invitert til lunsjmøte. Det var fokus på både formelle lover og på likestillingsarbeid i praksis. Etterpå hadde vi temadag med leiarar og tillitsvalde der vi gjekk djupare inn i temaet og snakka mykje om oppdraga våre på likestilling og arbeid mot diskriminering (internt og eksternt), og korleis vi jobbar i embetet for å oppnå desse måla. Det var gode diskusjonar om temaet.

### Oppfølging mål 2:

Dette punktet er først og fremst eit leiaransvar, då det berre er leiar som kan tilpasse arbeidsoppgåver og legge til rette for kompetansetiltak i samarbeid med sine medarbeidarar, både seniorar og andre. Ny mal for medarbeidarsamtale vart innført i 2011. Her er det lagt inn spørsmål spesielt retta mot seniorar:

*Om du er over 60 år – kva tenkjer du er viktig for å halde fram i jobben til pensjonsalder?*

I tillegg til å spørje om dette i medarbeidarsamtalar, er det vel så viktig at dette temaet blir følgt opp elles i året, då det er mykje som kan endre seg frå etter at samtalanane vart gjennomførte.

### Oppfølging mål 3:

Per 1.9.11 var kjønnsfordelinga av tilsette i embetet 56 % kvinner og 44 % menn, medan vi var 58,5 % kvinner og 41,5 % menn 31.12.2012.

Det betyr at vi er fleire kvinner enn menn no enn då handlingsplanen vart vedteken. Samtidig har vi hatt fleire kvinnelege søkjarar enn menn i 2012. Dette kan ha ein samanheng med kva for type stillingar som har blitt lyst ut, eller ha andre ukjente grunnar. Vi kallar likevel inn ganske likt tal menn og kvinner på intervju, men når det kjem til dei som blir tilsett, har vi ei overvekt av kvinner.

Vi har heller ikkje auka tal på tilsette med utanlandsk opphav i 2012. Av 18 søkjarar med utanlandsk opphav vart 7 av dei rekna som kvalifiserte og kalla inn til intervju. Grunngevinga for å ikkje å tilsette desse, har dreidd seg om for dårlege norskkunnskapar.

Når det gjeld punktet om arbeid for universell utforming og tilgjengelegheitslova i verksemda, viser vi til rapporteringa under resultatområde 46.

## Kunngjering og tilsetting i leiarstillingar i 2011 og 2012

Dei to siste åra har vi lyst ut seks leiarstillingar. Dette er stillingar på avdelingsleiarnivå, seksjonsleiarar og assisterande avdelingsleiarar. Det vart tilsett 50 % kvinner og 50 % menn i desse stillingane.

Vi viser til tabellen for samla kjønnsfordeling for leiarstillingar i embetet per 31.12.12.



		Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Totalt i virksomheten	2012	40,8	59,2	125	100	91
	2011	44	56	125	100	0
Embetsledelse/direktør	2012	57,1	42,9	7	100	93
	2011	57,1	42,9	7	100	98
Seksjonssjef/ass. direktør	2012	57,1	42,9	7	100	121
	2011	60	40	7	100	95
Saksbehandler I	2012	70,6	29,4	17	100	91
	2011	64,3	34,7	14	100	98
Saksbehandler II	2012	34,8	65,2	69	100	98
	2011	45,5	54,5	66	100	101
Kontorstillinger	2012	30	70	20	100	100
	2011	23,8	76,2	21	100	108
Fagarbeiderstillinger	2012	0	100	4	100	100
	2011	0	100	5	100	100
Unge arb.takere inkl lærlinger	2012	100	0	1	100	100
	2011	50	50	2	100	100

### Deltid

		Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2012	7,8	27	9,8	2,7	24,5	75,5	0,47	3,21
	2011	3,2	16	10,91	7,14	16,51	83,49	1,67	3,34

### Ansatte

	2012	Ledere med personalansvar			Medarbeidere			Lønn	
		M%	K%	Totalt	M%	K%	Totalt	M%	K/M i %
FMSF	55	45	11	39	61	114	100	91	

## 98.5 Føringer på IKT-området

Talet på lisensar og arbeidet vårt med informasjonstryggleik er meldt inn til FAD tidlegare.

### Elektronisk dokumentutveksling

Vi har i 2012 arbeidd for auka bruk av elektronisk dokumentutveksling (edu) i det offentlege, mellom anna ved dialog med fleire sentrale styresmakter. Vi meiner det er uheldig at Direktoratet for forvaltning og IKT har teke ut edu frå prioritert liste for nasjonale standardar. Vi håpar at Fornyings- og administrasjonsdepartementet går føre og tek i bruk edu.

### GIS

I sakshandsaming vert [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) nytta som kartløyising. Løysinga er eit samarbeid mellom oss og Sogn og Fjordane fylkeskommune der dei to organisasjonane har eit felles ansvar for drift og utvikling av løysinga. Mange kommunar i Sogn og Fjordane nyttar og same løysing.

Vi har fram til hausten 2012 vore representert i FAD sitt fagutval for kart/GIS, men har bedt om avløyising og er ikkje lenger ein del av utvalet.

På oppdrag frå DN driftar, forvaltar og vidareutviklar vi Lakseregisteret i tillegg til Sjøfangstregisteret. Begge løysingane brukar kart/GIS.

## 98.7 Trippelnett

Trippelnett sender eigen rapport til FAD per 1. mars og 1. september. Vi viser til desse rapportane. Vi har tatt opp ulike rapporteringsfristar med FAD og sendt over innspel til endringar.

Internett delen av Trippelnett vart gjennom Portalprosjektet lansert på ny plattform 4. desember 2012. Lanseringa var slutten av fase 1. Fase 2 er starta med forventa levering februar 2014. Fase 2 vil ta for seg intranett og ekstrasnett i dagens Trippelnett og løfte desse til same plattform som internettsidene.

## 98.8 Sentral drift av Fri rettshjelp-ordningen

Fritt Rettsråd sender eigen rapport til FAD per 30.9. Vi viser til rapport levert november 2012 for drift og forvaltning av løysinga og til rapport til FAD på same tidspunkt om oppgradering av løysinga finansiert av Justis- og beredskapsdepartementet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for drift, forvaltning og vidareutvikling av løysinga og har i 2012 ved fleire høve arrangert kurs og opplæring for andre embete.

## Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for drift, forvaltning og vidareutvikling av den elektroniske løysinga [www.partistotte.fylkesmannen.no](http://www.partistotte.fylkesmannen.no) på oppdrag frå FAD.

Vi har og ansvar for utbetaling av partistøtte til alle fylkes- og kommuneparti og til ungdomsparti i fylka. Rådata frå løysinga er publisert på [data.norge.no](http://data.norge.no).

Lov om partistøtte er under endring og i 2012 har vi arbeidd med ny funksjonalitet og sikkerheit i løysinga som er planlagt implementert i 2013. Både andre fylkesmenn og alle lokallag er brukarar av løysinga.

## Andre

### Ressursrapportering

Vi har i 2012 ført all ressursbruk på resultatområde og tala i årsrapporten er i samsvar med ressursbruken vår. Vi kan ikkje sjå at det avvik i ressursbruken vår frå 2011 til 2012.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 7 569 201,26	kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlig virk.	kr -52 454,22	kr 0,00
95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 28 641 029,30	kr 0,00
Sum:	kr 36 157 776,00	kr 0,00